

**MASTEROPPGÅVE**  
**Ernæring, helse- og miljøfag**  
**2009**

**Gratis frukt og grønnsaker i skulen**  
**Eit tilbod som fremjar helse og sosial samhandling?**

**Av Gry Tokvam**



**Høgskolen i Akershus**  
**Avdeling for yrkesfaglærerutdanning,**  
**Lillestrøm**

## Summary

This study deals with the current arrangement of free fruit and vegetables in The Norwegian *ungdomskule* (High School, 12-15 years old) and puts forward the following two questions:

1. How do schools organise and present the arrangement of free fruit and vegetables to pupils?
2. How do pupils react to the arrangement of free fruit and vegetables?

The overall aim of this study is to look at schools as an institution promoting social and health-related values and to see to what extent the free fruit and vegetables arrangement influences this. By examining the pupils' experiences of the arrangement and thereby gaining new knowledge on the matter, the ultimate goal is to extend the arrangement to *grunnskulen* (Primary School, 6-12 years old).

Qualitative methods have been applied and data has been collected from two different schools, each with their own method for organising the free fruit and vegetables arrangement. Observation is used to see how the arrangement of free fruit and vegetables is organised and presented to the pupils. The observation guide was used as a basis for the categories in analyzing the observation data. In order to find out the views of pupils, individual in-depth interviews were carried out. The themes in the interviewguide gave direction to the categories that were brought forward in the analysis.

The empirical findings are discussed in the light of the empirical and theoretical knowledge that formed the theoretical framework of this study.

The finds indicate that the two models have both their strong and weak sides. In the school offering sliced fruit we see challenges in relation to hygiene. It seems that a lack of hygiene has a direct influence on the quantity of fruit eaten, especially amongst girls. This model promotes more interaction between teachers and pupils than if the fruit was not sliced at all. Good quality and easy access are important factors that add to the pupils' enjoyment of the free fruit. In a health-promoting perspective the free fruit plays an important role in the pupils' diet. The daily consumption of fruit adds to a healthier diet, a connection girls are more concerned with. The pupils' statements show different opinions whether the free fruit arrangement tend to influence the social interaction. The observation data and the interpretation of pupils' statements show that the arrangement could benefit the social interaction. It shows that more boys have that opinion than girls. Further, the pupils emphasize that gaining free fruit is very positive since it provides fruits to *all* students. The government's goal of using this arrangement as a tool to erase social differences seems to be strengthened.

## Samandrag

Denne oppgåva omhandlar ordninga med gratis frukt og grønsaker i ungdomsskulen. Oppgåva har fylgjande problemstillingar:

1. Korleis vert gratis frukt og grønsaker organisert og presentert for elevane i skulen?
2. Korleis opplever elevane ordninga med gratis frukt og grønsaker?

Målsetjinga for studien er å vurdere skulen som ein sosial og helsefremjande arena og i kva grad frukt- og grøntordninga har innverknad på dette. Ved å få meir kunnskap om elevane sine erfaringar og opplevingar kring ordninga, er det overordna målet at denne nye kunnskapen kan vera av verdi i arbeidet med å utvide tilbodet for heile grunnskulen.

Innhenting av data vart føreteke på to skular med ulike modellar for organisering av frukt- og grøntordninga. Det er nytta ulike kvalitative metodar i studien. Det er nytta observasjon for å sjå korleis tilbodet er organisert og presentert for elevane.

Observasjonsguiden vart utgangspunkt for kategoriane i analysen av observasjonsdata. For å få fram elevane sine synspunkt kring tilbodet er det gjennomført djubdeintervju med elevar i 10.klasse og tema i intervjuguiden vart retningsgjevande for kategoriane i analysen. Det empiriske materialet er drøfta i lys av teori og annan empiri som utgjer teorigrunlaget i oppgåva.

Funna viser at dei to modellane har sine sterke og svake sider. Modellen med oppdelt frukt til elevane viser store utfordringar i høve til hygiene. Det kan tyde på at mangelfull hygiene påverkar inntaket, spesielt blant jentene. Denne modellen involverer elevar og lærarar i større grad enn når frukta vert servert heil. Krav til kvalitet og lett tilgang på frukta hadde mykje å sei for at elevane skulle nytte tilbodet. I eit helsefremjande perspektiv hadde begge modellane ein viktig rolle i høve til elevane sitt kosthald. Det daglege inntaket av frukt kan medverke til eit sunnare kosthald, noko jentene legg meir vekt på enn gutane. Funn frå observasjon og tolking av elevutsegner tyder på at tilbodet kan ha potensiale til å styrke det sosiale læringsmiljøet på skulen, i større grad blant gutane enn hjå jentene. Elevane framhevar det positive ved at *alle* får frukt. Det styrkar verdien av staten si målsetjing om at dette er eit tilbod som medverkar til sosial utjamning.

## **Føreord**

Det har vore ein lang veg fram til målet, og mange fortener ei stor takk for at denne vegen no har kome til endes.

Mange takk til skulane som var imøtekomande og gjorde det mogeleg å gjennomføre denne studien. Ei særskild takk til alle elevane som sa seg villige til å dele erfaringar og opplevingar med meg.

Rettleiarane mine, Kari S. Møllen og Anne Smehaugen , har vore uvurderlege støttespelarar. Takk for konstruktive tilbakemeldingar og støtte. De har gjeve meg trua på at dette skulle gå.

Til slutt vil eg takke familie og vener for støtte og oppmuntring undervegs i arbeidet.

Sogndal januar 2009

Gry Tokvam

# Innhald

|   |           |
|---|-----------|
| SUMMARY .....   | II        |
| SAMANDRAG .....   | III       |
| FØREORD.....  | IV        |
| INNHALD .....   | V         |
| VEDLEGG .....   | VII       |
| TABELLAR.....   | VII       |
| <b>1. INNLEIING .....</b>                                     | <b>1</b>  |
| 1.1 BAKGRUNN FOR PROBLEMSTILLING .....                        | 3         |
| 1.2 PROBLEMSTILLING.....                                      | 4         |
| 1.3 EIGA INTERESSE.....                                       | 5         |
| 1.4 OPPBYGGING AV OPPGÅVA .....                               | 6         |
| <b>2. SKULEN SOM HELSEFREMJANDE ARENA .....</b>               | <b>7</b>  |
| 2.1 HELSEFREMJANDE ARBEID.....                                | 7         |
| 2.2 SKULEN SOM ARENA I DET HELSEFREMJANDE ARBEIDET .....      | 9         |
| 2.3 SKULEN SOM SOSIAL LÆRINGSARENA .....                      | 12        |
| <b>3. FRUKT OG GRØNSAKER I SKULEN .....</b>                   | <b>16</b> |
| 3.1 FRUKT OG GRØNSAKSFORBRUK BLANT UNGE .....                 | 16        |
| 3.2 KVA PÅVERKAR DEI UNGE TIL Å ETE FRUKT OG GRØNSAKER? ..... | 18        |
| 3.3 MEIR FRUKT OG GRØNSAKER I SKULEN .....                    | 19        |
| 3.4 NØRSKE TILTAK.....  | 22        |
| 3.4.1 Fysisk aktivitet og måltid i skulen .....               | 22        |
| 3.4.2 Skulefrukt.....   | 24        |
| 3.4.3 Frukt og grønsaker i Sogn og Fjordane.....              | 26        |
| <b>4. METODE .....</b>  | <b>28</b> |
| 4.1 VAL AV KVALITATIVE METODAR FOR STUDIEN .....              | 28        |
| 4.2 VITSKAPSTEORETISK FORANKRING.....                         | 29        |
| 4.3 FØRFORSTÅING .....  | 31        |
| 4.4 UTVAL .....   | 32        |
| 4.4.1 Val av skular for observasjon.....                      | 32        |
| 4.4.2 Val av elevar for intervju .....                        | 34        |
| 4.5 OBSERVASJON .....   | 35        |
| 4.5.1 Observasjonsskjema.....                                 | 36        |
| 4.6 INTERVJU .....  | 36        |
| 4.6.1 Intervjuguide.....                                      | 37        |
| 4.6.2 Gjennomføring av intervju .....                         | 37        |
| 4.7 ANALYSE .....   | 38        |
| 4.7.1 Analyse av observasjon.....                             | 39        |
| 4.7.2 Analyse av intervju .....                               | 39        |
| 4.8 ETISKE RETNINGSLINJER .....                               | 40        |
| 4.8.1 Reliabilitet.....                                       | 41        |
| 4.8.2 Validitet .....   | 43        |
| <b>5. FUNN OG ANALYSE ETTER OBSERVASJON.....</b>              | <b>44</b> |
| 5.1 FUNN OG ANALYSE ETTER OBSERVASJON, SKULE 1. ....          | 44        |
| 5.2 FUNN OG ANALYSE ETTER OBSERVASJON, SKULE 2 .....          | 49        |
| 5.3 SAMANLIKNING AV MODELLANE VED SKULANE .....               | 53        |
| <b>6. FUNN OG ANALYSE FRÅ INTERVJUA .....</b>                 | <b>57</b> |
| 6.1 KVALITETEN PÅ TILBODET.....                               | 58        |
| 6.1.1 Organisering av frukta i klassen.....                   | 58        |

|           |  |            |
|-----------|--|------------|
| 6.1.2     | Hygiene.....   | 59         |
| 6.1.3     | Lærarmedverknad .....                                  | 62         |
| 6.1.4     | Utval og kvalitet.....                                 | 64         |
| 6.1.5     | Kvaliteten på tilbudet, oppsummering .....             | 66         |
| 6.2       | INNVERKNAD PÅ DET SOSIALE LÆRINGSMILJØET .....         | 68         |
| 6.2.1     | Måltid eller fruktpause .....                          | 68         |
| 6.2.2     | Sosial samhandling .....                               | 69         |
| 6.2.3     | Personleg innverknad.....                              | 72         |
| 6.2.4     | Innverknad på det sosiale miljøet, oppsummering .....  | 73         |
| 6.3       | MÅLSETJINGA MED TILBODET .....                         | 74         |
| 6.3.1     | Likt tilbud til alle .....                             | 74         |
| 6.3.2     | Verkemiddel for betre læring .....                     | 77         |
| 6.3.3     | Sunnare kosthald .....                                 | 78         |
| 6.3.4     | Målsetjinga med tilbudet, oppsummering .....           | 81         |
| <b>7.</b> | <b>DRØFTING .....</b>                                  | <b>83</b>  |
| 7.1       | KVALITETEN PÅ TILBODET .....                           | 83         |
| 7.2       | INNVERKNAD PÅ DET SOSIALE MILJØET .....                | 88         |
| 7.3       | MÅLSETJINGA MED TILBODET .....                         | 92         |
| <b>8.</b> | <b>SLUTTDISKUSJON OG KONKLUSJON .....</b>              | <b>97</b>  |
| 8.1       | SAMANLIKNING AV FUNN FRÅ OBSERVASJON OG INTERVJU ..... | 97         |
| 8.2       | SKILNADER MELLOM KJØNNA .....                          | 99         |
| 8.3       | METODEKRITIKK .....                                    | 100        |
| 8.4       | KONKLUSJON .....                                       | 102        |
| 8.5       | VIDARE FORSKING .....                                  | 103        |
|           | <b>REFERANSELISTE .....</b>                            | <b>104</b> |

## **Vedlegg**

**Vedlegg 1:** Abonnementsordningen skolefrukt

**Vedlegg 2:** Frukutdeling på ungdomsskulane i Sogn og Fjordane

**Vedlegg 3:** Informasjonsskriv og førespurnad til skulane

**Vedlegg 4:** Informasjonsskriv og førespurnad til elevar og føresette

**Vedlegg 5:** Observasjonsskjema

**Vedlegg 6:** Intervjuguide

**Vedlegg 7:** Kategoriar frå intervju, eit døme

**Vedlegg 8:** Godkjenning frå Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste AS

## **Tabellar**

**Tabell 1** Organisering av skuledagen, skule 1

**Tabell 2** Organisering av skuledagen, skule 2

**Tabell 3** Utval av elevar for observasjon

**Tabell 4** Elevar med informert samtykkje

**Tabell 5** Funn etter observasjon

**Tabell 6** Skilnader mellom skulane med mulege fordeler og ulemper

**Tabell 7** Kategoriar frå intervjuundersøking

## 1. INNLEIING

Dei globale utfordringane i forhold til kosthald og helse er mange. Blant ti av dei leiande risikofaktorane til sjukdom og død har sju av desse tilknytning til ernæring og kosthald (Verdens helseorganisasjon [WHO], 2002). Desse risikofaktorane er: underernæring, høgt blodtrykk, høgt kolesterol, fedme, hygiene/ ureina drikkevatn, jernmangel og alkohol. Den største byrden er framleis underernæring og mangel på viktige næringsstoff i utviklingslanda. I tillegg kjem epidemiar på grunn av ureina drikkevatn og dårleg hygiene. Ikkje smittsame sjukdomar som fedme, diabetes type 2, høgt blodtrykk, hjarte- og karsjukdommar og kreft har ein kraftig vekst i fattige land og blant dei fattige i rikare land (WHO, 2003).

Auka inntak av feitt og sukker og ein nedgang i forbruket av grove kornprodukt, frukt og grønsaker har vore gjennomgåande for land i alle verdsdelar. WHO (2003) viser til at det er ein klar samanheng mellom inntaket av desse matvarene og dei ulike ikkje smittsame sjukdomane.

I Noreg er hjarte- og karsjukdomar og kreft dei viktigaste årsakene til død. Fedme og diabetes type II er også eit aukande problem i Noreg, både blant barn, ungdom og vaksne. Nyare forskning har vist at frukt og grønsaker kan førebyggje kreft og hjarte- og karsjukdomar. Inntaket av frukt og grønsaker er lågare i Noreg enn i dei fleste europeiske landa me samanliknar oss med og det er lågast i ungdomsgruppa (Torsheim, Samdal, Wold & Hetland, 2004).

Eit viktig mål i norsk ernæringspolitikk er å auke inntaket av frukt og grønsaker i alle aldersgrupper, men spesielt for barn og ungdom. Barn og ungdom er ei viktig målgruppe i helsefremjande ernæringsarbeid. Etablering av gode helsevanar i ung alder er viktig for å fremje helsa og førebyggje ikkje smittsame sjukdomar. Skulen er ein sentral arena for tiltak som kan betre kosthaldet for barn og unge sidan den når alle born. Eit mogeleg auka inntak i skulen vil kunne medverke til å nå nasjonale målsetjingar for kosthaldet (Nasjonalt råd for ernæring, 2005). St.meld.nr.30 (2003-2004) peikar på at mat og drikke er føresetnader for god læring og medverkar til eit godt



læringsmiljø. Erfaringar frå norske skular tyder på at betre skuleprestasjonar kan tilskrivast betre organisering av og innhaldet i skulemåltidet (St.meld.nr.16, 2002-2003). Kosthaldstiltak i skulen kan og medverke til å utjamne sosiale ulikskapar i helse. Det vert her framheva at det er viktig å bruka lovverket for å fremje barn og unge si helse:

*Ein viktig strategi i folkehelsearbeidet er å skape gode føresetnader for å kunne ta ansvar for eiga helse. For å fremje eit sunnare kosthald vert det varsla om ein gjennomgang av relevant lovverk, ei rekkje tiltak for å påverke born og unge sine kostvanar og for å stimulere forbruket av frukt og grønt (St.meld.nr. 16, 2002-2003).*

Det er i lovverket presisert korleis skulen sitt sosiale og fysiske miljø skal sikrast:

*Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring (Opplæringslova § 9a-1).*

I læreplan for grunnskulen (L97), generell del, vert det sagt at:

*Opplæringa si målsetjing er å ruste barn, unge og vaksne til å møte livets oppgåver og meistre utfordringar saman med andre. Den skal gi kvar elev kyndigheit til å ta hand om seg sjølv og sitt liv, og samtidig overskot og vilje til å stå andre bi (L97, s.15).*

Både nasjonalt og internasjonalt har det vorte retta sterkt fokus mot det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i høve til ulike livsstilfaktorar, mellom anna kosthald og ernæring.

Eit sentralt tiltak i høve til å førebyggje sjukdom har vore å få til eit samarbeid og danne partnarsskap på alle nivå (WHO, 2002). Enkeltindividet skulle få kunnskap om, og bli støtta i å ta ansvar for eiga helse. Kunnskap til den enkelte for å kunne gjere dei rette vala har og vore ein viktig strategi i påfølgjande dokument frå WHO (WHO, 2003; WHO, 2004). Dei nordiske landa har utarbeida ein felles handlingsplan for betre helse gjennom mat og fysisk aktivitet. Den har fokus på overvekt som eit veksande problem. Den legg vekt på at mange sektorar må samarbeide om eit felles mål der inntak av frukt, grønnsaker og fullkornsprodukt skal aukast, samtidig som inntaket av sukker, feitt og salt må reduserast (Nordisk ministerråd, 2006).

Denne studien omhandlar tilbodet med frukt og grønsaker i skulen som eit ledd i arbeidet med å fremje helse. Det kan gje barn og unge eit betre kosthald og medverke til eit betre læringsmiljø for elevar i ungdomsskulen. Gratis frukt og grønsaker kan vera ein viktig faktor i arbeidet med å redusere ulikskap i helse.

## 1.1 Bakgrunn for problemstilling

Kunnskapsdepartementet sette i 2005 ned ei arbeidsgruppe som skulle greie ut om ulike modellar i høve til eit gratis skulemåltid i grunnskulen (Kunnskapsdepartementet, 2006 a). Arbeidsgruppa vurderte nytte- og kostnadsverknader i høve til fem ulike modellar for mat i skulen. Dei mest sentrale nytteverknadane var helsegevinst, både på kort og lang sikt, samt verknader på læringsmiljø og læringsutbyte. Alle modellane inneheldt frukt/grønsaker og mjølk. Dei ulike modellane omhandla varm mat levert på skulen, varm mat tillaga på skulen, ferdigsmurte brødsquirer bringa til skulen og brødmåltid som elevane laga sjølve. Den enklaste modellen var frukt/grønsaker og mjølk i tillegg til medbringa matpakke. Arbeidsgruppa konkluderte med at gratis frukt/grønsaker og gratis mjølk kunne innførast i grunnskulen alt skuleåret 2007/2008. Bakgrunn for å tilrå denne modellen var at her var det allereie eksisterande ordningar for skulemjølk og frukt ved ein del skular. Modellen kravde lite fysisk tilrettelegging og den ville gje størst helsegevinst i høve til kostnad (Kunnskapsdepartementet, 2006a). I rapporten vart det konkludert med at:

*For å sikre gjennomføring, kvalitet og videreutvikling av skulemåltidsordningen er det viktig at det gjennomføres pilotprosjekter og gjeres evalueringar underveis. I tillegg må det etableres en klar ansvarsfordeling, tydelige retningslinjer og et system for kvalitetskontroll.* (Kunnskapsdepartementet, 2006 a, s.8).

Arbeidet i denne masteroppgåva kan sjåast på som ein pilotstudie i tråd med det styresmaktene ynskjer skal gjennomførast.

I St.meld.nr.16 (2006-2007) understreka regjeringa at det skulle skapast gode rammer omkring skulemåltida, og at ordningar med frukt og grønsaker skulle innførast for alle elevar i grunnskulen. I mai 2007 vart det løyvd midlar til gratis frukt og grønsaker til

alle skular med ungdomstrinn (Finansdepartementet, 2007). Grunngevinga for å prioritere ungdomsskulen var at det er elevar på ungdomstrinnet som har det dårlegaste kosthaldet. Ordninga starta ved skulestart hausten 2007. Skuleeigarane fekk ansvar for å utforme ordninga slik at den vart tilpassa lokale tilhøve (Kunnskapsdepartementet, 2007).

Frå 1. august 2008 vart det lovpålagt å tilby gratis frukt og grønsaker:

*Plikt for skoleeigaren til å ha ei ordning med gratis frukt og grønsaker.*

*Skoleeigaren skal gi elevane gratis frukt og grønsaker. Departementet kan gi nærare forskrifter om ansvaret for ordninga og omfanget av plikta (Opplæringslova § 13-5, 2008).*

Frå 15. august 2008 vart ny forskrift til opplæringslova gjort gjeldande:

*”Kommunen skal kvar skoledag gi alle elevar ved ungdomsskolar og kombinerte skolar gratis frukt og grønsaker.” (Forskrift til opplæringslova §18-2, 2008)*

I samband med kunngjering av dette vedtaket uttalte dåverande kunnskapsminister Øystein Djupedal :

*”Dette vil være et viktig bidrag for å gi elever et bedre kosthold og gjennom det også mer læringsutbytte” (Kunnskapsdepartementet 2007).*

## **1.2 Problemstilling**

Når tilbodet om gratis frukt og grønsaker for ungdomsskuleelevane er innført, er det svært viktig å finne gode løysingar slik at kvar einskild elev kan få eit auka inntak. Meir kunnskap om elevane sine erfaringar og opplevingar, sett i eit perspektiv av helsefremjing og sosial læring vil kunne medverke til at gratis frukt og grønsaker får ei sterkare forankring i norsk skule. Fylgjande problemstillingar er valt for studien:

Problemstilling 1:

**Korleis vert gratis frukt og grønsaker organisert og presentert for elevane i skulen?**

Problemstilling 2:

**Korleis opplever elevane ordninga med gratis frukt og grønsaker?**

Forskingsspørsmål til problemstilling 2:

- 1) Korleis opplever elevane kvaliteten på tilbodet?
- 2) Korleis opplever eleven at ordninga verkar inn på det sosiale miljøet?
- 3) Kva oppfatningar har elevane om målsetjinga med tilbodet?

### *Avgrensing*

Den første problemstillinga er avgrensa til å sjå på den praktiske organiseringa og korleis tilbodet vert presentert for elevane. I den andre problemstillinga vil hovudfokus liggje på elevane sine *opplevingar* kring- og *erfaringar* med tilbodet slik dei omtalar kvaliteten på tilbodet, den sosiale samhandlinga kring frukt og grønnsaker og målsetjinga med tilbodet.

Kvaliteten på tilbodet er relatert til gjennomføring av ordninga samt kvaliteten på frukt og grønnsaker. Sosialt miljø er i denne studien avgrensa til elevane si oppleving av samhandling i denne situasjonen. Studien er avgrensa til eitt fylke; Sogn og Fjordane.

### **1.3 Eiga interesse**

Som lærar i vidaregåande skule og fagutdanna innan ernæring, helse og miljøfag, er dette temaet av stor personleg interesse. Gjennom mange år har eg opplevd positive og negative sider i høve til ungdomane sine val av mat i skulekvardagen. Eigne erfaringar frå undervisninga har og vist at det er ingen rask veg fram til målet ”5 om dagen”<sup>1</sup> samt å velje andre sunne matvarer, men at arbeid over tid gjev resultat. Erfaringar har og vist at det sosiale miljøet har stor innverknad på val av matvarer. Frå andre innsatsområde i Sogn og Fjordane som mellom anna ”Grønare kantiner” har erfaringar vist at god tilgang til råvarer og pris har mykje å sei for at barn og unge skal velje meir frukt og grønnsaker.

---

<sup>1</sup> ”5 om dagen” er norske anbefalingar for inntak av frukt og grønnsaker. Det inneber eit dagleg inntak på tre porsjonar grønnsaker og to porsjonar frukt, der kvar porsjon utgjer 150 gram.

## **1.4 Oppbygging av oppgåva**

I kapittel 1 er studien presentert. Kapittel 2 og 3 omhandlar det teoretiske grunnlaget for oppgåva. Kapittel 2 omhandlar skulen som helsefremjande arena og skulen si rolle i høve til sosial kompetanse og det sosiale miljøet i skulen. Frukt og grønsaker i skulen er tema for kapittel 3, der studiar og intervensjonar med ulike modellar vert presentert. ”Skolefrukt”, ei foreldrebetalt abonnementsordning vert omtala og vurdert opp mot den nye gratisordninga. Kapittel 4, metodekapittelet, gjer greie for planlegging og gjennomføring av den empiriske delen av studiet. Kapittel 5 og 6 presenterer funn og analyse frå høvesvis observasjon og intervju. I kapittel 7 vert funna frå intervju drøfta opp mot teori og annan forskning. Avslutningsvis vil kapittel 8 omhandle ein sluttdiskusjon til dei sentrale funna innan observasjon og intervju, samt kritiske refleksjonar til eiga forskning og forslag til vidare forskning.

## 2. SKULEN SOM HELSEFREMJANDE ARENA

Førebyggjande helsearbeid handlar om å førebyggje sjukdom og fremje helse. Det sjukdomsførebyggjande helsearbeidet har utvikla seg gjennom dei siste hundre åra, medan den helsefremjande tilnærminga vart introdusert på 1970-talet.

Sjukdomsførebyggjande helsearbeid har som hovudmål å hindre sjukdom og død og fokuset er retta mot kva som skal hindrast og i mindre grad kva som skal fremjast.

Mykje av arbeidet er konsentrert om å fjerne eller redusere risikofaktorar. Strategien i det helsefremjande arbeidet byggjer på aktiv deltaking frå den enkelte, i motsetning til den meir ekspertstyrte sjukdomsførebygginga (Mæland, 2005).

Barn og ungdom er ei viktig målgruppe i det helsefremjande arbeidet då det føregår ei etablering av helsevanar i desse åra (Torsheim et al., 2004). Alle norske barn har rett til tretten års skulegang i eit miljø som fremjar helse, trivsel og læring (Opplæringslova, §2-1, 1998). Eit godt sosialt miljø på skulen vil styrke den enkelte si sjølvkjensle og dermed medverke til ei helsefremjande utvikling. Skulen vert difor ein viktig arena for det helsefremjande arbeidet og i arbeidet for å utjamne ulikskap i helse. Gratis frukt og grønnsaker i skulen er eit tiltak som kan førebyggje sjukdom seinare i livet. Bakgrunn for tiltaket er mellom anna at det skal gje fleire gode leveår og betre livskvalitet for den enkelte (Departementene 2007<sup>2</sup>). Det kan gje barn og unge eit betre kosthald som er eit viktig bidrag i å fremje helsa. I denne studien er det valt å sjå på gratis frukt og grønnsaker som eit helsefremjande tiltak, meir enn som eit sjukdomsførebyggjande tiltak.

### 2.1 Helsefremjande arbeid

Helsefremjande arbeid er definert som *”den prosess som gjer folk i stand til å betre og ta vare på si eiga helse”*. God helse er eit positivt omgrep som legg vekt på sosiale, personlege og fysiske ressursar (Helsedirektoratet 1987).

---

<sup>2</sup> Departementene: Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet, Finansdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Kultur- og kirkedepartementet, Kunnskapsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Utenriksdepartementet

”Ottawa-charteret” vart utarbeida og godkjent på den første internasjonale konferansen om helsefremjande arbeid og inneheld fem ulike innsatsområde for det helsefremjande arbeidet:

- *Å byggje opp ein sunn helsepolitikk.*
- *Å skape eit støttande miljø.*
- *Å styrke lokalmiljøet sine moglegeheiter for handling.*
- *Å utvikle personlege ferdigheiter.*
- *Å tilpasse helsetenesta.*

(Helsedirektoratet, 1987)

Det helsefremjande arbeidet har som mål å stimulere til individuelle, sosiale og politiske handlingar. I den samanheng er det viktig at ein på tvers av alle nivå kan kommunisere, samarbeide og forhandle omkring helsefremjande tiltak.

Målet er å gjere helsa til ein ressurs for eit godt liv. Salutogenese – det som styrkar helsa, er motsetninga til patogenese, som handlar om sjukdomsframkallande tilhøve. I dette perspektivet vert helsa ein ressurs som kan byggjast opp eller brytast ned. Det er i stor grad miljøet og samfunnet me veks opp i som avgjer helsa (Mæland, 2005). I fylgje Antonovsky (1996) kunna helse forståast som eit kontinuum på ein akse mellom å vera sjuk og å vera sunn og frisk. Evna til å gjere seg nytta av sin eigen totale situasjon og kapasitet til å bruke tilgjengelege ressursar, vart kalla ei kjensle av å høyre til, eller som Antonovsky kalla det: ”Sense of coherence” (SOC) (Mæland, 2005).

Globale og nasjonale helseutfordringar er i stor grad relatert til sjukdomar som har si årsak i vår livsstil (WHO, 2002; St.meld. nr.16, (2002-2003)). I *Diet, nutrition and the prevention of chronic diseases* har WHO (2003) sett på samanhengen mellom kosthald og den stadig aukande byrden av kosthaldsrelaterte sjukdomar. Det er utarbeida ei rekkje politiske prinsipp, adressert til ulike nivå, for å gjere endringar i helseåtferd relatert til kosthald. Ein kan sjølv gjere mykje for å hindre sjukdom og betre eiga helse under føresetnad av at ein har kunnskap om og tilgang til mat som fremjar helse.

Samfunnet si plikt er å opplyse og leggje til rette for at den enkelte kan gjere dei rette vala.

Kostvanar er ofte påverka av faktorar utanfor helsesektoren. Både økonomisk politikk og landbrukspolitikk legg føringar for kvalitet, pris og tilgang på matvarer. For å lukkast i det helsefremjande arbeidet kring kosthald og ernæring, er det viktig at politiske handlingar gjer det lettare for den einskilde å gjere dei rette vala. Strukturelle verkemidlar viser seg å vera ein viktig faktor for å få ei ynskt utvikling i kosthaldet. Frukt og grønsaker i skulen er eit godt døme på dette. Ved å gjere frukt og grønsaker lett tilgjengeleg til ein redusert pris, har inntaket auka monaleg dei siste åra (Bere, Veierød, Skare & Klepp, 2007; Kvaavik, Samdal, Trygg, Johansson & Klepp, 2007.).

St .meld.nr. 16 (2002-2003); *Resept for et sunnere Norge* legg vekt på at ein i det framtidige folkehelsearbeidet er avhengige av eit samarbeid mellom den enkelte og styresmaktene, eit samarbeid der begge partar tek ansvar og medverkar aktivt.

*Handlingsplan for eit sunnare kosthald* (Departementene, 2007) er ei oppfylging av denne stortingsmeldinga. I den vert det lagt vekt på fem ulike strategiar i arbeidet med å leggje til rette for gode kosthaldsvanar; Betre tilgang på sunne matvarer, kunnskap hjå forbrukarane, kompetanse hjå nøkkelgrupper, lokal forankring av ernæringsarbeid og styrka ernæringsarbeid i helsetenesta. Kunnskap hjå forbrukarane er essensielt for å styrke den enkelte sine mogelegheiter til å velje rett. Dersom denne strategien vert fylgd opp med andre helsefremjande tiltak, som til dømes prisregulering og lettare tilgang på sunne matvarer, vil effekten bli større (Departementene, 2007). I høve til barn og unge er sunne måltid i barnehage og skule eit av innsatsområda i handlingsplan. Hovudmålet er at dei unge sjølv skal kunne ta kontroll over dei faktorane som påverkar eiga helse.

## **2.2 Skulen som arena i det helsefremjande arbeidet**

Ei god helse kan ikkje sikrast av helsesektoren åleine. Helsefremjande arbeid set krav til ei rekkje aktørar i samfunnet. Det bør opnast for eit breiare samarbeid mellom helsesektoren og andre sektorar på sosiale, politiske, økonomiske og miljømessige felt



(Helsedirektoratet, 1987). Skulen og frivillige organisasjonar er sentrale aktørar i høve til barne- og ungdomsgruppa.

I global strategi for kosthald og fysisk aktivitet (WHO, 2004) er skulen ein utvald arena for helsefremjande arbeid. Medlemslanda vart oppmoda til å vedta ein politikk som støtta ein times fysisk aktivitet og eit sunt kosthald på skulen, og at ein i samarbeid med foreldre vurderte å dele ut kontraktar på skulemåltid til lokale matvareprodusentar. Noreg har slutta seg til den globale strategien for kosthald og fysisk aktivitet. Innhaldet i strategien vart tilpassa norske tilhøve og implementert i norsk politikk (Sh-dir, 2004 a). Ei oppfylging av WHO sine tilrådingar innebar at ein ynskte å sikre ein times dagleg fysisk aktivitet og gratis frukt og grønnsaker i grunnskulen (Sh-dir, 2004a). Det er i dag sett i gang ei rekkje studiar og utvikla nasjonale retningslinjer for å betre tilhøva om måltidet i skulen generelt og frukt og grønnsaker spesielt (Kunnskapsdepartementet, 2006a, Sh-dir, 2003). Dette vert nærare omtala i kapittel 3.4 *Fysisk aktivitet og måltid i skulen*.

Det er ingen andre samfunnsaktørar som kan nå denne aldersgruppa på like linje med skulen. Utdanning kan påverke helsa både direkte og indirekte. Skulemiljøet (fysisk, psykisk og sosialt), kunnskap og skulehelseteneste påverkar helsa i skulekvardagen. Helseopplysing kan og påverke framtidig helse. Indirekte vil utdanning og yrkesval påverke den framtidige helsa (Tones & Tilford, 2001). Det er systematiske skilnadar i helsetilstand som fylgjer sosiale og økonomiske kategoriar, især yrke, utdanning og inntekt (Sh-dir, 2005a)

Skulehelsetenesta har tradisjonelt vore ein viktig aktør i det sjukdomsførebyggjande og helsefremjande arbeidet i skulen. Den har ansvar for å gje elevane nødvendige kunnskapar om helserelevante forhold og skal medverke til haldningar for ein sunn livsstil. I den generelle læreplan og i fagplanar, mellom anna innan faga mat og helse, naturfag og kroppsøving er det klare mål i høve til å fremje barn og unge si helse (Kunnskapsdepartementet, 2006b). I det helsefremjande arbeidet er det viktig å skape sterkare alliansar med skulehelsetenesta (Tones & Tilford, 2001). I den helsefremjande skulen, der også helseopplysning skal inngå som ein del, er det i større grad politikk for

prosedyrar, aktivitetar og organisering av tiltak. Aktive deltakarar er mellom anna elevar som deltek i undervisningsopplegg som MOT<sup>3</sup>, Vær røykfri og Steg for steg<sup>4</sup> (Mæland, 2005). I høve til kosthald er det gjort konkrete tiltak som; fokus på matpakken, oppretta kantiner med sunn mat og tilbod av frukt og grønnsaker.

*Retningslinjer for skulemåltidet* (Sh-dir, 2003) oppmodar skulane om å tilby mat som er i tråd med tilrådd kosthald. Det vert og sagt at måltidet sin sosiale funksjon bør ivaretakast ved at det fysiske miljøet vert tilrettelagt for måltid og at det vert avsett nok tid for å oppnå trivsel under måltidet.

I 1992 vart det skipa eit europeisk nettverk for helsefremjande skular (ENHPS/HEFRES)<sup>5</sup>. Initiativtakarane for å setje helse og utdanning på dagsorden var WHO i samarbeid med Europarådet og Europakommisjonen. Nasjonal utdannings- og helsepolitikk låg til grunn for den enkelte land si iverksetjing. Over 40 land, mellom anna Noreg, deltok med minst ti skular kvar. Dei fem innsatsområda/hovudstrategiane som WHO la til grunn for helsefremjande arbeid vart innlemma i ideen om helsefremjande skular. Viktige område som skulane skulle arbeide med var; det formelle pensum/læreplanane i faga, det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet for elevar og tilsette, og skulen som samfunnsaktør (Tones (1999) i Tones & Tilford, 2001). Hovudmålsetjinga var å utvikle eit miljø som kunne medverke til å oppnå god helse og sunn livsstil for alle på skulen. Fleire sosiale aktivitetar, fysiske aktivitetar og tilrettelegging for sunne matvanar var mellom tiltaka for mange HEFRES-skular (Tones & Tilford, 2001).

Ein studie av fire HEFRES- skular i Skotland viste at det var viktig å ha lokalt eigarskap til prosjektet. Alle involverte skulle ha eit forhold til prosjektet. Viktige faktorar for å lukkast var forankring i leiing og at skuleleiinga var ansvarleg koordinator.

Undersøkinga viste til at lærarane var viktige nøkkelpersonar for å få til endringar i skulemiljøet. Utfordringa for lærarane var å finne nye tilnærmingar til læring, der

---

<sup>3</sup> MOT er ein ideell organisasjon. MOT i ungdomsskulen er eit pedagogisk program som skal gjere ungdom medvitne om å ta eigne val som gjer at dei meistrar livet.

<sup>4</sup> Steg for steg har som mål å redusere impulsiv og aggressiv åtferd og styrke barn sin sosiale kompetanse.

<sup>5</sup> ENHPS: European Network of Health Promoting Schools

HEFRES: Helsefremmende skoler. Den norske delen av det europeiske nettverket. Det overordna målet med HEFRES er å oppnå god helse og sunn livsstil for alle på skulen ved å utvikle miljø som fremjar helse.

elevane i større grad deltok i utvikling og gjennomføring av endringar. Det kom og fram kor viktig det var at prosjektet vart integrert i skulen sine planar, og ikkje vart oppfatta som ei ekstra belastning. Satsingsområde her var ei endring av mattilbodet i skulen (Inchley, Muldoon & Currie, 2006).

Resultat frå dei norske HEFRES-skulane viste til at avgjerande faktorar for å få til varige endringar i høve til helse, miljø og læring var; At leiinga har ei synleg rolle og deltek aktivt og at elevane vert tekne med i planlegginga av ulike tiltak. Mange av lærarane frykta at HEFRES-aktivitetane ville ta verdifull tid frå sjølve faga, men oppdaga etter kvart at det heller gav elevane meir inspirasjon og motivasjon til å arbeide med faget. HEVAS<sup>6</sup>-undersøkinga viste at elevar ved HEFRES-skular hadde betre resultat enn andre skular i høve til trivsel og miljø (Universitetet i Bergen, 2008). Evalueringa av gjennomførte prosjekt viste at det er vanskeleg å måle om skulane i sin heilskap har vorte meir "helsefremjande", men at ein kunne sjå resultat av konkrete tiltak (Wold & Samdal, 1999). Erfaringar frå deltakarskulane skulle overførast til andre skular og fleire skular har starta opp, mellom anna eit nettverk av 20 skular i Oslo.

Dei fleste intervensjonane er i stand til å auke barn sin kunnskap, men å endre haldningar og åtferd er vanskelegare, især over kort tid. Tiltak med ulike innfallsvinklar og intervensjonar er mest effektive. Ein kombinasjon av tiltak innan klasserommet, strukturelle tiltak, styrka samarbeid med heim og nærmiljø og som ein del av skulen sin visjon, inngår i plattformen til HEFRES-skulane (Tones & Tilford, 2001).

### **2.3 Skulen som sosial læringsarena**

Skulen er ein arena for undervisning og læring, samt ein arena for sosialisering/utvikling av sosial kompetanse. Skulen har i studie vist seg å vera svært viktig i elevane sin sosialiseringssprosess (Nordahl, 2000). For elevane i ungdomsskulen ser skulen ut til å vera like mykje ein sosial arena som ein undervisnings- og læringsarena. Det føregår heile tida eit sosialt samspel mellom elevar på same alder.

---

<sup>6</sup> HEVAS: Helsevanar blant skuleelevar. Ei WHO-undersøking i mange europeiske land, der målsetjinga er å tilføre kunnskap om helsefremjande arbeid. Gjennomført sidan 1983.

Sosial kompetanse i høve til medelevar vert av elevane sett på som viktigare enn sosial kompetanse i høve til lærarar og andre vaksne. Medan lærarane i størst grad er opptekne av å meistre undervisnings- og læringsarenaen, er det for elevane viktig å meistre den sosiale arenaen i tillegg til undervisning og læring. Eit godt sosialt forhold mellom elevane ser ut til å skape gode føresetnader for læringsprosessar i klassen (Nordahl, 2000).

I skulen vert sosial kompetanse mellom anna til gjennom leik og sosiale aktivitetar saman med jamnaldringar. Frå tidleg ungdomsalder er miljøet i ungdomsgruppa ein slags treningsarena mellom familien og vaksensamfunnet. Ungdomsgruppa har stor innverknad på ungdom si åtferd og haldningar. I fylgje Frønes (2006) har jamnaldringar den viktigaste rollen i sosialiseringa til ungdom.

Sosial kompetanse har ingen klar eintydig definisjon. Garbarino (1985) definerer det slik i Ogden (1995):

*”Et sett av ferdigheter, holdningar, motiver og evner som trengs for å mestre de viktigste settinger som individer med rimelighet kan forventes å møte i det sosiale miljøet som de er en del av, samtidig som deres trivsel maksimeres og framtidige utvikling fremmes”*

Evna til å ta initiativ, løyse konflikatar, vise empati og sjølvhevdning er i fylgje Nordahl (2000) sentrale eigenskapar i den sosiale kompetansen. For elevane ser det ut til å vera vesentleg å kunne etablere vennskap, slik at dei framstår som sosialt attraktive. Dette føreset at ein tek sosialt initiativ og ”byr på seg sjølv”. Det er og eit krav om å kunne tilpasse seg andre på same alder. I klasserommet føregår det sosial samhandling mellom elevane, og den kan lett kome i konflikt med undervisninga. Strategiar for å styrke sosial posisjon i forhold til jamnaldringar er ikkje alltid i samsvar med lærarane sine forventningar til korleis ein skal oppføre seg i klasserommet.

I den generelle læreplan vert det på fleire stader uttrykt at sosial læring er eit viktig område i skulen. Under kapitlet om det samarbeidande menneske står det at:

*”Opplæringa må rettast ikkje berre mot faginnhald, men og mot dei personlege eigenskapar ein ynskjer å utvikle, ved å utforme omgjevnader som gir rike mulegheiter for barn og unge til å utvikle bevisst samfunnsansvar og handlingskompetanse for rolla som vaksen.”(L-97, s )*

Det er fleire mål, men ingen retningslinjer for korleis desse måla skal nåast. På den måten kan den sosiale læringa bli svært ulik mellom skulane og innan kvar skule. Derfor er det viktig at kvar skule har ein felles ”policy” og felles forventningar til den sosiale kompetansen på dei ulike alderstrinna (Utdanningsdirektoratet, 2007). Skulen si rolle som sosial arena vert vidare understreka ved at det er samanhengar mellom sosial kompetanse, mellom-menneskelege relasjonar og andre forhold i skulen. Elevar som opplever at dei meistrar den sosiale arenaen på skulen, trives betre på skulen, opplever undervisninga meir positivt, viser mindre problematisk åtferd og har svakt betre prestasjonar (Nordahl, 2000).

Undersøkingar har vist at norske skuleelevar jamt over trivst godt på skulen. Dei opplever skulen som eit godt arbeidsmiljø. Undersøkingane viser og at det her er ein skilnad i høve til sosioøkonomisk status. Det ser ut til at slik skulen fungerer i dag, skapar den best trivsel hjå dei med høg sosioøkonomisk status (Torsheim et al., 2004).

Nordahl (2000) sitt materiale viste at lærarane i ungdomsskulen har liten grad av innsikt og forståing for skulen som ein sosial arena. Dette kan tyde på at ikkje alle lærarar har teke læreplan bokstaveleg. Nordahl (2000) kallar desse måla i læreplan ”den ikkje iverksette læreplan”. Det er først og fremst delar av den generelle læreplan for den 10-årige grunnskulen som kan sjåast på som den ikkje iverksette læreplan. Dette inngår i liten grad i fagplanar og lærebøker og vert ikkje prioritert i same grad som dei fagspesifikke måla. Sosial læring føregår i ulike situasjonar gjennom heile skuledagen. Elevane brukar sin sosiale kompetanse til ei kvar tid i skulekvardagen. Den kjem til syne mellom anna i gruppearbeid og i lærarstyrte aktivitetar. Når elevane har fri frå undervisninga, som i matpausen og andre pausar, vert klasserom, korridorar og uteområde på skulen sosiale arenaer der elevane samhandlar med kvarandre og utviklar den sosiale kompetansen innanfor skulen sine rammer. Alle måltidssituasjonar i skulen vil då kunne vera sosiale arenaer som gjev potensiale for denne utviklinga.

Det er felles for alle menneske at ein må ete og drikke. Då dette primitivt fysiologiske er noko allmenmenneskeleg, blir det innhald for felles handlingar. Det oppstår eit sosiologisk mønster kring måltidet. Det knyter saman det individuelle og handling i

fellesskap og skapar føresetnader for at alle kan finne kvarandre gjennom noko felles. Måltidet har gjennom historia hatt ein viktig sosial verdi (Simmel, 1993).

Vil gratis frukt og grønnsaker til alle elevane medverke til at det oppstår nye sosiale læringssituasjonar i skulekvardagen? Spørsmålet vil gjerne vera i kva grad ein definerer frukt og grønnsaker som eit måltid? Det er opp til skuleeigar å gjennomføre ordninga slik at det vert tilpassa lokale tilhøve. *Retningslinjer for skulemåltidet* (Sh-dir, 2003) er ikkje lovfesta, men ei rettesnor for skuleeigar. Der står det at skulemåltidet er eit sentralt element i skulekvardagen når det gjeld å skape eit godt lærings- og oppvekstmiljø for elevane. Retningslinjene viser til *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.m.* som seier at det skal finnast eigna mogelegheiter for å ivareta måltidet sin sosiale funksjon.

### *Oppsummering*

Dette kapitlet har sett på skulen som aktør i det helsefremjande arbeidet. Ein viktig del av det helsefremjande arbeidet er knytta til kosthaldet og i den samanheng er det både internasjonalt og nasjonalt lagt strategiar for at den enkelte åleine, og i samarbeid med andre, skal bli i stand til å ivareta si eiga helse. Både opplæringslov og læreplanar viser at skulane skal fremje helse blant barn og unge. Sosial kompetanse er ein føresetnad for at elevane skal fungere godt i eit sosialt fellesskap. Skulen har ansvar for å styrke elevane sin sosiale kompetanse og sosial læring er eit viktig område i den generelle læreplan. I denne studien vil det vera interessant å sjå på kva gratis frukt og grønnsaker i skulen kan ha å sei for det helsefremjande arbeidet og i kva grad det kan skape arenaer for sosial læring.

### **3. FRUKT OG GRØNSAKER I SKULEN**

I dei siste 10-15 åra har det vore eit sterkt fokus på frukt og grønsaker som ein viktig del av eit sjukdomsførebyggjande og helsefremjande kosthald. I mange land er det gjennomført ulike intervensjonar med målsetjing om å auke inntaket av frukt og grønsaker, især hjå barn og unge. Det er innført retningslinjer for inntak av frukt og grønsaker, både nasjonalt og internasjonalt. Undersøkingar har vist at inntaket dei siste åra har auka jamt, men at det framleis bør vera eit fokus på å auke inntaket ytterlegare.

#### **3.1 Frukt og grønsaksforbruk blant unge**

Som ein del av det internasjonale WHO-prosjektet HEVAS er kosthaldsvanar til 11, 13 og 15 åringar i mange europeiske land undersøkt gjennom mange år (Torsheim et al. 2004). Dei siste undersøkingane vart gjennomført i 2001-02 og i 2005-06. Resultat frå den norske undersøkinga i 2001-02 viste at inntaket av frukt og grønsaker fall med stigande alder. Gutar hadde eit lågare inntak enn jenter, i alle aldesgrupper. Familien sin økonomi hadde innverknad på barn og unge sitt inntak av frukt og grønsaker. Barn og ungdom i den gruppa som hadde høgast økonomisk status hadde eit inntak som låg 27 prosent over den gruppa som hadde lågast økonomisk status. Undersøkinga viste òg at det samla inntaket var lågare i 2001 enn i 1985. Tal frå undersøkinga i 2005-06 viser at det har vore ein stor auke i tal elevar som et frukt og grønsaker dagleg (Kunnskapsdepartementet, 2006a). I alle aldersgruppene har det vore ein større auke blant norske barn i forhold til mange andre land. Norske 15-åringar ligg som nummer ni av 41 nasjonar i høve til inntaket (Currie et al., 2008). Dette er ei positiv utvikling, då vi i 1998-99 var blant ei tre "dårlegaste" (Kolip & Smith, 1999). I perioden frå 2001 til 2004 var det ein stor auke i tal elevar/skular som oppretta abonnement på skulefrukt, og det kan tyde på at det har verka inn på inntaket.

Ti år etter at tiltaket "5 om dagen" vart lansert, viser undersøkingar at auken i fruktinntaket var omlag som før tiltaket vart starta, medan inntaket av grønsaker har hatt ei meir positiv utvikling. Det er framleis mange som ikkje et frukt og/eller grønsaker dagleg, og auken har vore mykje langsamare enn ein hadde håpa på (Kvaavik et al.,

2007). Denne undersøkinga byggjer på data for alle aldersgrupper og viser at det bør setjast i gang tiltak på fleire arenaer.

Ei undersøking på frukt- og grønnsaksinntak blant 11-åringar i ni europeiske land vart gjennomført i 2003 (Yngve et al.2006). WHO sine retningslinjer for inntak av frukt og grønnsaker er 400 g eller meir (WHO, 2003). Det gjennomsnittlege inntaket hjå borna i alle deltakarlanda låg langt under dette målet. Undersøkinga viste at norske barn hadde eit gjennomsnittleg dagleg inntak på 216 g frukt og grønnsaker (ekskl. juice) og berre Spania og Island hadde lågare inntak. Grønnsaksinntaket var særleg lågt hjå norske barn og utgjorde under ein tredjedel av det totale inntaket av frukt og grønnsaker (Yngve et al, 2006).

UNGKOST -2000<sup>7</sup> viste at 8.klassingane hadde eit gjennomsnittleg dagleg inntak på 255g frukt og grønnsaker (Andersen, Øverby & Lillegaard, 2004). Dagleg tilrådd inntak av frukt og grønnsaker er fordelt på to porsjonar frukt (inkl. juice) og tre porsjonar grønnsaker (inkl. potet) (Sh-dir, 2005b). Om lag ein tredjedel av deltakarane i undersøkinga hadde eit inntak på to porsjonar frukt, medan eit fåtal i gruppa åt tre porsjonar grønnsaker dagleg. Andersen et al.(2004) påpeika at det i framtidig arbeid må leggjast til rette for at barn kan ete meir grønnsaker. Undersøkinga viste små skilnader mellom kjønn, men gutane åt meir potet og mindre frukt og bær enn jentene. Høgare utdanning blant foreldra viste eit høgare inntak av frukt og grønnsaker hjå borna, men desse skilnadane var ikkje signifikante. Anna forskning har vist at dei med høg utdanning har eit høgare forbruk av frukt og grønnsaker og mindre feitt i kosthaldet enn hjå grupper med låg utdanning (Holmboe-Ottesen, Wandel & Mosdøl 2004; Johansson, Thelle, Solvoll, Bjørneboe & Drevon, 1999.).

I samband med ei større undersøking om ungdom og kosthald, ”Youngfood”, som vart gjennomført i regi av Statens institutt for forbruksforskning (SIFO), vart det i september 2007 publisert ein rapport om ungdom sine skulematvanar (Bugge, 2007). I undersøkinga har forskaren sett på ungdom sitt kosthald i løpet av skuledagen og kva

---

<sup>7</sup> UNGKOST -2000: Undersøking som registrerte kosthaldet til eit landsrepresentativt utval av fireåringar, 4. og 8. klassingar. Gjennomført i 2000-2001.



oppfatningar og meiningar dei har om skulemat og måltid. Både kvalitative og kvantitative data ligg til grunn for resultatene. Resultat frå denne undersøkinga viser at ungdom ynskjer tilgang på billig og sunn mat og lettare tilgang på frukt og grønsaker i skulen si kantine. Eit fåtal av ungdomane har skulefruktabonnement. Dårleg kvalitet, gamal frukt og liten valfridom var i hovudsak årsakene til at elevane valde bort dette tilbodet. Undersøkinga viste stor skilnad mellom kjønna. Jenter både kjøper og har med seg meir frukt enn gutar. Blant ungdomane kom det tydeleg fram at mat "skal ikkje koste", i alle fall ikkje det sunne. Dei tok heller med seg frukt heimanfrå, enn å ha eit abonnement på skulen. Deltakinga i abonnementsordninga viste også ein klar nedgang frå 15-16 år (Bugge, 2007).

### **3.2 Kva påverkar dei unge til å ete frukt og grønsaker?**

Endringar i eit individ sine kosthaldvanar er ei endring i helseåtfærd og den vert påverka av ei rekkje individuelle og miljørelaterte faktorar. I det helsefremjande arbeidet har sosialkognitive teoriar og modellar vore mykje brukt når det gjeld å formidle og forklare helserelatert åtfærd. Tre ulike oppfatningar vert brukt for å forstå kva som kan påverke til endring;

- Personlege haldningar. Desse byggjer på vurdering av eigne handlingar.
- Sosiale normer og påverknad. Kva innverknad har det sosiale miljøet
- Meistring. Forventningar ein har til seg sjølv.

(Mæland & Aarø, 1993).

Det internasjonale forskingsprosjektet "Pro Children" har i fleire studiar undersøkt kva faktorar som fremjar inntaket av frukt og grønsaker hjå born i 10-13 års alderen i ni europeiske land (Pro-Children, 2008). Eit av desse studia undersøkte i kva grad haldningar, sosial innverknad og forventning til eiga meistring kunne forklare borna sine intensjonar til å ete frukt, og korleis dei ulike faktorane påverka inntaket (Sandvik et al., 2007). Målgruppa for studien var 11-åringar i tre europeiske land: Spania, Austerrike og Noreg. Resultat frå den norske undersøkinga viste at haldningar i størst grad påverka intensjon om å ete frukt. Jentene var meir positive enn gutane. Det vart ikkje påvist nokon samanheng mellom haldningar og åtfærd, noko som og anna forskning

har vist (Lien, Lytle & Komro, 2002). Sandvik et al.(2007) seier at smak har mykje å sei for barn og unge sine haldningar til frukt og grønnsaker, men at dette av metodiske årsaker ikkje vart undersøkt i denne studien. Anna forskning har vist at smak i stor grad påverkar inntaket (Bere & Klepp, 2004; Neumark-Sztainer, Story, Perry & Casey, 1999.). Sandvik et al. (2005) viser til at haldningane til frukt er meir positive enn til grønnsaker.

Sosial innverknad var det som i neste omgang påverka intensjon om å ete frukt (Sandvik et al., 2007). Sosial påverknad og støtte, modell-læring og subjektiv tru på sosiale normer og åtferd vart lagt til grunn for å undersøkje den sosiale innverknaden. Dei sosiale faktorane vart i denne studien målt i høve til foreldra si rolle. Andre studiar har vist at sosial påverknad frå familiemedlemar eller andre, mellom anna andre ungdomar, hadde ein positiv innverknad på inntaket av frukt og grønnsaker (Brug & van Lente, 2005 i Sandvik et al., 2007; Kamphuis et al., 2006; Sandvik et al. 2005)

Forventning til eiga meistring vart undersøkt ut frå ein påstand om at *"viss eg bestemmer meg for å ete frukt kvar dag, så gjer eg det"*. Studien viste liten samanheng mellom eiga meistringforventning og intensjon om auka inntak. Sandvik et al.(2007) viser til at meistringsforventningar gjerne kan vera vanskeleg å måle i 11-års alder og at den studien ikkje vert representativ for eldre aldersgrupper.

Det vil og vera faktorar i det fysiske miljøet som kan påverke endringar i handling. I det ytre miljøet er det tilrettelegging og tilgjengelegheit som har mest å sei (Bere & Klepp, 2004).

### **3.3 Meir frukt og grønnsaker i skulen**

Det er i dei siste 10-15 åra vorte gjort ein stor innsats i høve til å implementere frukt og grønnsaker i skulen. Både internasjonalt og nasjonalt er det gjennomført mange studiar for å finne modellar som kan gje langsiktige endringar i høve til å auke inntaket av frukt og grønnsaker (French & Wechsler, 2004; Hursti & Sjøden, 1997).

I skuleåret 2004-05 vart det i Mississippi gjennomført eit program i 25 skular (Schneider et al., 2006). Det vart servert gratis frukt og grønnsaker til alle elevar i 5., 8. og 10 klassetrinn. I tillegg til å gjere frukt og grønnsaker lett tilgjengeleg var det ei målsetjing å gje elevane fleire preferansar på frukt og grønnsaker. Det vart og lagt til rette for aktivitetar som skulle auke kunnskap om frukt og grønnsaker i høve til ernæring. Undersøkingar viste at etter eitt år hadde dei to eldste aldersgruppene fått fleire preferansar på frukt og grønt og haldningane til å ete frukt og grønt hadde endra seg positivt. Elevane rapporterte at dei hadde lært seg å like nye sortar og vorte meir fortrulege med å ete frukt og grønnsaker. Dei eldste elevane hadde og utvikla ei forståing for kva frukt og grønnsaker har å sei for kosthaldet. Inntaket auka mest i den eldste aldersgruppa med 0,61 porsjon pr. dag på skulen. Grønssakinntaket viste derimot ein svak nedgang i skuletida (Schneider et al., 2006).

I Danmark vart det gjort ein studie på frukt- og grønssaksinntak i forkant og etterkant av ein fem-vekers intervensjonsperiode (Eriksen, Halldorsdottir, Pederson, & Flyger, 2002). Studien hadde 240 elevar i intervensjonsgruppa og tilsvarande i ei kontrollgruppe. Av dei 240 elevane var det 108 som deltok i ei foreldrebetalt abonnementsordning, medan resten av gruppa ikkje hadde abonnement. Etter dei fem vekene hadde inntaket av frukt og grønt auka både hjå abonnentane og ikkje-abonnentane, høvesvis med 0,4 og 0,3 porsjonar per dag. Blant abonnentane kunne ein ha forventa ein større auke. I fylgje Eriksen et al.(2002) kunne det tyde på at denne gruppa åt mindre frukt heime i denne perioden. Foreldra sitt engasjement i høve til bornas kosthald vert ein tilleggseffekt i denne studien. Det resulterte i at fleire born hadde med seg frukt heimanfrå. Grønssaksinntaket viste ingen endring hjå dei som ikkje hadde abonnementet. Ei mogleg forklaring var at det er lettare å sende med frukt då det i mykje større grad kan etast utan noko førearbeid (Eriksen et al., 2002).

På Fyn i Danmark vart det i 2005 gjennomført eit forsøk med skulefrukt som ein del av eit større prosjekt som omhandla ”Barn, mat og fysisk aktivitet”. Forsøket starta med gratis frukt og grønnsaker i to månader. Dette vart sett på som viktig for å skapa eit eigarskap både hjå lærarar og foreldre. Eit hovudmål var å utvikle metodar til å integrere aktivitetar med frukt og grønt i helsefremjande læring og vise korleis

fruktordningar kunne etablerast som eit pedagogisk verkemiddel. Det vart utarbeida læremiddel til ulike fag, på alle trinn, som kunne nyttast i samband med fruktkvarteret. For å lukkast best mogeleg vart skulane oppmoda til å basere fruktordninga på eigne erfaringar og strategiar. Tidlegare forsøk hadde vist at det var viktig å setje fokus på trivsel, det sosiale og læringsmessige effektar av fruktordninga, i tillegg til dei ernæringsmessige. Mange foreldre såg på det ernæringsmessige som sitt ansvar og var negative til ei foreldrebetalt ordning. Rapporten frå forsøket viste til kor viktig det var at heile klassar deltok i fruktordninga. Det kunne medverke til å styrke klassemiljøet og vera ein del av klassen sin felles kultur. I prosjektet var det klassevis innmelding om dei ynskte ei foreldrebetalt ordning etter gratisperioden. Ei individuell betalingsordning ville medverke til å oppretthalde eksisterande sosial ulikskap og kunne heller ikkje gje den positive effekten det hadde når alle deltok (Pederson, R., Tøttenborg, S., Nielsen, K.M., 2006). To månaders gratis frukt som ein del av den pedagogiske verksemda, viste gode resultat. Utvikling av smakspreferansar vart og vurdert som ein viktig del av læringa i prosjektet. Det har ført til at det kvar haust er mange nye skular som får to månader gratis frukt. Prosjektet "Fruktkvarter" vert gjennomført i samarbeid med "6 om dagen"<sup>8</sup>.

I 2001-2002 vart det gjennomført eit prosjekt blant 7. klassingar i Hedmark (Bere, Veierød & Klepp, 2004a). Ei gruppe fekk gratis frukt og grønnsaker, ei gruppe hadde tilbod om foreldrebetalt abonnement og ei var kontrollgruppe. Målet var å sjå kva effekt denne intervensjonen kunne ha på frukt- og grønt inntaket hjå borna. Intervensjonen varte frå oktober-juni. Elevar som fekk gratis frukt og grønnsaker hadde eit inntak på skulen som låg 0,7 og 0,9 porsjonar over abonnementgruppa og kontrollgruppa. Det resulterte ikkje i lågare inntak resten av døgnet. Bere et al. (2004a) konkluderte med at gratis frukt og grønnsaker var ein effektiv strategi for å auke inntaket i heile intervensjonsgruppa. Det hadde mest å sei for dei som hadde eit lågt inntak før intervensjon og for dei som hadde foreldre med låg inntekt. Dette viste at gratis frukt og grønnsaker hadde ein positiv effekt i høve til sosial ujamning. Etter tre år vart langtidseffekten av intervensjonen målt. Elevane som hadde fått gratis frukt og

---

<sup>8</sup> "6 om dagen" er eit samarbeid mellom Kræftens Bekæmpelse, Fødevareministeriet, Dansk Gartneri, CVU Lillebælt samt Videncenter for Fødevarer og Sundhed.

grønsaker i 2001-2002 hadde eit inntak på 30-35 gram pr dag over kontrollgruppa. Jentene hadde høgare inntak enn gutane (Bere et al., 2007a).

I same tidsrom som ovannemnde prosjekt vart det gjennomført eit tilsvarande prosjekt blant 6. klassingar i Telemark (Bere, Veierød, Bjelland & Klepp, 2004b). Foreldre vart involvert og faget heimkunnskap (no Mat og helse) hadde auka fokus på tema omkring helse, frukt og grønnsaker. Undersøkingar rett etter avslutta prosjekt og eit år seinare viste ingen skilnad på inntaket av frukt og grønnsaker mellom intervensjonsgruppa og kontrollgruppa. Bere et al. (2004b) forklarte dette med at dei ikkje oppnådde å gjere endringar i elevane sine preferansar for frukt og grønnsaker, eller endringar i å gjere det meir tilgjengeleg. Prosjektet viste signifikante skilnader i kunnskap om "fem om dagen" og at det kan gi ein auke i inntaket på lengre sikt (Bere et al. 2004b).

Eit felles mål for alle intervensjonsstudia har vore å få til eit auka inntak av frukt og grønnsaker på kort og lang sikt. For å få til dette, har det vore nytta ulike strategiar og modellar.

Hausten 2008 vedtok EU-parlamentet at det skulle setjast i verk tiltak for å motverke den aukande fedmeproblematikken blant born (Landbruks-og matdepartementet, 2009). Eit sentralt ledd i dette arbeidet er å gjere frukt og grønnsaker lett tilgjengeleg for barn og unge. Det vart vedteke å avsetje 90 millionar Euro frå EU sin felleskasse til gratis skulefrukt for born i alderen seks til elleve år. Medlemslanda som ynskjer å setje i verk denne ordninga medverkar til å finansiera resten.

### **3.4 Norske tiltak**

#### **3.4.1 Fysisk aktivitet og måltid i skulen**

WHO har utvikla ein global strategi for kosthald, fysisk aktivitet og helse (WHO, 2004). Det overordna målet med den globale strategien var å fremje og ta vare på folket si helse ved å styre utviklinga av eit miljø som gjorde det mogeleg med bærekraftige tiltak på individuelt, samfunnsmessig, nasjonalt og globalt plan. Ved å samle tiltaka

ville det kunne redusere sjukdom og død som er relatert til kosthald og fysisk aktivitet. Tiltaka støtta òg opp under Sameinte Nasjonar (SN) sine utviklingsmål for det nye tusenåret og kan gje store gevinstar i folkehelsa på verdsbasis (WHO, 2004). WHO peikar på skulen som ein av dei viktige satsingsområda på dette området.

Dei nordiske landa har utarbeida ein felles handlingsplan for kosthald, fysisk aktivitet og overvekt. Det er eit kollektivt ansvar å førebyggje desse sjukdomane. Resultat vil avhenge av at ulike sektorar er involvert og at det er deltakarar frå alle nivå i samfunnet (Nordisk ministerråd, 2006). Denne tanken om kollektiv deltaking er og grunnleggjande i den norske handlingsplan for eit sunnare kosthald.

Noreg har forplikta seg til å fylgje opp den globale strategien med konkrete tiltak (Samdal et al., 2006). I 2004 vart det sett i gang eit forsøk med ”Fysisk aktivitet og måltid i skulen” (Samdal et al.2006). Forsøket var initiert av Sosial- og helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet. I dette forsøket skulle utvalde skular leggje til rette for ein times fysisk aktivitet og fylgje *Retningslinjer for skulemåltidet* (Sh-dir, 2003). Forsøket vart evaluert etter to år. Det viste mellom anna at det hadde vore ei dobling av skular som abonnerte på skulefrukt. I tillegg vart det på mange skular jobba aktivt med andre ordningar, som til dømes at elevane skulle ha med seg frukt/grønsaker dagleg (Samdal et.al, 2006). Evalueringsrapporten viste at mange skular mangla areal for å kunne få til ei funksjonell og hygienisk kantinedrift. Fleire lærarar meinte at det tok for mykje tid av undervisninga om ein skulle utvide matpausen i tillegg til ein times fysisk aktivitet. Dei deltakande skulane såg positive resultat av satsinga, men mange lærarar stilte spørsmål ved om dette var skulen si oppgåve (Samdal et al, 2006).

Praksisbasert kunnskap har vist at fysisk aktivitet og måltid er viktige rammefaktorar for å fremje konsentrasjon og læring. Med bakgrunn i store lærevanskar og mange ukonsentrerte elevar som ikkje meistra skulekvardagen vart det ved ein dansk skule innført ei obligatorisk matordning ved skulen. Elevar som tidlegare var trøytte, urolege og negative vart meir positive og aktive i skulekvardagen. Prosjektet viste gode resultat i høve til konsentrasjon og læring (Bräuner, 2007). Praksisbasert kunnskap frå norske skular har òg vist at betre skuleprestasjonar kan tilskrивast betre organisering av og innhald i skulemåltidet (St.meld.nr.16, 2002-2003). Forsking har òg vist at det er ein

klar samanheng mellom kosthald og skuleprestasjon (Florence, M.D., Asbridge, M.& Veugelers, P. J., 2008).

### 3.4.2 Skulefrukt

Frå tidleg på 1960-talet har skulemåltidet vore foreldra og heimen sitt ansvar. Måltidet har vore og er framleis matpakka, eit tradisjonelt brødmåltid. I tillegg hadde skuleborna med seg drikke og frukt/grønsaker. På 1970-talet vart det sett i gang tilbod om abonnement på mjølk (Kunnskapsdepartementet, 2006a). Tilbodet i dag er ofte eit større utval av drikke og erstattar i stor grad medbringa saft- eller mjølkeflasker. På 1990-talet starta enkelte skular forsøk med abonnement på frukt og grønnsaker. Som eit ledd i det helsefremjande arbeidet blant barn og unge er dette no eit gratis tilbod til elevar i ungdomsskular og kombinerte skular. (Departementene, 2007). Helsedirektoratet (2008) viser til fleire sider, som mellom anna at det kan skape gode vanar, ved eit slikt tilbod som kan påverke helsa i notid og framtid.

”Skolefrukt”<sup>9</sup> er ei foreldrebetalt abonnementsordning for frukt og grønnsaker i grunnskulen. Den vart starta som eit forsøk i Østfold fylke i 1996. I St.meld. nr.16 (2002-2003) sa regjeringa at den ville sikre midlar til finansiering av ei abonnementsordning for frukt og grønnsaker. ”Skolefrukt” vart landsdekkande i 2004. Retningslinjer for kvalitet, utval og leverandørkriteriar (Vedlegg 1) vart fastsett og forankra i forskrift til kommunehelsetenestelova. I 2006 var det 80000 elevar (13%) som hadde eit abonnement og 45 prosent av landets grunnskular deltok i ordninga (Departementene, 2007). Eitt av tiltaka i *Handlingsplan for et bedre kosthold i befolkningen (2007-2011)* var å etablere eit tilbod med gratis frukt og grønnsaker til alle elevar i grunnskulen. Ei abonnementsordning for frukt og grønnsaker har vore viktig for å auke inntaket blant skuleborn, men mykje tyder på at dei som treng det mest fell utanfor. Gratis frukt og grønnsaker vil medverke til å utjamne sosiale skilnader (Departementene, 2007).

---

<sup>9</sup> Skolefrukt er eit samarbeid mellom Helsedirektoratet og Opplysningskontoret for frukt og grønt. Ordninga er ein del av myndigheitene si satsing på eit betre kosthald for barn og unge. Skolefrukt er subsidiert av Staten med 1 krone og kostar 2,50 per dag.

I november 2007 gjennomførte "Skolefrukt" ei evaluering av skulefrukt for hausten 2007. Målet med undersøkinga var mellom anna å evaluere det nye tilbodet med gratis frukt og grønnsaker i høve til foreldrebetalt abonnementsordning. Målgruppa i evalueringa var alle skulane som nytta "Skolefrukt" sitt administrasjonssystem for tinging av frukt. Dette utgjorde omlag 80 prosent av alle ungdomsskular og kombinerte skular, medan det var litt over halvparten av alle barneskular.

Målgruppa for undersøkinga var dei skulefruktansvarlege på den enkelte skule. Totalt var det 2197 skular som fekk tilsendt spørjeskjema og 1270 som svara, ein svarprosent på 58. På kvart spørsmål/påstand skulle informantene svare på ein Likertskala frå 1-5. Svaralternativ gjekk frå svært enig til svært uenig.

Hovudfunna i undersøkinga viste at fleire var nøgde med gratisordninga enn dei var med abonnementsordninga. Kvaliteten på frukta var svært god og den var betre etter at gratisordninga vart innført. Det vart forklart med at frukta ikkje vart flytta på så mange gonger og ein hadde meir heile kassar med frukt. Resultat frå undersøkinga viste også at gratis frukt og grønnsaker påverka det sosiale miljøet i positiv retning meir enn abonnementsordninga gjorde. Fleire positive effektar som; ro i klassen, meir konsentrasjon og meir sunn mat/mindre usunn mat, var tydelegare i gratisskular enn i abonnementskular. Dei skulefruktansvarlege erfarte at lærarane var meir positive når frukt og grønnsaker var eit tilbod til alle. Det kunne ha sin bakgrunn i at det var lettare å få til noko når det omfatta heile klassen. På skular der dei hadde oppskoren frukt var det fleire som var nøgde, kanskje fordi ein fekk større medverknad og engasjement hjå elevane. På ein del skular vart frukta eten inne og det har ein positiv verknad, truleg grunna mindre søppel. Undersøkinga viste at det var kvaliteten på frukta som hadde mest å sei for å få til ei vellukka ordning (Skolefrukt, 2008). Undersøkinga viste dei vaksne sine erfaringar i skulesamfunnet, elevane sine erfaringar har ikkje kome fram.

Våren 2008 vart det gjennomført ei ny tilsvarande undersøking på same målgruppa. Denne viste at fleire no var mindre nøgd enn tidlegare. Det var utvalet av frukt og grønnsaker som vart utslagsgjevande for resultatet. Mange skular rapporterte at utvalet hadde vorte dårlegare frå haust til vår og at dei ofte fekk to eller tre sortar i løpet av ei



veke. Dette kunne og mogeleg påverke andre faktorar. Retningslinjer for kvalitet og utval viser til at det skal vera variert og ingen elevar skal ha same frukt eller grønnsak meir enn ein gong i veka (Vedlegg 1).

Undersøkingane tyder på at kvaliteten kan variere og at det er trong for å fylgje opp, vidareutvikle og tilpasse tilbodet til skulen sin situasjon.

### **3.4.3 Frukt og grønnsaker i Sogn og Fjordane.**

Sogn og Fjordane har i mange samanhengar fått tittelen ”Livsstilfylket”. Ved fleire høve har det vist seg at innbyggjarane i Sogn og Fjordane er mest fysisk aktive (Norges Gang- og mosjonsforbund, 2006; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2008a). Ei landsomfattande undersøking om skulemåltidet (Bjelland & Klepp, 2000) viste at det var det fylket som hadde høgast matpakkedekning i ungdomsskulen. Fylket hadde prosentvis flest elevar som abonnerte på frukt før gratisordninga starta.

Hausten 2007, før dette studiet starta, kontakta eg alle ungdomsskulane (8.-10.trinn og nokre kombinerte skular (1.-10.trinn) for å få kjennskap til korleis ordninga vart praktisert. Alle skulane eg var i kontakt med hadde tilbodet med gratis frukt og grønnsaker. Kommunane fekk tildelt midlane, kr.3,85 pr elev pr dag, frå staten i rammeoverføringane. Midlane skulle dekke utgifter til frukt/grønnsaker og meirkostnader til administrasjon. Denne ordninga gjeld for alle landets kommunar (Finansdepartementet, 2007).

Mange nytta ordresystemet til ”Skolefrukt” ved tinging. Då vart varene tinga via internett og det var lett å gjere endringar i høve til skuleruta. ”Skulefrukt” vart levert frå grossist. Nokre skular nytta seg av lokal leverandør/nærbutikken. Rekninga på frukta vart sendt til økonomiavdelinga i kommunane eller skulen betalte sjølv og fekk tilbakeført pengane frå kommunen.

I samband med stram kommuneøkonomi og budsjetthandsaming for 2008, var det fleire kommunar som fjerna ordninga frå 1.januar 2008. Etter at det 1.august 2008 vart lovfesta med gratis frukt og grønnsaker, gjennomførte Fylkesmannen ei kartlegging på

korleis frukt-og grøntordninga vart organisert i dei enkelte kommunane i fylket. Den viste at fire kommunar ikkje hadde tilbodet (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2008b) Det vart sendt ut pålegg om å innføre ordninga til tre av kommunane, medan den fjerde melde om at ordninga ville bli innført snarast. Kartlegginga viste at på mange skular var elevane delaktige i utdelinga. Frukta vart servert både heil og oppdelt. Kommunane rapporterte om fire eller fleire sortar. To kommunar organiserte utdelinga gjennom lokale arbeidssenter. Elles var det elevar, lærarar, kontorpersonale, reinhaldarar og inspektørar som var ansvarlege (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2008b).

### *Oppsummering*

I dette kapitlet er det sett på kva som ligg til grunn for at frukt og grønnsaker er vorte eit gratis tilbod til mange elevar i grunnskulen. Mange barn og unge har eit lågt dagleg inntak av frukt og grønnsaker. Av den grunn er det gjort mykje forskning kring faktorar som påverkar dei unge sine val av matvarer og spesielt i høve til frukt og grønnsaker. Mange intervensjonsforsøk i skulen, både internasjonale og norske, har vist at det trengs kunnskap for å få til modellar som gjev gode resultat i høve til å auke forbruket. Forsøk har vist at lett tilgang på og redusert pris/gratis er to viktige faktorar som påverkar inntaket positivt. ”Fysisk aktivitet og måltider i skolen” og ”Skolefrukt” har dei siste åra vore ein del av skulekvardagen i mange norske skular. Desse tiltaka har truleg medverka til at inntaket av frukt og grønnsaker no er på rett veg i høve til dei nasjonale tilrådingane for kosthaldet.

## 4. METODE

Dette kapitlet presenterer dei metodiske vala kring studien. Det omhandlar dei ulike vala som er gjort i høve til gjennomføringa av undersøkinga og analysen av det innsamla materiale. Det startar med å grunngje val av metode og kvalitativ metode sin eigenart. Vidare vert den vitenskapsteoretiske forankringa omtalt. Det vert gjort greie for observasjon og intervju som metode og korleis datainnsamlinga vart gjennomført. Ethiske omsyn inkludert validitet og reliabilitet vert presentert til slutt.

### 4.1 Val av kvalitative metodar for studien

Innan vitenskapleg forskning skil ein hovudsakleg mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Kvantitativ metode har ofte store utval og avstand til informantane, medan ein i kvalitativ forskning har små utval og nær kontakt med respondentane. Resultata frå kvantitativ forskning vert oftast presentert med tal, medan ein i kvalitativ forskning fokuserer på analyse av tekst (Thagaard, 2004). I denne studien vart det brukt kvalitativ metode. Dei kvalitative metodane byggjer på teoriar om menneskeleg erfaring og tolking. Ein kan få fram eit mangfald av meiningar og erfaringar frå respondentane, og forskaren er ein aktiv deltakar i den kunnskapen som kjem fram (Malterud, 2003). Målet i kvalitativ forskning er å utforske meiningsinnhaldet i sosiale fenomen slik det vert opplevd av dei involverte. I denne studie omhandlar det organisering av og elevar si oppleving av gratis frukt og grønnsaker i skulen. Å få fram meining og oppleving krev at det er nær kontakt mellom forskar og den som vert studert (Thagaard, 2004). Kvalitative metodar gjev mindre grunnlag for å generalisere, men ein får fram ei djupare forståing av eit fenomen.

Metode vart valt som ei fylgje av prosjektet si problemstilling og forskingsspørsmåla. Det er type kunnskap ein ynskjer å innhente som styrer val av metode. I denne studien vart observasjon og intervju valt som metodar for datainnsamling.

Prosjektet har to problemstillingar:

1. *Korleis vert gratis frukt og grønnsaker organisert og presentert for elevane i skulen?*
2. *Korleis opplever elevane ordninga med gratis frukt og grønnsaker?*

Når ein ynskjer å innhente informasjon om personar sine handlingar og korleis dei samhandlar, er det i fylgje Thagaard (2004) observasjon som gir best grunnlag for å få informasjon. Fenomenet "Organisering av frukt og grønt" skulle observerast.

Observasjon i ei klasse var og ein viktig innfallsport til å få tak i respondentar til intervjuundersøkinga. Kvale (2001) seier at det er ein viktig kvalifikasjon å ha god kjennskap til tema ein skal intervju om. I tillegg til førehandskunnskap frå teori og egne erfaringar frå skulen, ville observasjonsstudie styrke rollen som intervjuar.

Observasjon er ein tidkrevjande metode dersom ein skal få med seg alle nyansane av handlingar i dei ulike situasjonane. Då var det ein styrke å kunne kombinere resultatane ein fekk med innsamla data frå intervju.

I den andre problemstillinga var det eleven sine opplevingar som stod i fokus. For å få fram elevane sine opplevingar og erfaringar kring gratis frukt og grønt i skulen, var intervju den mest eigna metoden for datainnsamling. Begge desse metodane gav mykje informasjon og var godt eigna når ein ynskte å gå i djupna og sjå heilskapen. Dei er basert på at det er nærheit mellom forskar og respondent, som begge vil påverke forskingsprosessen og det materialet ein får. Personlege eigenskapar og væremåte har stor innverknad på i kva grad ein oppnår kontakt og får relevant informasjon. Som forskar var det viktig å reflektere over dette vidare i arbeidet med analyse og resultat (Thagaard, 2004).

## **4.2 Vitskapsteoretisk forankring**

Det vitskapsteoretiske grunnlaget for denne studien er ein kombinasjon av fenomenologi og hermeneutikk. Fenomenologi er ein teori om menneskeleg erfaring og hermeneutikk er teorien om tolking (Malterud, 2003). Dette er to ulike teoriar, men kan sjåast på som to filosofiar innan vitskapsteorien som har mykje til felles (Dahlberg, Drew & Nystrøm, 2003). Livsverdsperspektivet vert sett på som viktig både innanfor den hermeneutiske og den fenomenologiske filosofien. Mennesket og den verda det lever i må sjåast i ein heilskap. I denne studien der ein søkte å få fram ulike perspektiv på eit fenomen, var det ynskjeleg å få fram subjektive opplevingar som vidare kunne tolkast. Dahlberg et al.(2003) framhevar at førforståinga er viktig og uunngåeleg i

tolking av det ein ser. Samtidig må ein vera på vakt for i størst mogeleg grad å sikre at den verkelege opplevinga til eleven kjem fram.

Eit fenomenologisk perspektiv fokuserer på personane si livsverd. Det er ope for intervjupersonen sine erfaringar og framhevar presise framstillingar. I fenomenologien prøver ein å sjå bort frå førehandskunnskap og søkjer etter det sentrale i framstillinga (Kvale, 2001). Fenomenologi tek utgangspunkt i den subjektive opplevinga og søkjer å oppnå ei forståing av den djupare meininga i enkeltpersonen sine erfaringar. Eit av måla i denne studien var å sjå korleis skulefruktordninga fungerer og korleis elevane opplever den. I dette perspektivet skal ein ikkje forklare ” kvifor det er som det er”, men formidle det ”sånn som det er”. I resultatdelen vert funna presentert så ”reine” som mogeleg, utan at annan teori og empiri skulle prege det som vert presentert. I utvikling av data må ein leggje vekt på å skape ei tillitsfull ramme. Det vil alltid vera ein ambivalens ved at me påverkar materiale, men samtidig arbeider for å vera medviten den påverknaden. Det er eit viktig mål å vera lojal overfor den enkelte respondent.

Ei hermeneutisk tilnærming vil medføre at ein tolkar og prøver å forstå det som ligg bak tankar og handlingar. Ein prøver å finne eit djupare meiningsinnhald (Thagaard, 2004). Hermeneutikken byggjer på prinsippet om at meining berre kan forståast i lys av den samanheng det er ein del av. Det er ei målsetjing å få fram ei gyldig forståing av meininga i teksten, som i denne studien utgjør utskrivne observasjonsdata og dei transkriberte intervju. Dette inneber at tolkinga har starta alt under observasjon eller under intervjuet. Forskar har hatt innverknad på teksten i heile forskingsprosessen frå intervju til det resultatet som vert presentert. Dette inneber at det nødvendigvis ikkje er *ei* sanning, men at teksten kan tolkast på fleire måtar og ulike nivå. Gertz (i Thagaard, 2004) framhevar at eit mål i forskinga må vera å presentera ein ”tjukk” framstilling. Ei ”tynn” framstilling viser berre det som vert observert og det som vert sagt. Ei ”tjukk” framstilling inkluderer òg utsegner om kva respondenten kan ha meint med sine handlingar, kva slags tolkingar vedkomande sjølv gjev og den tolkinga forskaren har. I denne studien vert funn frå observasjon og intervju analysert i forhold til annan empiri og teori, og sett i lys av forskar sine eigne observasjonar. Funna vert forsøkt presentert i

ei ”tynn” skildring i kapittel 5 og 6, medan det i kapittel 7 og 8 er prøvd å få til ”tjukk” skildring av funna.

### 4.3 Førforståing

Når ein går inn i eit studie vil ein alltid ha tankar om kva ein forventar å finne. Det er ein viktig motivasjon for å gå i gang med studien. Førforståinga er ei blanding av eigne erfaringar, kunnskap me har om emnet, resultat frå anna forskning på liknande område og den teoretiske referanseramma ein har når ein startar med studien (Malterud, 2003). Det er viktig å ha dette klart for seg før ein går i gang med datainnsamlinga. Det empiriske materialet skal tale for seg og ikkje i for stor grad vera farga av førforståinga. Det vil vera ein stor svakheit ved studien viss ein ikkje klarer å få fram intervjupersonane sine erfaringar og meiningar. Funna som kjem fram i samtalen mellom eleven og forskar er i utgangspunktet eleven sine opplevingar. Forskar si førforståing vil til ein viss grad vera uunngåeleg. Det er forskar som har regien på intervjuet og tema i intervjuguiden er til dels styrande. For å hindre at dette skal påverke og avgrense, var det viktig at elevane fekk snakke fritt, sjølv om det kunne medføre mykje informasjon som ikkje vart relevant for studien.

I forkant av studien tok eg kontakt med alle ungdomsskulane i fylket for å få ein oversikt på korleis gratis frukt og grønnsaker vart organisert. Dette kan ha påverka mi førforståing før observasjon. Det kan vera ein styrke, men kan og vera eit hinder i høve til å stille dei mest sentrale og relevante spørsmåla. Faren er at ein overser sentrale spørsmål, då ein har fått svar alt i denne fyrste kontakten med skulane. Observasjon som vart gjennomført før intervjuet kunne påverka førforståinga. I arbeidet med å få fram elevane sine erfaringar kring frukt- og grønttilbodet, kan min bakgrunn innan ernæring og helse påverke studien. Intensjon er at ein skal få fram alle, både positive og negative erfaringar kring fruktordninga. Det er viktig å vera medviten sin eigen situasjon og vera open for alt elevane har å meddele.

#### **4.4 Utval**

I kvalitative studiar er det, i fylgje Thagaard (2004), strategiske utval som vert nytta. Ein vel då ut informantar som ein trur kan gje dekkande svar på det ein vil spørje om. Av praktiske årsaker vart det bestemt å gjennomføre studien i forskar sitt heimfylke. I Sogn og Fjordane er det 26 kommunar, fordelt på tre regionar. Fylket har 10 ungdomsskular og 43 kombinerte barne- og ungdomsskular (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2007). Dei kombinerte skulane ligg i kommunesenter og i mindre bygder i kommunane. Ungdomsskulane ligg i kommunesentra i dei største kommunane og det er ingen kommune som har meir enn ein rein ungdomsskule.

##### **4.4.1 Val av skular for observasjon**

Det vart avgjort å gjennomføre observasjon på to skular, i ein klasse ved kvar av skulane. Informasjon som var innsamla i forkant av studien vart lagt til grunn for å velje ut to skular (Vedlegg 2). Med bakgrunn i geografisk plassering og innhenta informasjon om skulen sin storleik og organisering av frukt- og grønsaksordninga vart to skular spurt om å delta i undersøkinga. Skular i same region har faglege nettverk og det vart difor valt skular frå ulike regionar. Begge skulane har mellom tre og fem klassar på kvart trinn. På den eine skulen (nr.3 i vedlegg 2) vart assortert frukt delt opp av elevane og etinga føregjekk i klasserommet. På den andre skulen (nr.9 i vedlegg 2) vart det servert heil frukt, ein sort kvar dag som skulle etast ute i pausen. Begge skulane hadde hatt abonnementsordning. Dette gav grunnlag for å samanlikne to ulike modellar for fruktorganiseringa. Organisering av skuledagen vert vist i Tabell 1 og Tabell 2.

**Tabell 1.** *Organisering av skuledagen, skule 1*

| Tid   | Aktivitet | Organisering av frukt og grønsaker  |
|-------|-----------|---|
| 08.45 | Time      | Frukta vert henta til klasserommet i slutten av timen og er tilgjengeleg heile dagen. |
| 10.15 | Pause     | Elevane kan opphalde seg i klasserommet, i fellesareal eller ute.                     |
| 10.30 | Time      |   |
| 11.15 | Matpause  | Elevane kan gå kvar dei vil på og utanfor skulen sitt område.                         |
| 11.45 | Time      |   |
| 12.30 | Pause     | Elevane kan opphalde seg i klasserommet, i fellesareal eller ute.                     |
| 12.45 | Time      |   |
| 14.15 | Slutt     | Restar av frukta vert kasta   |

**Tabell 2.** *Organisering av skuledagen, skule 2*

| Tid   | Aktivitet        | Organisering av frukt og grønsaker   |
|-------|------------------|--|
| 08.50 | Time             | Frukta vert henta til klasserommet i slutten av timen og er tilgjengeleg heile dagen.  |
| 10.20 | Pause            | Klasseromma vert låst. Elevane skal vera ute.  |
| 10.30 | Time             |  |
| 11.15 | Fysisk aktivitet | Alle klassar har fysisk aktivitet på ulike stasjonar                                   |
| 11.45 | Matpause         | Elevane kan opphalde seg i klasserommet, i kantina eller andre stader på skuleområdet. |
| 12.10 | Time             |  |
| 12.55 | Pause            | Klasseromma vert låst. Elevane skal vera ute.  |
| 13.05 | Time             |  |
| 14.35 | Slutt            | Restar av frukta vert liggjende i klasserommet   |

Fyrste kontakten med dei utvalde skulane vart gjort på telefon til rektorane. Deretter vart det sendt ein skriftleg søknad med utfyllande informasjon om studien (Vedlegg 3). Leiinga ved begge skulane gav positiv tilbakemelding til å delta. Det vart avklara med rektorane at undersøkinga kunne gjennomførast i ein tilfeldig uttrekt 10. klasse. Den vidare kontakten med skulane gjekk via kontaktlærarane. Tabell 3 viser elevtalet i dei utvalde 10. klassane.



**Tabell 3.** *Utval av elevar for observasjon. 10. klassetrinn*

|         | Jenter | Gutar | Totalt |
|---------|--------|-------|--------|
| Skule 1 | 12     | 18    | 30     |
| Skule 2 | 15     | 9     | 24     |

#### 4.4.2 Val av elevar for intervju

Det vart valt å intervju elevar i 10. klasse, då dei gjerne er meir modne og reflekterte til å delta i eit intervju. Elevar på dette trinnet kan og sjå tilbake på tida utan gratis frukt og grønnsaker. Alle elevane i dei utvalde klassane var potensielle respondentar for intervjuundersøkinga. For å få tilgjengelege elevar til intervju vart det sendt brev med informasjon om studien og spørsmål om informert samtykkje til alle føresette (Vedlegg 4). Informert samtykkje inneber at den som deltek i eit forskingsprosjekt skal ha kjennskap til målet med undersøkinga og sine rettar som deltakar i prosjektet (Thagaard, 2004). I denne studien var respondentane umyndige og føresette måtte gje samtykkje. Brev til føresette vart sendt per post for å unngå at dei kunne liggje att i sekkane til elevane. Tabell 4 viser informerte samtykkje som vart levert tilbake til kontaktlærar.

**Tabell 4.** *Elevar med informert samtykkje*

|         | Jenter | Gutar | Totalt |
|---------|--------|-------|--------|
| Skule 1 | 7      | 4     | 11     |
| Skule 2 | 9      | 5     | 14     |

Kvalitative studiar er ofte basert på strategiske utval (Thagaard, 2004). Utvalet for denne undersøkinga vart til ved å velje ut respondentar som kunne medverke til å gje svar på problemstillinga samtidig som dei stilte seg tilgjengelege til å delta. Elevane vart difor tilfeldig trekte ut blant dei som hadde levert informert samtykkje. Bakgrunn for ei tilfeldig uttrekking var at eg som forskar ikkje hadde kjennskap til elevane for å kunne foreta eit strategisk utval. Det var heller ikkje ynskjeleg at lærar skulle påverke utvalet. Det vart trekt ut ei jamn fordeling mellom kjønna for å sikre at begge kjønn var likt representert. Utvalet vart då tre jenter og tre gutar frå kvar skule.

## 4.5 Observasjon

Observasjon inneber at forskaren er til stades der informantane oppheld seg. Då kan ein sjå kva som føregår og observere korleis informantane handlar. Under observasjon kan ein innta rolla som skjult eller open observatør, deltakande eller ikkje-deltakande (Thagaard, 2004). I denne studien var det naturleg med ein open observasjon. Då veit alle kva som skal skje og det gjer det lettare i høve til dei etiske sidene. Forskar informerte elevane om studien før observasjon starta. Når dei studerte er kjent med kva som vert observert, kan det ha innverknad på deira oppførsel, kva dei gjer og korleis dei svarar på eventuelle spørsmål. I fylgje Thagaard (2004) vil det avhenge av kor opptekne dei er med sitt. Det vil og vera avhengig av kor mykje ein som forskar ”gjer ut av seg”. I enkelte situasjonar kan ein trekkje seg meir unna og vera ”usynleg”. Deltakande observasjon inneber at ein går inn som deltakar i situasjonar som er aktuelle for å innhente informasjon. Dersom ein kjenner miljøet og situasjonane, kan det vera aktuelt å stå på sidelinja av det som skjer. Det føreset at ein veit kva ein skal fokusere på (Thagaard, 2004). Som observatør vart det naturleg å delta blant elevane i enkelte situasjonar, medan det i andre situasjonar var meir naturleg å vera i bakgrunn. Elevane hadde ulike læringsarenaer i løpet av skuledagen og forskar oppheldt seg der elevane var. Hovudfokus for observasjon var korleis frukt og grønnsaker vart presentert og korleis elevane tok i mot tilbodet. Elevane sine handlingar og utsegner kunne observerast ved å halde seg på sidelinja av det som skjedde. Observasjon hadde ikkje som mål å studere djupe nære relasjonar mellom elevane. Då måtte ein som forskar i større grad vore saman med elevane og ein dag observasjon ville ikkje vore tilstrekkeleg.

Under observasjon vil personlege eigenskapar og væremåte ha innverknad på korleis ein vert oppfatta og det kan påverke elevane sine handlingar. Eg oppheldt meg heilt bak i klasserommet for å oppta minst mogleg merksemd i undervisningstida. Når elevane arbeidde i grupper, på data, eller med praktiske oppgåver, gjekk eg rundt å prata med flest mogleg for å skape litt kontakt i forkant av eit eventuelt intervju. Under observasjon av elevane i den tida frukta vart servert, heldt eg meg i bakgrunn for ikkje å påverke deira handlingar. Då observasjon gjekk føre seg ein heil skuledag, vart det òg

naturleg å observere elevar frå andre klassar. Dette vart mest aktuelt på Skule 2, der dei primært skulle ete frukta ute i pausane.

#### **4.5.1 Observasjonsskjema**

Observasjon gjennom ein heil dag ville gje ei mengd informasjon. For å ivareta mest mogeleg informasjon vart det utarbeida eit observasjonsskjema (Vedlegg 5).

Observasjonsskjema vart utarbeida med utgangspunkt i problemstillingane og forskar sin førehandskunnskap. Det vart inndelt i hovudemne som omhandla organiseringa av frukta frå den kom til skulen om morgonen til skuledagen var slutt.

Observasjonsskjema var eit godt hjelpemiddel undervegs for å ivareta informasjon og refleksjonar som observasjon gav. All datainnsamling under observasjon var og viktig som bakgrunnskunnskap til utarbeiding av intervjuguide. Under enkelte situasjonar som til dømes i frikvartera kunne det verka forstyrrende at ein noterte, og då var det viktig å notere ned i nær tid etterpå.

#### **4.6 Intervju**

Det kvalitative forskingsintervjuet si målsetjing er å innhente empirisk kunnskap frå intervjupersonen sin livsverden (Kvale, 2001). Det halvstrukturete intervjuet, som vart brukt i denne studien, har ein viss struktur og det har fastlagde tema, men spørsmåla er opne og ein kan gjere endringar i rekkjefylgja undervegs. Det gjev rom for at respondenten kan ta opp tema som ikkje er avgjort på førehand og som intervjuar kan ein følgje opp svara ein får frå respondenten. Det er ei utfordring å få til gode spørsmål, både tematisk og dynamisk (Kvale, 2001). Spørsmåla skal medverke til å skape ein positiv interaksjon mellom forskar og respondent. Samtidig skal ein halde seg innanfor temaet og teorien som ligg til grunn for studien. Føresetnadane for at intervjuet skal gje den kunnskapen ein ynskjer er at ein har førehandskunnskap til temaet for undersøkinga, at ein har klare mål for intervjuet og at forskaren har kjennskap til ulike intervjuteknikkar og veit kva ein skal bruke (Kvale, 2001).

#### **4.6.1 Intervjuguide**

Intervjuguiden (Vedlegg 6) vart utforma med utgangspunkt i forskingsspørsmåla. Observasjon i forkant av intervju medverka og til utforming av intervjuguiden, i tillegg til eigen bakgrunn og kjennskap til tema. Det vart lagt vekt på å få fram ulike dimensjonar omkring tilbodet med frukt og grønnsaker, sett i perspektiv av at skulen skal vera ein helsefremjande og sosial læringsarena. Eit godt spørsmål skal gje svar som gjev nye spørsmål, uavhengig av intervjuguiden. Intervjuspørsmåla var opne, men i intervjusituasjon må ein gjerne formulere dei tydelegare. Det gjeld i større grad når det er elevar ein skal intervju. I eit halvstrukturert intervju vil det vera rom for dette. Thagaard (2004) legg vekt på oppbygginga av intervjuet i høve til kva tema ein startar og sluttar med. Intervjuspørsmåla vart sett opp i ei rekkjefylgje som noko å sei for intervjuet sin dramaturgi.

##### *Prøveintervju*

I forkant av denne studien har eg føreteke to prøveintervju med tre elevar frå 10. klasse ved ein annan skule enn dei eg skal gjere undersøkinga på. Det fyrste intervjuet hadde eg med to elevar samtidig, medan det andre var med ein elev. Respondentane i prøveintervjua var to jenter og ein gut. I tillegg har eg hatt ein samtale med ein kollega kring intervjuet. Dette gav nyttige erfaringar undervegs og intervjuguiden vart endra i denne prosessen.

#### **4.6.2 Gjennomføring av intervju**

Ei veke etter observasjon vart det teke kontakt med kontaktlærer for å avtale tidspunkt for intervju. Elevane hadde då hatt tre-fire dagar på å ta med informert samtykkje frå foreldra, under føresetnad av at postgangen hadde gått som normalt. Av erfaring er det lang nok tid for å få inn svar. Det viste seg og at dei fleste leverte straks etter at foreldra hadde fått brevet.

Intervjua vart fordelt over fleire dagar, med eitt til tre intervju kvar dag. På den eine skulen hadde kontaktlærer reservert eit grupperom, medan det på det andre skulen vart nytta eit ledig klasserom. Dette fungerte godt på begge skulane.

Under intervjuet vart det nytta bandopptakar med frittstående mikrofon. I tillegg vart det teke små notatar. Det var viktig å skape ein god atmosfære for at respondentane kunne føle seg trygge til å snakke om eigne opplevingar og erfaringar (Kvale, 2001). Samtidig var det viktig å finne ein balanse mellom det å vera nær samtidig som ein skal ha ein viss distanse. Under intervjusituasjon var det viktig å vera medviten ordval, kroppsspråk og tonefall, både hjå eleven og meg sjølv. Det treng ikkje berre vera dei reine orda som gjev informasjon.

Intervjuet starta med presentasjon og ein uformell samtale. Vidare vart respondenten informert om sine rettar og korleis innhenta informasjon ville bli oppbevart og nytta vidare i studien. Eg valde å starte med det minst "farlege" emnet som omhandla sjølve organiseringa. Vidare kom eg inn på fruktmåltidet i høve til den sosiale samhandlinga og kva fruktmåltidet har å sei for trivsel og for den enkelte. På slutten av intervjuet var spørsmåla svært opne. Kva tenkjer dei om at alle no får gratis frukt? Kva er intensjon til regjeringa som har innført dette? Desse spørsmåla inviterte til å få fram ulike dimensjonar kring denne ordninga. Hovudfokus heile vegen var å få fram eleven sine meininger, erfaringar og opplevingar. Då eg fylgde intervjuguiden i store trekk, og dermed hadde klare hovudemne å gå ut i frå, hadde eg mogelegheita til å vurdere svara undervegs i intervjuet. For å sikre at svara vart pålitelege vart det enkelte gonger stilt spørsmål om eg hadde oppfatta rett. Det viste seg at jentene gav meir uttømmende svar enn gutane. Gutane var meir kortfatta og det måtte i større grad stillast tilleggsspørsmål for å utdjupe svara.

Etter at bandopptakaren var slått av, vart respondentane spurt om korleis dei opplevde intervjusituasjonen. Det vart og stilt spørsmål om kva som var grunn til at dei hadde lyst å delta i eit intervju. Til slutt vart det informert meir om bakgrunn for og målsetjinga med prosjektet.

#### **4.7 Analyse**

Analyse er ein prosess der ein som forskar utviklar ei forståing av materialet. I kvalitativ forskning vil analyse starte alt under feltarbeidet (Thagaard, 2004). Hovudanalysen starta

med å sortere data frå observasjonsguiden og ved transkribering av intervju. Analysen i høve til begge problemstillingane er temasentrert. Det kan nyttast når ein ynskjer å gå i djupna på dei enkelte tema. Då kan ein samanhalde informasjon frå alle respondentane om kvart tema. Temasentrerte analysar er basert på at teksten vert delt inn i kategoriar (Thagaard, 2004). Dette vert nærare omtala i dei to neste kapitla om analyse av observasjon og intervju. Tolkinga er ein del av analysen, og omfattar gjerne meir djupare meiningstolkingar. Observasjon og intervju har gjeve tekstar med ulike perspektiv. Det er forskaren sitt perspektiv på teksten frå observasjon, medan elevperspektivet i størst grad kjem fram i dei transkriberte intervju. Dette gjev grunnlag for ei triangulering i deler av studiet. Det vil sei at fenomenet vert undersøkt frå ulike vinklar for å bestemme den eksakte plassering av den kunnskapen ein kjem fram til (Kvale, 2001).

#### **4.7.1 Analyse av observasjon**

Alle observasjonsdata vart fyrst skrivne ned i full tekst. Deretter vart observasjonsmaterialet delt inn i kategoriar som var meiningsberande for sentrale funn (Vedlegg 5). Dette kallar Thagaard (2004) den deskriptive fasen av analysen. Kategoriane hadde utgangspunkt i observasjonsskjema. I tillegg vart det valt å kalle ein kategori *hygiene*, då det viste seg som eit sentralt funn på den eine skulen. Nokre av kategoriane i observasjonsskjema gjekk litt over i kvarandre. I analysen vart desse slegne saman og funna vert presentert i seks ulike kategoriar.

#### **4.7.2 Analyse av intervju**

Analysen starta under intervju. Å transkribere vil sei å gjere munnleg tale om til skriftleg tekst (Kvale, 2001). Sjølv om ein skriv ordrett ned alt som vert sagt, vil det ikkje bli den same "samtalet" som når den er på band og endå fjernare frå den opphavlege samtalen. Det vil alltid forsvinne informasjon undervegs. Analysen av tekstane starta med å få ei oversikt over materialet. Intervjuspørsmåla var delt inn i kategoriar som vart eit utgangspunkt for hovudanalysen. Det vart laga ei samanfating

av dei viktigaste tendensane i teksten som vidare vart delt inn i kategoriar (Vedlegg 7 viser døme på ein kategori). Meiningsfortetting (Kvale, 2001) også kalla systematisk tekstkondensering ( i flg. Giorgi i Malterud, 2004) er ei fenomenologisk tilnærming til teksten. Det inneber at teksten vert tolka med minst mogleg preg av forskaren si førforståing (Malterud, 2004). Med utgangspunkt i intervjuguiden vart teksten kategorisert etter førehandsdefinerte hovudkategoriar som tok sikte på å gje svar på dei tre forskingsspørsmåla. Under kvar av hovudkategoriane vart det samla informasjon som var meiningsberande i høve til forskingsspørsmåla. I utgangspunktet vart det tolv underkategoriar. Ein grundigare gjennomgang viste at det var naturleg å slå saman nokre av dei, medan andre vart delt opp. Dette resulterte i ti underkategoriar. Med tanke på at dei to skulane skulle samanliknast, var det viktig å ta vare på same type informasjon frå observasjon og intervju. Dette gjorde det mogleg å ha dei same kategoriane i data frå begge skulane. I analysen vart det gjort ei samanlikning av gutar og jenter sine utsegner. Dette vart gjort fortløpande innan kvar kategori og det sikra at begge kjønn vart høyrde.

#### **4.8 Ethiske retningslinjer**

Gjennom heile studien frå ein planlegg innhenting av informasjon til den skriftlege rapporten ligg føre er det viktig å ta omsyn til etiske reglar (Kvale, 2001). Dei etiske reglane vil fungere som rammer for avgjerder ein må ta frå ein vel tema til korleis ein skal formidle den kunnskapen ein har innhenta. Det er ikkje berre den vitenskaplege verdien som skal liggje til grunn for ein studie. Kunnskapen som vert innhenta skal medverke til positive endringar for den situasjon ein undersøker (Kvale, 2001). Intensjon i denne studien var å få fram og synleggjere elevane sine synspunkt omkring frukt- og grøntordninga.

Det er meldeplikt for prosjekt som omhandlar personopplysingar (Kvale, 2001). Prosjektet fekk godkjenning av Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) (Vedlegg 8). Det vart innhenta samtykkje frå leiinga ved dei to skulane og informert samtykkje frå foreldra til respondentane (Vedlegg 3 og 4). Det var og viktig å sikre at alle opplysningar vart handsama konfidensielt og ingen av skulane eller respondentane

vart nemnt med namn på lydband eller andre stader i tilknytning til innhenta data. Det er viktig å ivareta elevane sin anonymitet utan at ein svekkar den enkelte sin bodskap. I denne studien der ein skulle samanlikne skular og sjå på skilnadar mellom kjønna, vart elevane presentert med initialar. Desse initialane: 2.2.J. tyder at det er ein elev frå Skule 2 som vart intervjuet som nummer to og det er ei jente. Av same grunn vart det valt å omtale elevane med han eller ho. Dette vart vurdert som etisk forsvarleg, då intervjuet ikkje omhandla særleg sensibel informasjon. Ved å nytte ein temasentrert presentasjon vart òg respondentane sin anonymitet ivareteken (Thagaard, 2004).

I alle studiar vil det vera ein asymmetri mellom forskar og respondent (Kvale, 2001). Når ein som vaksen intervjuer elevar var det viktig å vera klar på at ein ikkje vart for styrande i intervjusituasjon. Det vart fokusert på at elevane skulle oppfatte situasjonen som ein samtale mellom to likeverdige partar og at ikkje forskar vart oppfatta som ein ekspert på området. Det kunne lett føre til at dei gav svar som forskar ville ha. Bere et al.(2007a) viser til eit studie der dei trur at jentene feilrapporterer om eige fruktinntak, då dei veit kva svar som er ynskjelege.

Det er forskar sitt ansvar å rapportere kunnskap som er så sikker og verifisert som mogeleg (Kvale, 2001). Bruk av oppfylggingsspørsmål under intervjuet innebar at respondentane sine synspunkt vart søkt presentert slik det var meint. Deler av studiet vart undersøkt ved observasjon og intervju. Dette gav grunnlag for å kunne rapportere ein sikrere kunnskap enn om det berre vart nytta ein metode for innhenting av data.

For å sikre konfidensialiteten vart all innhenta informasjon og namnelister lagra innelåst. Namnelistene vart makulert etter gjennomførte intervju. Lydbandopptaka vart makulert når analysen av intervjuet var gjennomført.

#### **4.8.1 Reliabilitet**

Ei viktig side ved forskinga er at den vert gjennomført på ein tillitsvekkande måte slik at studien er truverdig. I litteraturen vert dette omgrepet og omtala som reliabilitet eller pålitelegheit. Truverde kan knytast til kvaliteten av den informasjonen prosjektet



baserer seg på og til vurderinga av korleis forskaren brukar og vidareutviklar det. Det inneber at ein må reflektere over dei ulike vala ein må gjere gjennom studien (Thagaard, 2004).

Ved å velje skular med ulike modellar for organisering av frukt og grønnsaker, vil ein få eit vidare perspektiv på elevane sine erfaringar. Klassane for observasjon vart tilfeldig valde (loddtrekning) ut for å sikre at rektor ved skulen ikkje skulle velje ut spesielt engasjerte lærarar og deira klassar. Fordelen med respondentar som har sagt seg villige til å delta er at dei er positive til eit intervju. Ulempa kan vera at berre spesielt interesserte elevar melder seg. Personar som ynskjer å delta kan føle at dei, i større grad enn det som er vanleg, meistrar sin livssituasjon. Personar som ikkje er villige til å delta, kan representere meir problematiske sider ved det fenomenet ein studerer (Thagaard, 2004). Inntaket av frukt og grønnsaker har samanheng med sosioøkonomisk status (Andersen et al., 2002) og det kan påverke utvalet.

Under observasjon var det viktig å notere ned og skrive ut dei faktiske observasjonane som vart gjort. Det var viktig å sikre at kvart intervju kunne stå for seg sjølv og unngå at dei, så langt som råd, vart påverka av forskar sine erfaringar frå tidlegare intervju. I den samanheng var det gunstig å ikkje ha for mange intervju same dag og ha ein pause mellom intervju. Det vil og ha innverknad på korleis ein møter den enkelte respondent i intervjusituasjon.

Leiande spørsmål kan både svekke og styrke ein studie. I intervjusituasjon vart det i nokre tilfelle stilt leiande spørsmål for å få ei stadfesting på det eleven meinte. Kvale (2001) seier at dette styrkar truverde og at faren for leiande spørsmål i intervjusituasjon er overdriven.

Intervjua vart transkriberte ordrett for å sikre at ikkje vesentleg informasjon gjekk tapt. Lydbandopptak og transkribert tekst vart gjennomgått for å sikre at det var samstemt. I presentasjon av funna vart det valt å formidle elevane sine verbale versjonar isolert frå forskar sine synspunkt og frå annan empiri og teori. Tilsvarande vart gjort i formidling av funn frå observasjon. For å gjere ei samanlikning undervegs innanfor enkelte

kategoriar, vart det referert til funn frå observasjon. Av etiske omsyn er det viktig å presentere alle stemmene (Kvale, 2001). Sitata som vart valt ut for presentasjon representerer både dei typiske og dei meir atypiske opplevingane og erfaringane som elevane sa noko om. Det er forsøkt å presentere elevsitat som er mest typiske for dei ulike kategoriane. Det vart og vurdert som viktig å få fram synspunkt som berre var gjeldande for ein eller to elevar.

#### **4.8.2 Validitet**

Med validitet meiner ein kor vidt ein undersøker det som er tenkt. Kvale (2001) seier at validering bør foregå som ein kvalitetskontroll gjennom heile studien der forskar skal ha eit kritisk syn på eigne tolkingar. Ved å få stadfesta respondenten sine utsegner undervegs, styrkar det studien sin validitet (Kvale, 2001). Validiteten vert styrka dersom studien sine funn vert støtta av anna forskning. Dette viser seg i stor grad i denne studien. Tolkinga har sitt utspring i observasjonar eller elevutsegner og det er forsøkt å forklare kva som ligg til grunn for resultatet som føreligg. Enkelte funn avvik frå annan empiri og det er vurdert moglege årsaker. Som forskar må ein sikre seg at der er ein samanheng mellom det empiriske materialet og den utførte analysen. Det er og viktig å vera medviten om at førforståinga kan påverke datamaterialet. Under observasjon fekk eg god kjennskap til korleis fruktordninga vart organisert og dette påverka i stor grad førforståinga i høve til intervjudelen. I analyse av intervjuet vart det fokusert på at ikkje eiga førforståing skulle påverke resultatet. Det vart vurdert som viktig å halde funn frå intervju og observasjon frå kvarandre, då det høvesvis er elevane og forskar sine erfaringar og opplevingar.

Validiteten i eit studie er og avhengig av om det kan brukast til noko (Kvale, 2001). Bakgrunn for å gjennomføre studien er omtala i kapittel 1. Kunnskap som vert utvikla i denne studien kan vera til nytte for andre skular. Skulen som arena for læring og med fokus på mat og måltid har i lang tid vore eit aktuelt tema innan helse i norsk utdanningspolitikk. Erfaringar frå denne studien kan vera eit bidrag i komande debattar og avgjerder. I kapittel 8.4 *Metodediskusjon* vert det gjort nokre avsluttande kritiske refleksjonar til studien.

## 5. FUNN OG ANALYSE ETTER OBSERVASJON

I dette kapitlet vert funn og analyse etter observasjon presentert. Under observasjon var hovudmålet å finne svar på problemstillinga:

*Korleis vert gratis frukt og grønnsaker organisert og presentert for elevane i skulen?*

Funna vert presentert i to hovudgrupper; funn frå Skule 1 og funn frå Skule 2 og er inndelt i seks kategoriar:

- Levering og lagring
- Organisering av frukta
- Utval og kvalitet
- Måltidet
- Hygiene
- Lærer/vaksendeltaking

Kommentarar og refleksjonar til funna vert presentert innan dei same kategoriane. Ei samanlikning mellom skulane på dei mest sentrale funna vert presentert i fire kategoriar som representerer dei viktigaste skilnadane mellom skulane. Drøfting av funn i høve til teori og empiri frå studien sitt teorigrunnlag vert presentert i kapittel 7.

### 5.1 Funn og analyse etter observasjon, Skule 1.

#### *Levering og lagring*

Skulen hadde avtale med ein lokal leverandør som leverte frukta kvar dag. Frukta vart levert om morgonen kort tid før den skulle hentast til klassane. Kassar med frukt vart plassert på golvet i ein korridor rett ved vareinntaket. Det vart levert ein kasse assortert frukt per klasse. I kvar kasse var det fire eller fem ulike sortar frukt og mengda var ulik etter klassestorleik. Kvar kasse var merka med tre eller fire kilo, då elevtalet i klassane varierte mellom tjue og tretti.

Det var ingen som tok i mot frukta då den kom til skulen og den vart ikkje kontrollert eller kvalitetsvurdert av ansvarlege ved skulen. Det kan vera ein måte å spare ressursar

på. Då skulen ikkje fekk ekstra midlar til å administrere fruktordninga, var det gunstig å få til ei ordning som sparte den ansvarlege for unødige oppgåver. Frukta vart ståande utan tilsyn fram til dei enkelte klassane skulle hente den. Då frukta vart henta sa elevane at der skulle stå ein elev som vakt. Dette var innført då elevar hadde forsynt seg av kassane før frukta vart henta til klassane og det hadde resultert i ein del forsøpling i korridorane, i tillegg til at mange klassar ikkje fekk den mengde frukt dei skulle ha. Ein lærar i klassen eg observerte fortalte at dette hadde vore eit stort problem i starten på skuleåret og at dei av den grunn hadde innført vaktordninga. Då kom det og fram at det ikkje var alltid denne vaktordninga fungerte slik den skulle, då elevane som hadde vakt ikkje møtte opp. På observasjonsdagen var der ikkje vakt og det viste tydeleg at det var teke frukt frå enkelte kassar. Kassane var ikkje merka med klasse, så det var ingen garanti for at alle klassane fekk den mengda dei skulle ha. Skulen hadde ikkje eige lager til frukta sidan dei fekk den levert kvar dag. Fruktvakta skulle setje frukta på kjølerommet ved skulekjøkkenet dersom det var kassar som ikkje vart henta innan første pause.

### ***Organisering av frukta til elevane***

Ti minutt før første pause henta tre elevar ein kasse med fem ulike sortar frukt. Dei studerte kassane nøye før dei valde ut den dei ville ha. Tilbake i klasserommet vart frukta delt opp av ein elev. Lærar skolte skjerebrett, fat og bolle til oppdeling. Læraren fann fram kniven og var aktiv pådrivar til å få eleven i gang med oppdelinga. Ein elev delte opp all frukta og la det i ei skål. Lærar hjalp til med å leggje det på eit fat. Etter oppmoding frå lærar vaska eleven skjerebrett, bolle og kniv etter bruk. Læraren tok hand om kniven etter oppdeling.

Det kunne verke som det var litt uklart kven som var ordenselevar, og fleire hadde lyst å hente frukta. For elevar som var lite motiverte for faget, kunne dette vera ein gyldig grunn til å kome ut av klasserommet ei kort stund. Det kan og tenkjast at dette var ein effekt av at eg var tilstades og at dei ville vera med av den grunn. Tilbake i klasserommet var det ingen som tok initiativ til å dele opp frukta før læraren sa kven som skulle gjere det. Eleven som delte opp gav uttrykk for at han ikkje hadde lært korleis det skulle gjerast, så han delte opp på sin måte. Frukta vart ikkje vaska før

oppdeling. Under oppdelinga vart det stort svinn på ananasen og epla vart delt med stilkar og kjernehus i. Oppdelinga gjekk raskt føre seg. Nokre elevar stod og venta på at frukta skulle bli klar og det kunne medverke til at eleven skunda seg med oppdelinga. Det kunne og vera fordi det snart var pause og eleven ville ut.

### ***Måltidet***

Måltidet starta då frukta var delt opp i slutten av andre time. Det var fleire elevar som samla seg der frukta vart oppdelt. Dei venta på at frukta skulle bli klar og nokon forsynte seg før den var klar. Då frukta var presentert sto elevane i ring rundt fruktskåla, prata og åt. Det var flest gutar som forsynte seg av frukta. Nokre tok frukta med seg tilbake til arbeidsplassen sin, medan andre tok seg ein bit før dei gjekk ut i pausen. Elevar som var inne åt frukt i pausen. Nokre av elevane som var ute i pausen forsynte seg når dei kom inn att. Frukta var tilgjengeleg i klasserommet resten av skuledagen, men det vart ikkje registrert at nokon åt frukt etter tredje time.

Då frukta var delt opp og lagt på fat, var læraren tydeleg på at ingen skulle forsyne seg før den vart presentert. Eleven som hadde delt opp skulle sei ”ver så god” når dei andre kunne ta til å forsyne seg. Her hadde skulen lagt til rette for at elevane fekk litt av undervisningstida til å ete frukta og eg fekk inntrykk av at denne stunda var eit høgdepunkt for mange. Det kunne verke som at frukta medverka til å skape ein sosial arena for åtte-ti av elevane som stod samla, åt og prata. Denne sosiale samhandlinga varte om lag fem minutt på slutten av timen og litt inn i pausen. Andre elevar tok frukta med tilbake til pulten og deltok ikkje i den sosiale samhandlinga. Det kan tyde på at der var ulike motiv for å forsyne seg av frukta.

### ***Utval og kvalitet***

I kassen som elevane henta var det fire kilo frukt med ein ananas, to appelsinar, fire pærer, fem eple og fem bananar denne dagen. Bananane var lite modne. Dei andre sortane var friske og passe modne, ut frå det som vart observert. Kvaliteten på frukta endra seg utover dagen etter at den var skoren opp. Eplebåtar og bananbitar vart brunfarga og appelsinbåtane fekk ei tørr overflate.

Levering av eit assortert utval føreset avtale med lokal leverandør som kunne lage til kassane før dei vart levert til skulen. Dersom frukta skulle vore transportert over lenger avstand og lagra på skulen, ville dette vore vanskelegare av omsyn til ulike lagringstemperaturar. Alternativet kunne vore å ha ein person på skulen som kunne gjort dette, eller at det var ei oppgåve som gjekk på omgang mellom dei ulike klassane. Det kunne sjå ut som at utvalet i kvar kasse var tilfeldig, då ingen kassar såg like ut. Då frukta vart servert såg det innbydande ut med mange ulike sortar og fargar. Frukta var freistande med mange ulike fargar, men på grunn av tilfeldig oppdeling, var det eit stort forbettringspotensiale i presentasjon. Ananas og pærer var dei mest populære fruktene, kanskje fordi det er dei søtaste. Elevane gav uttrykk for at bananane ofte var grønne, men dei åt dei likevel. Epla låg for det meste att. Det kan ha si årsak i at kjernehus og stilkar ikkje var fjerna, men og at dei vart brune etter kvart. Det kunne gjerne vore aktuelt å dele opp epla etter kvart som elevane ville ha. Det var ingen grønsaker i utvalet til klassane denne dagen. Etter matpausen, i fjerde time, såg ikkje frukta lenger innbydande ut, noko elevane og gav uttrykk for. Det kunne til dømes vore færre eple og heller ei anna frukt eller grønsak som heldt betre kvalitet utover dagen. Sidan så mykje frukt vart kasta, burde det vore til ettertanke for å gjera endringar. I samtale med lærar etter observasjon kom det fram at det enkelte dagar var mykje frukt som låg att. Den oppdelte frukta kunne ikkje liggje til neste skuledag og brukast til anna føremål, som til dømes i faget *Mat og helse*.

### ***Hygiene***

Observasjon viste at det vart teke lite omsyn til hygiene i samband med organisering og presentasjon ved oppdelt frukt. Det vart ikkje registrert at eleven som delte opp frukta vaska hendene før arbeidet starta. Frukta vart ikkje vaska før oppdeling.

Oppfylginga i høve til det hygieniske viste seg å vera mangelfull og det var ikkje godt tilrettelagt for å ivareta god hygiene. Oppdelinga føregjekk på eit bord som det vart rydda plass på fyrst. Det var plassert ved sida av vasken. Som observatør stilte eg meg undrande til at hygienen ikkje vart teken meir alvorleg av den som hadde ansvar for oppdelinga. Kniv, skjerebrett og fat vart skolt under springen og tørka med tørkepapir av lærar. Den mangelfulle hygienen kunne ha innverknad på kor mange elevar som

forsynte seg av frukta og på kva slags frukt dei forsynte seg av. Dette kom tydeleg fram då nokre jenter seg i mellom spurte kven som hadde delt opp. Det kunne verke som dei eigentleg visste kva som hadde føregått, men at dei var litt forsiktige med å sei noko, som eit mogeleg resultat av at der var utanforståande denne dagen. Dette er eit sentralt område som skulen bør prioritere dersom dei skal halde fram med inneverande ordning.

Det vart ikkje observert søppel etter frukta ute eller i korridorane, og det kunne sjå ut til at regelen med å ete inne fungerte. På slutten av dagen var om lag ein tredjedel av frukta att. Det var for det meste eple, samt noko appelsin og banan som låg att. Elevane kasta avfallet i bosskorga, som var plassert like ved fruktfatet. Ordenseleven kasta restane i bosskorga då skuledagen var slutt.

### ***Vaksen/Lærar-deltaking***

Det kom spørsmål om å hente frukta lenge før tida var inne, men då var læraren klar på at det var for tidleg og det vart sagt frå når elevane kunne gå og hente den. Læraren var aktiv i samband med oppdeling og servering av frukta. Då dette føregjekk medan det framleis var time, vart det ei ekstra oppgåve som lærar måtte ta tid til innimellom undervisninga. Det kunne verke som ei vanskeleg oppgåve å fylgje opp eleven som skulle dele opp frukta. Det vart ikkje sagt noko om vasking av frukta eller at eleven burde fjerne kjernehus og stilkar av epla. I fylgje informasjon frå skulefruktansvarleg, som ved denne skulen var rektor, var det elevane som skulle ha ansvar for organiseringa med frukta. I samtale med ein lærar kunne det verka som at dette var noko dei såg på som ei ekstra oppgåve dei hadde fått. Læraren la vekt på at han såg positivt på ordninga med gratis frukt til elevane, men at det gav meirarbeid for personalet.

## 5.2 Funn og analyse etter observasjon, Skule 2

### *Levering og lagring*

Frukta vart levert til skulen før skulestart. Leverandør sette kassane med frukt inn i svalsåp i kantina. Det var tre ulike sortar berekna på tre dagar. Skulefruktansvarleg var til stades for å låse opp, ta i mot frukta og kontrollere leveransen. Observasjonsdagen var det eple som skulle delast ut til elevane.

Skulen fekk levert frukt to dagar i veka. Frukta vart levert av grossist som leverte til fleire skular i distriktet. Dette var ei løysing som, i fylgje skulefruktansvarleg, fungerte godt i høve til det praktiske. Då skulefruktansvarleg var til stades kunne han sjekke at kvaliteten på frukta var tilfredstillande og at leveransen var i tråd med faktura.

### *Organisering av frukta fram til eleven*

Skulefruktansvarleg låste opp og sette kassane med frukt på ein benk i kantina, fem minutt før første pause. To elevar i kvar klasse hadde ansvar ei veke for å hente frukta. Dette var ikkje dei same som hadde andre ordensoppgåver, slik at oppgåvene var fordelt på fleire elevar. Då frukta skulle hentast rett før første pause, var det ikkje teikn til at nokon i denne klassen skulle hente frukta. Det vart heller ikkje sagt av lærar at frukta skulle hentast. Det viste seg at klassen skulle ha kroppsøving i neste time, og at dei av den grunn var opptekne med å kome seg til garderobane for å skifte. Då tredje time starta var der att nokre elevar som skulle jobbe med individuelle kroppsøvingssprosjekt i klasserommet. Frukta vart henta av to elevar i tredje time. Kvar klasse hadde sin eigen fruktkasse der dei talde opp eple etter kor mange dei var i klassen. Den vart sett på eit bord rett ved utgangsdøra i klasserommet. Frukt som var att etter at alle klassane hadde henta, vart sett inn att i svalsåp i matpausen av lærar som hadde ansvar for kantina

I fylgje elevane vart det ikkje alltid prioritert å hente frukta før første pause når dei hadde kroppsøving, men at den vanlegvis vart henta før første pause eller i pausen.



### ***Måltidet***

Elevar frå andre klassar hadde henta frukta til frikvarteret. Ein del elevar stod ute i grupper medan dei åt eple. Nokre elevar sto inne i korridorane og åt. Klasseromma var låst, så alle elevane oppheldt seg på fellesarealet ute og inne. Frukta var tilgjengeleg frå tredje time og ut skuledagen. Elevane forsynte seg med eple i matpausen, i timane, før og etter siste pause. Fleire elevar tørka av epla med hendene, medan nokre skolte dei under springen. Klasserommet var låst i pausane før og etter matpausen, og då tok elevar med seg frukt før dei gjekk ut.

Då elevar frå andre klassesetrinn åt frukta ute i første pausen, gav det eit inntrykk av eit fellesskap i måltidet. Det var og elevar på fotballbana som åt eple og nokon åt utan å vera saman med andre. Dette kan tyde på at det kan vera ulike motiv for at dei åt frukt. Det kunne vera fordi dei var svoltne, berre hadde lyst på noko eller at frukta medverka til eit fellesskap og sosial samhandling. Det kunne verke som at frukta vart meir eit individuelt måltid, elevane tok eit eple når dei hadde lyst på i løpet av dagen. Kvar dag før matpausen hadde alle elevane på skulen fysisk aktivitet ein halv time. Det var fleire som tok frukta med seg til denne aktiviteten. Dette kunne i fylgje ein elev vera avhengig av kva slags aktivitet dei hadde. På observasjonsdagen var den fysiske aktiviteten i forlenging av kroppsøvingstimen for alle 10. klassane. Frukta inngjekk for mange som ein del av skulemåltidet denne dagen. Det viste seg då mange åt matpakka i kantina og frukta som ein avslutning på dette måltidet.

### ***Utval og kvalitet***

Eple, pærer og appelsin vart levert til skulen. Det vart henta 24 eple på observasjonsdagen, eitt til kvar elev i klassen. Epla hadde ein frisk raudfarge og såg gode ut. Nokre eple hadde små brune flekker.

I fylgje skulefruktansvarleg hadde dei hatt eit større utval tidlegare, men av ulike årsaker hadde dette vorte mindre. Det var ikkje lenger gulrøter i utvalet. Gulrøtene som hadde vore tidlegare hadde hatt ein dårleg kvalitet. Det hadde og vore kiwi tidlegare, men då dei hadde skifta leverandør på hausten, var ikkje kiwi med i utvalet til den nye leverandøren. Utvalet var pærer, eple, appelsin og banan som gjekk att veke etter veke.

Det medførte som oftest at elevane fekk eple to gonger i veka. Det hadde vore diskutert i leiinga ved skulen om dei skulle gå tilbake til den tidlegare leverandøren, men dette var ei sak som ansvarleg i kommunen måtte avgjere, då avtalen var felles for fleire skular i kommunen. Skulen fekk levert ei frukt pr elev. Enkelte dagar låg det att mykje frukt, og av den grunn hadde dei vurdert å redusere mengda frukt som vart levert. Det kan ha si årsak i at utvalet var vorte mindre med ny leverandør og at elevane av den grunn gjekk lei av dei same sortane. Elevane uttrykte at epla var gode, men dei var kritiske til det eple dei valde ut. Kvaliteten såg fin ut, men det viste seg at dei epla som låg att hadde små brune flekkar. Dette var eit teikn på at kvaliteten var viktig for at elevane ville ha den. Det som var att av frukt i klasseromma, vart ofte lagt på personalrommet.

### ***Hygiene***

Då mange av elevane tok med seg frukta til kantina i matpausen, er det uvisst om dei vaska den før dei åt den. Det vart ikkje observert om elevane vaska hendene før dei åt frukta. Skulen hadde ikkje noko fokus på hygiene i samband med fruktmåltidet. Det var opp til kvar enkelt elev å vurdere kor vidt dei ville vaske frukta eller ikkje. For å unngå at restar og skal skulle forsøple skuleområdet, hadde dei gått til innkjøp av mange matavfallskorger som var plassert i klasserom, i korridorar og ute ved inngangsdørene. Det var ikkje alle elevane som nytta seg av desse, spesielt på uteområdet. Reinholdspersonalet gav uttrykk for at det var lite søppel frå frukta inne.

Det låg att eitt eple i kassen då skuledagen var slutt. Då elevane hadde gått for dagen, gjorde eg ein observasjon i to andre klasserom. Der låg det att tre og fire eple og det var fleire halvete eple i matavfallet. Det vart observert noko skal og anna søppel etter frukta på uteområdet, mest rett ved inngangen der elevane oppheldt seg i pausane.

### ***Vaksen/lærer-deltaking***

Læraren hadde ingen synleg rolle i høve til fruktordninga på observasjonsdagen. Ut frå den modellen som denne skulen hadde, var det elevane som hadde alt ansvaret for organisering av frukta til elevane. Det kunne vera tilfeldig at lærar ikkje deltok denne dagen, at det var på grunn av at forskar var til stades og at han ikkje på nokon måte ville

påverke det som føregjekk rundt frukta. Det kunne og ha si forklaring i at elevane skulle ha kroppsøving og at det av den grunn frukta ikkje vart nemnt. Skulefruktansvarleg var den vaksne som deltok i organiseringa, og hadde denne oppgåva i tilknytning til jobben som kontorassistent. Han var til stades på morgonen då frukta kom til skulen og då elevane henta frukta til klassen.

### 5.3 Samanlikning av modellane ved skulane

Dei systematiserte funna i Tabell 5 vert kommentert i fylgjande kapittel, saman med dei viktigaste skilnadane som er oppsummert i Tabell 6.

**Tabell 5.** *Funn etter observasjon*

| Hovudkategoriar                        | Underkategoriar | Skule 1   | Skule 2  |
|--|-----------------|---|--|
| Levering til skulen og lagring         | Tid             | Kvar morgon.  | To dagar i veka, før skulestart                            |
|  | Plassering      | På golvet i korridor  | I svalsåp i kantina  |
|  | Utval           | 4-5 ulike sortar frukt i kvar kasse   | 3 sortar frukt i kvar sine kassar                          |
|  | Mengde          | 3-4 kg til kvar klasse  | Frukt til alle for 3 dagar                                 |
|  | Vaksendeltaking | Ikkje registrert  | Skulefruktansvarleg  |
| Organisering av frukta fram til eleven | Tid             | Ti minutt før første pause  | Rett før første pause                                      |
|  | Elevdeltaking   | Henta frukta til klasserommet<br>Delte opp frukta                           | To elevar hadde ansvar for å hente frukta til klasserommet |
|  | Vaksendeltaking | Lærar   | Skulefruktansvarleg  |
|  | Hygiene         | Vask av utstyr før og etter oppdeling                                       |  |
| Frukta                                 | Mengde          | 4 kg til oppdeling  | Ei heil frukt til kvar elev                                |
|  | Utval           | Ananas, appelsin, eple, pære og banan                                       | Eple   |
|  | Kvalitet        | Lite modne bananer<br>Elles frisk og passe moden                            | Frisk raudfarge<br>Enkelte små brune flekker               |
| Fruktmåltidet                          | Tid             | Etter oppdeling før første pause og i pausen<br>Tilgjengeleg frukt ut dagen | I første pause.<br>Tilgjengeleg frukt ut dagen             |
|  | Stad            | I klasserommet  | Ute og i korridorane                                       |
|  | Organisering    | Elevane samla seg rundt fruktfatet og åt i fellesskap                       | I fellesskap<br>Enkeltvis utover dagen                     |
|  | Hygiene         | Ikkje registrert handvask eller vask av frukt.                              | Nokre vaska si frukt                                       |
| Restar og avfall                       | Restar          | Om lag ein tredjedel  | Eitt eple  |
|  | Avfall          | I restavfall  | I organisk avfall  |
|  | Forsøpling      | Ikkje registrert  | På uteområdet  |

### ***Leveringsfrekvens***

Når skulen fekk levert frukt kvar dag, var det ikkje naudsynt å ha lagerplass til store mengder frukt. Det kan vera ein fordel på skular som ikkje har egna plass for svalskåp til oppbevaring av frukta. Det kunne vera sårbart i høve til om frukta ikkje kom fram skulen i rett tid. Fruktpausen var lagt til tidleg på dagen og då var det ein føresetnad at frukta vart levert til rett tid kvar dag. På Skule 2 hadde dei større fleksibilitet i høve til at frukta vart levert tidleg om morgonen to dagar i veka. Om ein enkelte dagar ynskte å ha frukta til eit anna tidspunkt eller om ein klasse ville ha med seg frukt på tur dagar, var den alltid tilgjengeleg på lager. Dette kravde eigen lagringsplass som kunne ivareta kvaliteten på frukta best mogeleg.

### ***Utvalet***

Observasjon viste at det var stor skilnad i utvalet av frukt ved dei to skulane. Utvalet hadde ein samanheng med leveringsavtalane som skulane hadde. Skule 2 nytta ordresystemet til "Skolefrukt". Det innebar at frukta vart levert i heile kassar og det var eit avgrensa utval (Vedlegg 1) Modellen var lagt til rette for at frukta skulle serverast heil. Heil frukt kunne føre til at frukta vart halveten. Der ein hadde oppdeling og laga til eit fruktfat, var det mogeleg å ha eit større utval og større variasjon., Eit stort utval gav elevane fleire smakar og større variasjon.

### ***Organisering og tilrettelegging***

På begge skulane var frukta tilgjengeleg frå første pause og ut skuledagen. Organiseringa varierte mykje ved dei to skulane. Modellen med heil frukt kravde lite organisering i høve til oppdelt frukt. Både elev- og lærardeltaking vart liten. Modellen med oppdelt frukt hadde eit større potensiale for å få til ein lærings situasjon og ein sosial arena for elevane. Både lærar og elev var i mykje større grad aktive i denne modellen. Det såg ikkje ut til at skulane hadde klare retningslinjer for å ivareta dei hygieniske krava omkring fruktmåltidet. Både eigen observasjon og elevar sine utsegner på observasjonsdagen viste at, især på Skule 1, hygienen ikkje vart ivareteken. Dette kan vera ei årsak til at mykje frukt vart kasta på slutten av dagen. Dette viste seg ikkje på same måte der dei hadde heil frukt. Der var det den enkelte sitt ansvar å vaske si frukt.

På Skule 1 hadde dei etter kvart gjort mykje tilrettelegging for at ordninga skulle fungere. Innføring av fruktvakter, innlåsing av kniven og forbod mot å ete frukta ute, var retningslinjer som var innført etter kvart som dei såg at det trongst. Skulen hadde og tilrettelagt for oppdeling ved å bruke av undervisningstida. Å innføre nye reglar og tiltak kravde oppfylging og ein ekstra innsats både frå elevar og lærar. Dette kan ha samanheng med at skulefruktansvarleg ikkje deltok i den daglege organiseringa. På Skule 2 låg tilrettelegginga på eit meir overordna nivå. Skulefruktansvarleg hadde ei sentral rolle i den praktiske organiseringa, elevansvar var plassert og lærarinnsatsen var mindre. Skulen hadde fått låne svalsåp frå fruktleverandøren og hadde plassert mange matavfallskorger både ute og inne.

### ***Måltidsarena***

Medan dei på Skule 1 åt frukta inne, var det i utgangspunktet uteområdet som var måltidsarenaen for Skule 2. Det var opp til kvar enkelt om han ville ta med seg frukta ut i første pausen eller om han ville ete den på eit seinare tidspunkt. Læraren var ikkje til stades i pausen og det var ikkje lagt til rette for å gjere dette til eit felles måltid for klassen. Måltidet vart meir individualisert. Det kunne ha sine fordeler ved at eleven tok frukta når han hadde mest lyst på den eller var svolten. Ved å ete frukta i klasserommet, som ved Skule 1, unngjekk dei forsøpling på fellesarealet både ute og inne. Då heile klassen var samla inne før pausen, med lærar til stades, var det eit godt utgangspunkt for å få til eit fellesskap kring frukta.

**Tabell 6.** Skilnader mellom skulane med mulege fordelar og ulemper

| Skilnader mellom skulane        |              | Fordeler   | Ulemper  |
|---------------------------------|--------------|--|--|
| Levering                        | Dagleg       | Treng ikkje lager  | Krav til fast tidspunkt for utdeling   |
|                                 | 2 dg/veke    | Større fleksibilitet i tidspunkt for utdeling  | Krav til lagerplass  |
| Utval                           | Mange sortar | Gjev grunnlag for mange ulike smaksopplevingar   | Kun det beste blir ete, t.d kan eple bli ståande att   |
|                                 | Ein sort     | Enkelt å administrere<br>Alle får det same   | Kjedeleg, elevane går lei.<br>Alle likar /toler ikkje dagens sort  |
| Organisering og tilrettelegging | Oppdelt      | Fleire forsyner seg<br>Meir innbydande<br>Stort utval<br>Større elev-og lærardeltaking         | Mykje organisering<br>Store krav til hygiene<br>Restar må kastast  |
|                                 | Heil         | Lite organisering<br>Større fleksibilitet i høve til tidspunkt for å ete<br>Restar kan nyttast | Lite utval<br>Halveten frukt   |
| Måltidsarena                    | Inne         | Læringssituasjon.<br>Sosial samhandling i klassen<br>Større fellesskap<br>Lite forsøpling      | Generelt er elevane lite ute.<br>Fruktordninga kan medverke ytterlegare til dette.<br><br>Avgrensar elevane i høve til samvær med andre. |
|                                 | Ute          | Samvær med vener frå andre klassar   | Forsøpling   |

## 6. FUNN OG ANALYSE FRÅ INTERVJUA

I dette kapitlet vert funn og analyse frå intervjua presentert. Funna vert presentert i tre hovudkategoriar som er utleia frå forskingsspørsmåla som vart laga ut frå problemstillinga:

*Korleis opplever elevane ordninga med gratis frukt og grønnsaker?*

Innan kvar hovudkategori er det tre eller fire underkategoriar, som vist i Tabell 7. Skulane vert presentert kvar for seg og det vert avslutta med ei oppsummering for kvar hovudkategori. Det er ikkje alltid like tydelege skilje mellom dei ulike kategoriane, då enkelte funn kan vera av ein slik art at dei kan gå inn i fleire kategoriar. Drøfting av funna i høve til teori og empiri frå studien sitt teorigrunnlag vert presentert i kapittel 7.

I dette kapitlet vert frukt og grønnsaker omtala som frukt. Det er med bakgrunn i at elevane omtala tilbodet som frukt.

**Tabell 7** Hovud- og underkategoriar frå intervjuundersøkinga

| Hovudkategori                     | Underkategori   |
|-----------------------------------|---|
| Kvaliteten på tilbodet            | <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering</li><li>• Hygiene</li><li>• Lærardeltaking</li><li>• Utval og kvalitet</li></ul> |
| Innverknad på det sosiale miljøet | <ul style="list-style-type: none"><li>• Måltid/fruktpause</li><li>• Sosial samhandling</li><li>• Personleg innverknad</li></ul>       |
| Målsetjinga med tilbodet          | <ul style="list-style-type: none"><li>• Likt tilbod til alle</li><li>• Verkemiddel</li><li>• Sunnare kosthald</li></ul>               |



## 6.1 Kvaliteten på tilbodet.

Elevane sine opplevingar av korleis tilbodet vart organisert var ei side i høve til kvaliteten på tilbodet. Vidare var kvalitet og utval viktige faktorar i høve til elevane si vurdering av sjølve frukta.

### 6.1.1 Organisering av frukta i klassen.

#### *Skule 1*

Elevane hadde ansvar for at frukta vart henta til klasserommet. I klasserommet skulle frukta vaskast og delast opp før den vart servert til medelevane. Elevane uttrykte at dette ikkje var noko spesielt ettertrakta arbeid, men at dei måtte gjere det, som ei av mange oppgåver ein ordenselev har. Fylgjande sitat er døme på korleis elevane sa det:

*”Det er ordensvaktene som har den jobben med å hente frukta. Og så skal dei skjære det opp og dele det ut. Folk spør etter frukta viss den ikkje blir henta når den skal og det er jo bra”. (1.1.J)*

*”Det er no ordensvaktene sitt arbeid det. Heilt greitt å gjere det, men det er ikkje alle som gidd. Då er det alltid nokon andre som går, vi vil jo ha frukta”.(1.6.G)*

Funna kan tyde på at jenter og gutar opplevde organiseringa ulikt. Alle dei tre jentene uttrykte at andre enn elevane burde dele opp frukta. Ei av dei sa det slik:

*”Eg synes det burde vore organisert betre, at det kunne vore faste personar som skjærte opp frukta eller at dei skjærte det opp nede allereie, det går jo an”.(1.4.J)*

Gutane såg meir på det som ein kjedeleg jobb dei måtte gjere. Ein av dei gav uttrykk for at det var *”til å leve med”* (1.6.G), då det ikkje vart så mange dagar på kvar i løpet av eit skuleår. Ein annan sa det slik:

*”Det går fint med den oppdelinga, men det er noko ein blir lei av..(sukk)”. (1.5.G)*

Ein av dei intervjuja elevane var tillitsvald i sin klasse. Ho hadde ikkje kjennskap til at elevane hadde delteke i planlegginga då organiseringa vart innført.

## **Skule 2**

Elevane fortalde at dei var to fruktvakter kvar veke. Dei hadde ansvar for å hente frukta til klassen i første pause. Om dei ikkje hadde lyst å hente, var det alltid nokon i klassen som gjorde det, gjerne dei same gong etter gong. Dei tykte det fungerte slik det var og såg ikkje andre måtar det kunne organiserast på. Følgjande sitat viser dette:

*”Me har sånne ordensmenn, sånn at det er to faste som går og hentar frukt inni kantina. Det er i slike korger, so kjem dei hit og so går me og tek det sjølv når me har lyst på”.* (2.3.G)

*”Det er ei grei ordning, for då slepp kvar og ein å gå i kantina etter frukt. Så kan me jo ta når me vil i løpet av dagen”.* (2.6.G)

Den siste utsegna påpeika to sentrale punkt som kan vera viktig for om elevane et frukta. Då frukta kom til klasserommet, vart den lett tilgjengeleg for alle elevane. Mange elevar ville kanskje ikkje henta frukta om dei måtte gå i kantina. Frukta vart ståande i klasserommet heile dagen, og eleven såg det som positivt at han kunne forsyne seg når han sjølv ville ha. Fleire elevar sa og at det var bra at dei kunne forsyne seg når dei ville. Under observasjon viste det seg at frukta stod lett tilgjengeleg i klasserommet og at elevane forsynte seg med eple i løpet av heile dagen.

### **6.1.2 Hygiene**

#### **Skule 1**

Hygiene vart eit sentralt tema i samtalen med nokre av elevane. Fleire gonger under intervjuet kom det fram at dette var eit område dei ikkje var nøgd med. Jentene gav uttrykk for at dei ikkje var nøgde med korleis hygiene vart ivareteken. Tidleg på hausten hadde dei hatt ein gjennomgang i høve til hygiene, men dei opplevde likevel at det ikkje vart prioritert av den enkelte som hadde ansvaret. Jentene var tydelege på at dette gjekk ut over det tilbodet dei hadde, då det resulterte i at mange ikkje forsynte seg av frukta og at det ofte vart mykje restar liggjande att. To av jentene fortalde dette om erfaringar dei hadde omkring dette:

*”Du skal vaske all frukta og så vaskar du kniv og skjerebrett og så skal du skjære opp frukta fint og ta bort steinar og sånt som er inni, og så legge det fint i ein nyvaska bolle.*

*Og så når du er ferdig å skjære opp alt så skal det vaskast igjen og leggjast vekk...Og du skal sjølvstगत vaske hendene før du startar med frukta. Enkelte dei berre slenge det frå seg når dei er ferdige å skjære frukta , dei vaskar det ikkje, dei let det berre liggje der ved tavla og så..... , ja. Trur veldig mange ser på hygiene som eit stort problem når dei deler den frukta. Eg synes det er kjempeekelt, at dei som skjærer opp frukta er skitne på hendene og at den har stått der ved tavla, og når du vaskar tavla så kjem det kritt nedover.” (1.3.J)*

*”Nei, det er ikkje alle som likar, eller folk likar frukt, men dei likar ikkje at andre folk tar på det. Det har folk sagt. Men det er jo forskjellig kva folk meiner og synes. Kanskje at vi skulle fått oppdelt frukta ferdig til klassen, slik at dei som deler opp har greie på det eller..”(1.1.J)*

Elevane gav ulike forklaringar på kvifor det var slik, men at det i størst grad var at mange rett og slett ikkje brydde seg med det, dei såg ikkje på hygiene som viktig.

Ingen av gutane gav uttrykk for at det var noko negativt rundt det hygieniske. Dei trudde alle at frukta vart vaska. Ein av dei sa det slik:

*”Det er no berre det at du skal vaske frukta og så må du jo vaske hendene. Ikkje noko spesielt anna enn det, trur eg. Og så er det jo sånn at ordenseleven vaskar bollen og dei der skjereffjølene når me får frukt. Som oftast vaskar dei frukta. Altså det som skal vaskast, det vaskar dei”.(1.2.G)*

Andre funn tyder på at gutane bryr seg mindre med kva andre gjer og at dei kanskje trur at frukta er vaska. Dette vert teke opp i kapittel 6.7.1; *Likt tilbod til alle*. Rammevilkåra for å fylgje retningslinjene for god hygiene var ikkje tilfredstillande slik elevane fortalde og observasjon viste. Det mangla eigna plass og fasilitetane for å vaske opp var ikkje tilfredstillande. Det kunne sjå ut til at skulen hadde sett i verk ei ordning som ikkje var førebudd godt nok.

Ei anna side av hygienen var forsøpling med frukta. Det hadde vore ein del episodar med forsøpling tidlegare. Etter at skulen hadde innført ordninga med å ha ei fruktvakt der kassane stod, hadde dette betra seg ein del. No fekk alle klassane den frukta dei skulle ha og det var ikkje så mykje forsøpling i korridorane. Fleire elevar tykte at denne vaktordninga fungerte godt, medan ein elev viste stor misnøye i høve til heile organiseringa. Det kunne verke som om tilhøva kring oppdelinga overskygga dei andre

sidene ved organiseringa, og at eleven av den grunn var gjennomgåande negativ til heile organiseringa. Elevane var nøgd med at dei berre kunne ete frukta inne, mellom anna av omsyn til forsøplinga. To av elevane sa det slik:

*”Vi har nokon sånne fruktvakter som passe på at frukta ikkje blir stjelt. Det hadde vi ikkje i starten, då vart frukta kasta rundt i gangane og sånn”.*(1.4.J)

*”Men før var det meir griseri, så det er egentlig veldig greitt at vi berre kan ete inne. Ein skal jo ikkje gå og leike med frukta”.*(1.2.G)

Under observasjon var der inga vakt, så det spørst kor godt ordninga fungerer. Sjølv om der ikkje alltid står nokon vakt, kan det ha ein preventiv effekt. Skulen hadde teke fatt i dette problemet og elevane såg sjølve at dette var ei fornuftig løysing. Det gagna alle og hadde truleg noko å sei for skulemiljøet.

## **Skule 2**

Då frukta vart servert heil hadde ikkje elevane fokus på hygiene i samband med fruktmåltidet. Det var ingen av elevane som trekte fram hygiene som eit sentralt tema i samband med organiseringa. Elevane meinte at når frukta såg fin ut var det ikkje nødvendig å vaske den. Tre av dei intervjua elevane sa at dei vaska frukta når dei åt skalet, medan dei andre fortalde at dei gjorde det av og til viss dei hadde tid. På spørsmål om dei vaska frukta, var det to som sa det slik:

*”Dei fleste fruktene treng ikkje å bli vaska, for det er ein ganske god kvalitet på dei frå før. Av og til får vi sånn eple med voks, då berre vaskar me dei sjølv. Det er berre epla som trengst å vaskast. Pærene er veldig fine og dei andre fruktene har jo skal. Nokon vaskar og nokon ikkje”.* (2.1.J)

*”Eple pleier me sjølv å vaska. Eg trur ikkje dei vert vaska før me får dei. Av og til vaskar eg. Viss eg ikkje har dårleg tid så tek eg det nett under springen”.* (2.4.G)

To av jentene reflekterte litt meir over det med vasking av frukt. Ein av dei var oppteken av at frukta måtte vaskast fordi *”den er jo sprøyta, så det er jo viktig”.* (2.2.J). Den andre eleven tenkte på kor mange det var som tok i frukta:

*”Det burde eigentleg vore eit system på det, for det er jo mange som har teke på frukta. Når dei vel ut det som ser finast ut, så tek dei på og legg ned igjen. Det blir litt sånn”.* (2.5.J)

På spørsmål om dei opplevde at det vart mykje søppel av frukta, vart det vist til nokre tidlegare episodar. Elevane fortalde om ulike situasjonar der frukt var kasta og eple hengt på klesknaggane. Ein sa det slik:

*”Då kom NN og informerte om at me ikkje måtte gjere slik. Viss me gjer noko gale, så seier dei i frå. Det er no naturleg det, og det er mykje mindre av det no”. (2.4.G)*

Eleven fortalde at det den fyrste tida på hausten hadde vore tendensar til mykje forsøpling. Han fortalde og at skuleleinga hadde vore rundt i klassane. Eleven meinte at det hadde betra seg mykje og at det ikkje lenger var så mykje søppel. Observasjon viste at det var noko søppel ute, men ingenting vart observert inne.

Slik ordninga fungerte her, var det eleven sjølv som måtte ta ansvaret med å vaske frukta. Heime var kanskje mange vant med at frukta var vaska før dei fekk den. Det var gjerne dette fleire hadde i tankane då dei sa at den truleg ikkje var vaska før den kom til klasserommet. Det var ingen av elevane som sa at dei hadde nokon fast prosedyre på handvask, men at dei gjorde det av og til. Observasjon viste at det ikkje var noko fokus på vask av hender eller vask av frukt.

### **6.1.3 Lærarmedverknad**

#### ***Skule 1***

I kva grad den enkelte lærar deltok i organisering og tilrettelegging kring fruktordninga, kunne i fylgje elevane vera ulikt frå lærar til lærar. Det hadde vist seg at knivane måtte låsast inne, då nokon elevar hadde leika seg med dei. Det var læraren sitt ansvar at kniven ikkje vart nytta til anna enn det den skulle. Fleire av elevane sa og at læraren gav klarsignal for når dei kunne hente og når dei kunne ete frukt. Utover det hadde ikkje læraren, slik elevane såg det, noko dagleg deltaking i samband med frukta. To av elevane sa dette som var typisk for fleire:

*”Det er dei som minner oss om frukta, men dei har ikkje så stor rolle i den fruktordninga. Dei seier når den kan hentast og delast opp og sånn”. (1.4.J)*

*”Læraren tar ut knivane og er jo der når det blir delt opp, slik at det ikkje skal bli noko tulling”. (1.2.G)*

To av jentene påpeika dessutan at lærarane ein sjeldan gong delte opp frukta. Dei følte at det var litt ekstra stas og god service, samt at dei då meinte dei at hygienen vart betre ivareteken. Ein av elevane sa også at ein av lærarane la til rette for at dei skulle få tid til å ete frukta før pausen:

*”Av og til når frukta ikkje er oppdelt, så pleier læraren vår å dele den opp. Av og til går dei rundt med den mens vi sit og skriv. Det er skikkeleg bra, dei vil jo at vi skal få i oss den frukta”. (1.1.J)*

Under observasjon vart det registrert stor grad av lærardeltaking, som ikkje samsvara med korleis elevane framstilte lærardeltakinga i denne samanhengen. Funna viste at lærarane hadde mange små, men viktige oppgåver for at ordninga skal fungere godt. Dette er ikkje alltid like synleg frå elevane sin ståstad, og vart derfor heller ikkje trekt fram i den grad som det viste seg under observasjon.

## **Skule 2**

Elevane sa at lærarane sin rolle i denne fruktordninga var å gje melding om at frukta skulle hentast og at dei sa i frå viss det var noko søppel. To av elevane sa og at lærarane av og til gjekk rundt med frukta. Det kunne avhenge av kven dei hadde som lærar, ikkje alle var like delaktige slik elevane såg det. To av elevane sa dette om lærarane si deltaking:

*”Dei seier i frå om kven som skal hente frukta av og til, og viss nokon sløsar frukta så seier dei at me må utnytte den og ikkje berre kaste den frå oss”. ( 2.1.J)*

*”Dei seier av og til at me må hente frukta, og på slutten av dagen så går dei rundt. Av og til har dei skore opp på slutten av dagen og servert oss. Då vert det jo mest ete opp. På tentamen går lærarane rundt med frukta”. (2.4.G)*

Det kom ikkje fram frå nokon av dei andre elevane at læraren hadde andre oppgåver her. Dette viste at læraren var lite delaktig i fruktordninga, men at dei likevel spelte ein viss rolle for at det skulle fungere.

Observasjon viste ingen lærardeltaking. Organiseringa dei hadde på denne skulen stilte ikkje krav til mykje deltaking av lærarane.

#### 6.1.4 Utval og kvalitet

##### *Skule 1*

Alle elevane gav uttrykk for at det var eit stort og godt utval av frukt. Dei var positivt overraska over at utvalet var så stort når det i tillegg var gratis. Elevane sa at det var veldig bra å kunne velje mellom fleire frukter. To av dei sa noko som var typisk for fleire:

*”Det er masse rart å spise. Det er eit stort utval, det er det. Det er mange sortar kvar dag, og det er veldig bra. Ja, sånn at det ikkje berre er eple ein dag og så appelsin ein dag... sånn var det før når me hadde den abonnementsordninga. Det er mykje betre no”.* (1.2.G)

*”Det er alltid noko å velje mellom, så du et det du har lyst på”.* (1.6.G)

Tre av elevane hadde tidlegare hatt foreldrebetalt abonnement og sa at dei var meir nøgd med utvalet etter at frukta vart gratis. Dei kunne heller ikkje tenkje seg å gå tilbake til modellen der dei fekk ei heil frukt kvar dag. Ein av dei sa det slik:

*”Før så måtte du betale og så fekk du dårleg frukt, medan no er det gratis og det er mykje betre utval”.* (1.3.J)

Banan og eple fekk dei kvar dag, medan ananas og mango var sjeldnare i utvalet, ein eller to gonger i veka. Nokre av elevane sa det var populært å få gulrøter, men at dei fekk det altfor sjeldan. Dei gav uttrykk for at det var særleg eple som låg mykje att. Dei sa at banan og eple hadde dei jo heime og, så då vart det ikkje så populært på skulen. To elevar sa at dei hadde lært seg å like nye sortar etter at det vart gratis skulefrukt. Den eine av dei sa det slik:

*” Viss du har ein mango eller ein ananas, så er det sjølvsagt det som forsvinn først. Det er veldig mykje banan og eple. Det blir ikkje spist så mykje av dei, og det ligg som oftast igjen av dei sortane. Eg hugsar at eg aldri likte mango, men så hadde me det her på skulen nokre gonger. Den var skikkeleg god, så no har me begynt å kjøpe det heime. Det var ein litt god opplevelse”.* (1.4. J)

Elevane gav uttrykk for at det var gjennomgåande god kvalitet på frukta når den kom til klasserommet, men at kvaliteten vart dårlegare utover dagen. Fylgjande sitat illustrerer dette:

*”Det er ikkje slik lågkvalitetsprodukt. Det er skikkeleg. Ut frå min erfaring er frukta ganske så bra, så lenge den ikkje vert liggjande for lenge”. (1.6.G)*

*”De blir jo fort brune og da er de ikkje så veldig fristande å ete for ungdom, ikkje for nokon egentleg”. (1.5.G)*

Observasjon viste at det var eit stort utval av frukt. Under observasjon vart det registrert umodne bananar medan kvaliteten elles var god. Det viste seg og at kvaliteten på frukta vart svekka utover dagen, då den stod oppdelt i klasserommet utan å vera tildekka.

Eit stort utval kan og ha innverknad på om fleire elevar forsyner seg, då det oftast vil vera noko som alle likar. Avtalen skulen hadde med lokal grossist gjorde det mogeleg å få til ein dagleg leveranse med ulike sortar frukt. Det vil vera meir ressurskrevjande å leggje til rette for ein slik modell når frukta vert levert i heile kassar to dagar i veka.

## **Skule 2**

Elevane gav uttrykk for at utvalet av frukt kanskje kunne vore meir variert, men var likevel nøgd med det dei fekk. Dei tykte det var bra i forhold til at det var gratis. Det vart sagt at dei ikkje fekk gulrot lenger, og nokre av elevane ville gjerne hatt det. Ein av elevane sa at han sakna kiwi. Det var ingen av elevane som uttrykte at dei var så lei av utvalet at dei ikkje åt frukta, men at det kanskje ikkje var kvar dag dei hadde lyst på frukt:

*”Me får bananer, appelsiner, pærer, raude og grønne eple. Det er eit bra utval eigentleg, men ein blir jo litt lei av det same oppatt, men det går no heilt fint”.(2.4.G)*

*”Det kan hende me får eple litt tett innpå kvarandre”. (2.5.J)*



Denne eleven likte godt eple, men sa at nokon elevar i klassen reagerte på at det var så mykje eple, og at dei vart litt leie. Då utvalet var så redusert som her, vart det eple to gonger i veka, men dei prøvde å unngå at det vart to dagar etter kvarandre.

To av elevane tykte kvaliteten på frukta var god:

*"Eg synes det er veldig god frukt, og så er den frisk og kjøleg når vi får den". (2.1.J)*

*"Epla , det er ikkje sopp eller noko på dei, dei er heilt reine. Smakar godt ". (2.3.G)*

Andre elevar var ikkje like nøgd med kvaliteten:

*"Det er litt stygge eple, litt sånn prikkar på dei og litt mjuke. Det kunne gjerne vore litt betre slik at alle åt. Men elles er det bra, i 9. klasse var det dårlegare". (2.4.G)*

*"Det er litt sånn variabelt, epla dei er ikkje noko gode. Pærene dei er sånn heilt normal og bananane er ofte litt umodne. Appelsinane dei er stort sett veldig bra". (2.6.G)*

Funna viste at kvalitet var viktig for at elevane skulle ete frukta. For elevane viste det seg å handle om konsistens, utsjånad, temperatur og smak.

### **6.1.5 Kvaliteten på tilbodet, oppsummering**

#### ***Skule 1***

Etter at fruktordninga vart innført, hadde skulen innført nokre retningslinjer for at ordninga skulle fungere betre. Desse retningslinjene innebar at:

1. Elevar stod vakt ved fruktkassane til dei vart henta til klassane.
2. Frukta skule etast inne. Det var ikkje lov å ta den med ut.

Elevane tykte dette var reglar som hadde hatt god effekt. Det vart mindre forsøpling og klassane fekk den frukta dei skulle ha. Dei tykte det fungerte godt å ete frukta inne i klasserommet.

Elevane var delt i synet på korleis organiseringa i klasserommet fungerte. Dette hadde si forklaring i at frukta vart oppdelt og tre av elevane meinte at hygienen ikkje vart

ivareteken. Dei trudde og det var difor mange ikkje å frukt kvar dag og at det av den grunn vart mykje restar. Desse elevane hadde klare tankar om at andre enn elevane sjølve burde dele opp frukta.

Elevane viste til ulike oppgåver som læraren hadde, men det var ingen av dei som meinte at læraren hadde nokon stor rolle i samband med fruktordninga.

Alle elevane var godt nøgd med sjølve frukta. Dei syntes det var svært bra med så mange ulike sortar frukt kvar dag. Elevane sa at frukta jamt over var av god kvalitet når den kom til klassen, men at den raskt vart svekka etter oppdeling.

Ei samanlikning mellom kjønna viste at jentene var mindre nøgde med organiseringa i høve til oppdeling og hygiene. Elles viste ikkje funna skilnader på jenter og gutar sine opplevingar.

## *Skule 2*

Elevane gav utrykk for at organiseringa ved skulen fungerte tilfredstillande. Dei likte godt å kunne forsyne seg når dei hadde lyst på frukta, og ikkje måtte ete den til ei fast tid. Det var tilfeldig om dei vaska frukta eller ikkje og elevane var lite opptekne av det hygieniske rundt ordninga. Lærarane si deltaking i fruktorganiseringa var å sei frå om henting samt at dei gav beskjed i høve til søppel og orden. Enkelte lærarar involverte seg meir enn andre, slik elevane såg det. Elevane klaga ikkje på utvalet. Dei sa at det var bra, men funna tyder på at dei gjerne hadde ynskt seg eit større utval. Det vart spesielt nemnt at dei fekk eple to gonger i veka. Elevane sakna sortar som hadde gått ut av utvalet. Funna viste at kvaliteten på frukta var jamt over god, men elevane hadde erfart at den av og til ikkje stod til krava. Dei sa og at konsistens, temperatur, farge, utsjånad og smak var viktige faktorar for at frukta skulle freiste. To av elevane tykte kvaliteten på frukta var betre no enn under abonnementsordninga.

Jentene reflekterte meir kring hygienespørsmålet, men elles hadde gutar og jenter mykje dei same opplevingane kring kvaliteten på tilbodet.

## 6.2 Innverknad på det sosiale læringsmiljøet

I denne kategorien har eg sett på ulike faktorar som kan ha innverknad på det sosiale læringsmiljøet. Måltidet kan vera ein sosial arena og i den samanheng var det interessant å undersøkje korleis elevane opplevde pausen med frukt, samanlikna med det tradisjonelle skulemåltidet. Det vart fokusert på om samhandlinga mellom elevane vart påverka av det nye tilbodet. Kan elevane si eigenoppleving av å få frukt ha noko å sei for klassemiljøet som igjen kan spele ein rolle for det sosiale læringsmiljøet?

### 6.2.1 Måltid eller fruktpause

#### *Skule 1*

Elevane såg ikkje på frukta som eit måltid på same måten som det tradisjonelle skulemåltidet. Dei fleste sa at frukta var for lite til å vera eit måltid, men at det var meir som eit mellommåltid. Grunnen til det var kanskje fordi det ikkje vart organisert slik eit måltid tradisjonelt vert i høve til tid, stad og type mat. Då elevane samanlikna med korleis dei opplevde det i høve til skulemåltidet, var det særleg mengde mat og type mat som vart trekt fram. Dei la og vekt på at tida spelte ei rolle og korleis dei var samla. To elevar sa det slik:

*”Eg synes ikkje det er stort nok til eit måltid, frukt er bare sånn innimellom. Folk bare tar og så jobber de videre. Nei eg trur ikkje det er eit måltid”. (1.4.J)*

*”Eg er blitt vant til å ete den frukta kvar dag, så det blir jo eit slags mellommåltid. Av og til et eg den i lag med matpakken, så da blir det ein del av måltidet”. (1.1.J)*

Observasjon viste at elevane handla ulikt i fruktpausen og det kan ha noko å sei for korleis dei oppfattar situasjonen.

#### *Skule 2*

Frukta vart sett på som eit måltid eller som eit mellommåltid av fem elevar. To av elevane var usikre på korleis dei skulle definere det, men kom til at det var eit måltid sjølv om det ikkje var brødmatt. Fleire av elevane sa at dei såg på det som eit måltid

fordi det var vorte ein vane i skuledagen, medan ein elev sa at han vart litt mett og det heldt fram til matpausen.

På spørsmål i kva grad elevane opplevde frukta som eit måltid, var det to av elevane som sa:

*”Det er jo eit lite måltid når du får i deg den frukta, men det er liksom ikkje så stort som matfri, for då får du i deg brødmatt. Frukt verkar liksom sånn mindre. Det kan vera ein aperitif til maten seinare kanskje”. (2.5.J)*

*”Ja, det tykkjer eg. No har me hatt det ei stund på skulen, så eg hadde no sakna det. Det er liksom vorte ein del av dagen”. (2.4.G)*

Elevane fortalde at dei fleste hadde med seg matpakke. Når dei samanlikna desse to måltidssituasjonane vart det lagt vekt på at dei i matpausen åt meir mat og åt meir samla i kantina eller i klasserommet. Under observasjon vart det registret at elevane åt eple gjennom heile dagen. Mange åt samla, medan andre åt åleine. For enkelte av elevgruppene kunne det opplevast som eit måltid sidan det føregjekk i samhandling med andre. Observasjon av skulemåltidet i kantina og klasseromma viste mykje større grad av sosial samhandling mellom elevane. Det var ein rolegare atmosfære enn i fruktpausen. Elevane sine opplevingar tyder på at dei har ulike oppfatningar om måltidet. Å ete ei heil frukt eller grønnsak kan medverke til at ein føler seg mett for ei lita stund og at det av den grunn kan opplevast som eit måltid.

## **6.2.2 Sosial samhandling**

### ***Skule 1***

Elevane vart spurt om korleis dei opplevde fruktpausen i høve til å vera i lag med andre elevar. Kunne frukt og grønnsaker i nokon grad medverke til å skape sosiale situasjonar og ha innverknad på det sosiale miljøet? Fleire av elevane uttrykte at dei var litt usikre på om frukta hadde noko å sei for det sosiale, men etter å tenkt seg om kom det fram at dei såg positive sider i høve til det sosiale. Følgjande sitat illustrerer dette:

*”Nei, eg trur ikkje det betyr noko for trivsel eller om du er meir sosial. Me sit og et og pratar, eller me står jo og ete , så..... kanskje litt ja. Me sit jo inne for me får ikkje lov å*

*ta den med ut, kanskje det betyr litt. Folk et og så tar du ein bit og så et du i lag med dei". (1.1.J)*

Alle elevane la vekt på at det å vera sosial handla om å vera i lag med andre og prate. Tre av elevane opplevde at dei hadde fått meir tid til å prate i lag og opplevde fruktpausen som ein sosial arena. To av dei sa det slik:

*"Ja, faktisk. Dei går fram, stiller seg rundt fruktskåla, seier litt morsomme ting og et samla. Så det blir ganske sosialt eigentleg. Og vi får jo meir tid til å snakke med venner medan det faktisk er lov, trur eg". (1.5.G)*

*"Vi snakkar jo mens vi et frukt då så det er no, ja vi får jo ekstra snakketid då mens vi et frukt, så det er jo litt positivt. Viss du liksom står der og snakkar med nokon som et frukt så får du lyst på frukt, det kan vel vera positivt og det blir vel litt meir sosialt". (1.2.G)*

Fleire elevar opplevde at matpausen i mykje større grad var ein sosial arena enn fruktpausen:

*"Ja då kan du jo gå dit du vil, då set jo ofte venner seg saman, har matpakke, spelar kort,, snakka, så det er stor forskjell på det og den fruktordninga, når vi et den. Det er meir sånn at elevar frå andre klassar kjem på besøk og sånn". (1.4.J)*

*"I matfri får vi tid til å snakke om fleire ting, eller byggje opp fleire samtalar eller gå ut og ha fysisk aktivitet". (1.5.G)*

Jentene var alle tydelege på at klassen var svært sosial og at alle var ein del av fellesskapet.

Dei trudde i mindre grad enn gutane at frukta hadde nokon innverknad på det sosiale miljøet og samhandling mellom elevane. Ei av jentene sa det slik:

*"Sosiale er vi jo det, så eg veit ikkje om frukta gjør det, vi er jo det uansett". (1.1.J)*

Observasjon viste at det var fleire gutar enn jenter som samla seg rundt fruktskåla. Det kunne sjå ut til at gutane nytta denne tida til å prate i lag, meir enn jentene.

## **Skule 2**

Å vera i lag, prate saman og gjere noko i lag var i fylgje elevane ein definisjon på det sosiale. Elevane fortalde at dei oftast stod i gjengar og åt frukt og at det kunne variere kven dei stod saman med. Det kunne vera klassekameratar eller vener frå andre klassar. Elevane fortalde vidare at det var samtalen som var viktig og at frukta kanskje ikkje var det viktigaste der og då. Når dei samanlikna med andre pausar, såg dei ingen andre skilnader enn at det var med og utan frukt, praten var den same uansett. Fylgjande sitat viser dette:

*”Einaste det at du et frukt, men elles så er det heilt likt. Nei, det er som ein annan pause”. (2.3.G)*

*”Det er no berre å samlast og prate med alle andre. Me samlast no i grupper eller sånne gjenger og so pratar me om alt muleg. Så et me no frukta og, ja det er no som vanleg”. (2.2.J)*

To av jentene trekte fram at det vart meir sosialt og trivelegare når dei hadde frukt i pausen:

*”Det er som eit lite teselskap på skulen, veldig koseleg. Det er veldig hyggjeleg å stå og prate utan frukt, men når det er frukt så er det meir hyggjeleg å stå i ring og prate på ein måte”. (2.1.J)*

*”Me står alltid i gjengar og alle et. Ja det blir jo litt meir sosialt, men eg trur ikkje me tenkjer over det. Alle har liksom ein ting til felles, kan du sei. Alle gjer det same, men det er samtalen som er viktig, det er ikkje kva me et”. (2.5.J)*

I samanlikning med matpausen fortalde fire av elevane at den var mykje meir sosial. Då sat dei inne i kantina og hadde meir tid til å prate. Det vart ein annan atmosfære enn i pausane ute. Ein av elevane sa det slik:

*”Miljøet, det vi har rundt oss, er jo annleis. Me snakkar om dei same tinga, så det er ganske likt sosialt sett. Det er meir roleg i matfri, då sit vi inne i kantina eller i klasserommet”. (2.1.J)*

Observasjon viste at elevane åt frukt kvar for seg eller at dei stod samla ute. Det kunne vera elevar frå ulike klassar som møttest i fruktpausen.

### 6.2.3 Personleg innverknad

#### *Skule 1*

Elevane fekk spørsmål om kva frukta hadde å sei for den enkelte, for seg eller for andre i klassen. Alle dei intervjuja elevane såg på frukta som eit positivt innslag i skulekvardagen. Dei sa at dei åt frukt og grønt for det meste i første pausen, då dei ofte var litt svoltne på den tida. Fleire elevar meinte at fruktinntaket verka inn på konsentrasjon.

Dei var litt usikre på korleis frukta verka, men følte at dei vart meir opplagde og at det påverka dei positivt i neste skuletime. Det vart vist til at mange ikkje hadde ete frukost, og at det var særleg kjærkome for dei. Fleire elevar trekte fram det positive i høve til ernæring og to elevar sa fylgjande:

*”Du blir ikkje så sulten, du greier å konsentrere deg om fagene. Sjølv om det er lite så er det bra. Det er vitamina og alt det der, og så er det bra viss du har glempt matpakka”.* (1.2.G)

*”Det er jo bra med tanke på kostholdet og sånn., frukta altså. Det er jo vitaminar og energi. Eit sånt eple, ja ein får jo meir krefter, meir enn av ein sjokolade i alle fall. Vi har nokon gutar, dei kjøper Cola ... ofte, og då er det jo betre at dei et frukt i staden”.* (1.4.J)

Nokre av elevane meinte at klassemiljøet hadde endra seg etter at dei fekk frukt. Ein av dei sa det slik om seg sjølv og andre:

*”Ja eg veit ikkje heilt korleis eg skal sei det, føler at eg blir betre på ein måte, blir kvikkare. Etter at vi fekk den fruktordninga så vart vi faktisk stillare. Vi klarer å konsentrere oss og få meir med oss i timane. Det er dei som bråkar mest på begynnelsen av dagen og klarar og roe seg etter at dei har fått det mellommåltidet. Du ser jo på dei og at dei blir kvikkare etter at dei har spist frukta, dei heng ikkje med hodet og ligg over pulten”.* (1.3.J)

Denne eleven trudde at dette ofte var elevar som ikkje hadde ete frukost heime og at dei heller ikkje hadde med seg matpakke. Eleven fortalde at dei hadde snakka om dette i klassen og at det var mange som hadde sagt at dei følte seg meir opplagt etter første pausen med frukt. Eleven fortalde og at klassen vart meir uroleg på slutten av dagen. Då

kunne dei forsyne seg av frukta, men at det var lite freistande etter at den hadde stått oppdelt i fleire timar.

### ***Skule 2***

Elevane fekk spørsmål om kva frukta hadde å sei for den enkelte, for seg eller for andre i klassen. Fleire elevar fortalde at det var viktig å få frukta tidleg på dagen, for det var oftast då dei hadde lyst på den. Dei åt frukta nesten kvar dag, men at det var avhengig av om kvaliteten var god. Alle dei seks elevane sa på kvar sin måte at frukta medverka til betre arbeidsinnsats i timen etterpå. Sjølv hadde dei erfart at frukta gjorde dei meir opplagde og fylgjande sitat illustrerer dette:

*”Den er på ein måte eit lite høgdepunkt. Kanskje det er einaste frukta du får den dagen og me synes det er veldig godt å få den. Du kjenner det på kroppen at du vert meir oppkvikka og humøret blir betre”.*(2.5.J)

*”Viss du får ei frukt så er det jo bra så du får opp att energien. Då kan du jo gjere meir på skulen”.*(2.6.G)

Elevane sa og at dei åt frukta fordi dei tykte det var godt, fordi dei var svoltne eller fordi dei berre hadde lyst på noko. Elevane sine erfaringar med at frukta verka inn på humør og arbeidsinnsats kan ha innverknad på det sosiale miljøet i undervisningssamanheng og dermed skape eit betre læringsmiljø. Ein elev sa dette:

*”Av og til tykkjer eg det på ein måte blir lettare å gå bort til gjengen når me har den frukta”.*(2.2.J)

Eleven fortalde at det ho ikkje alltid tykte det var så lett å berre gå bort til andre som stod i lag. Når ho hadde frukta følte ho at då hadde alle noko felles og det gjorde det lettare.

## **6.2.4 Innverknad på det sosiale miljøet, oppsummering**

### ***Skule 1***

Dei fleste elevane opplevde ikkje frukta som noko måltid. I den grad eit måltid kan medverke til sosialt samvær, følte ikkje elevane at pausen med frukt spelte så stor rolle.



Dei meinte at matpausen på mange måtar hadde meir å sei fordi dei då sat i grupper med vener og hadde meir tid til å prate. Likevel var det nokre av elevane som følte at frukta medverka til å skape ein ny sosial arena. Dei hadde fått ein ny arena der dei kunne prate i lag. Funna viste at det var gutane som opplevde at det vart meir sosialt etter at dei hadde fått frukt. Elevane sine erfaringar med å ete frukt tidleg på dagen var gjennomgåande positive. Fleire elevar meinte at frukta medverka til at dei vart meir konsentrerte i timen etter og at det vart eit rolegare og betre arbeidsmiljø i klassen.

### *Skule 2*

Dei fleste elevane karakteriserte frukta som eit slags måltid eller eit mellommåltid. Det vart grunngeve ved at det var vorte ein vane og at dei vart litt mette av frukta. To av elevane opplevde at frukta medverka til at det vart meir sosialt, medan dei andre fire ikkje såg nokon skilnad på fruktpausen i høve til den andre pausen seinare på dagen. Dei opplevde matpausen som meir sosial fordi dei då hadde lenger tid og sat samla. Det var ein elev som hadde opplevd at frukta gjorde det lettare å vera ein del av det sosiale miljøet i pausane. Han sa at det var lettare å oppsøkje andre fordi han då hadde meir til felles med dei. Alle elevane opplevde at frukta hadde ein positiv effekt i høve til arbeidsinnsatsen.

## **6.3 Målsetjinga med tilbodet**

I denne kategorien vart det fokusert på å få fram elevane sine meiningar om kvifor dei fekk dette tilbodet. Ved begge skulane hadde dei tidlegare hatt abonnementsordning på frukt og grønnsaker, og det gav elevane eit grunnlag for å samanlikne gratisordninga i høve til foreldrebetalt abonnementsordning.

### **6.3.1 Likt tilbod til alle**

#### *Skule 1*

Elevane la vekt på at det vart eit likt tilbod til alle og at alle som hadde lyst på frukt kunne få. Nokre av elevane sa at kanskje det ikkje var alle foreldre som ville betale for frukta slik det var under abonnementsordninga. Dei trudde ikkje at nokon eigentleg

ikkje hadde råd, men at det meir var snakk om å prioritere kva ein ville bruke pengane til. To elevar sa det slik:

*” Det er bra at det er gratis slik at alle kan ete frukt. Det er jo ikkje alle som har like mykje pengar, eller dei prioriterer ikkje å bruke pengane på frukt. Då er det bra at ungane kan få det på skulen”. (1.3.J)*

*”Eg syns det er bra at alle får tilbudet. Det er jo ingen her som er fattige, men de som ikkje har så mykje pengar heime, eller dei som ikkje har frukt heime. Då får dei tilbod her og det er alltid nok til alle”. (1.4.J)*

Ein elev fortalde at han hadde opplevd det som litt urettferdig då dei hadde abonnementsordninga. Det hadde skjedd fleire gonger at elevar utan abonnement hadde forsynt seg av frukta, og at det då ikkje var att noko til elevar som hadde abonnement. Eleven sa og at det kanskje ikkje var så rart, for det kunne ofte vera freistande viss ein var svoltet og frukta såg god ut. Han tykte det var urettferdig at foreldra sin økonomi skulle avgjere om elevane fekk frukt på skulen. Av den grunn hadde han heller ikkje hatt abonnement tidlegare og heller ete frukt heime. Han sa det slik:

*”Då kan eg like godt ete heime i staden for at dei som ikkje har så veldig bra råd ikkje får, mens dei som har råd får. Ikkje berre at nokon få skal få”.(1.5.G)*

I oppfølginga av desse svara vart elevane spurt om frukta nådde alle, om det var alle som åt. I fylgje jentene var det gutane som åt mest frukt og at dei alltid var mest frampå for å få tak i det beste. Gutane var mindre opptekne av kven som åt, dei trudde dei fleste forsynte seg. Fylgjande utsegner illustrerer ulikskapen mellom gutar og jenter omkring dette:

*”Det er ikkje noko ein ser etter om alle et, dei flest et trur eg. Ikkje mindre med tanke på at det er mange fleire gutar i klassen, så det blir jo alltid mange gutar”. (1.5.G)*

*”Det er ei fast gruppe som spis frukt kvar dag, slik eg ser det. Det er flest gutar egentlig. Kanskje dei rett og slett er meir svoltne, eller eg trur at dei tenkjer ikkje så mykje over det. Dei berre et, eg trur jentene sett er noko, hos meg i alle fall, med den hygieniske tingen. Eg trur det er sånn litt over halve klassen som et, eller kanskje litt fleire”. (1.4.J)*

Ein av gutane sa at dei (gutane) hadde ein tendens til å storme fram når det var noko dei likte ekstra godt. Alle jentene meinte at omsynet til hygiene var ei årsak til at dei åt mindre enn gutane. Dette vart nærare omtala i kapittel 6.1.2.

## **Skule 2**

Alle uttrykte på kvar sin måte at gratis frukt var eit godt tiltak. Dei sa at no kunne alle forsyne seg og det vart ei lik ordning for alle, uavhengig av foreldra sin økonomi. Dei følte at det vart meir rettferdig og to av elevane sa det slik:

*”Det er mykje betre når det er gratis for no kan alle ta, det hadde ein ikkje fått til viss det skulle ha kosta noko. Du får ikkje alle med på noko som kostar. Det var eigentleg seigt for dei som ikkje hadde, for dei hadde jo og veldig lyst på frukt”.(2.4.G)*

*”Det betyr masse, for det er kanskje familiar som kanskje ikkje har så god økonomi. Dei får større mulegheit til at ungane er sunne når dei får gratis frukt. Skulen skal jo vera gratis, så når dei legg inn eit tilbod om at me skal få frukt, så bør det jo vera gratis”.(2.5.J)*

Vart frukta godt motteken av alle elevane? Alle trudde at dei fleste åt frukta si, men at det ikkje var alle som åt kvar dag. Dei fortalde at det ofte var nokre som åt to frukter same dag og at det oftast var gutar. To av elevane sa at dei gav bort frukta si til andre, viss dei sjølv ikkje ville ha den. Ein av dei som gjerne åt ei ekstra frukt sa dette:

*”Eg pleier av og til å ta på slutten av dagen når eg skal på trening etter skulen, slik at det blir to i løpet av ein dag. Det er det fleire som gjer. Viss nokon er sjuke eller nokon ikkje vil ha, så er det greitt”. (2.4.G)*

Enkelte elevar reflekterte litt over gratisordninga i høve til den tidlegare betalingsordninga. Dei trudde at enkelte ikkje brydde seg så mykje sidan det var gratis. Det kunne vera at frukta vart halveten eller at der var elevar som ikkje tok si frukt. Ein av dei sa dette:

*”Eg tenkjer at det er gratis for at flest muleg skal få lyst på frukta. Det kan jo og vera at når det er gratis så er du ikkje så nøyen med å ete den. Det kan vera at ein berre et ein bit og kastar det i bosset etterpå”. (2.2.J)*

Gutar har eit større energibehov og er ofte meir aktive i pausane enn jentene. Då gutane forsynte seg av frukt som andre elevar ikkje ville ha, kunne det og vera fordi dei var svoltne og såg nytten av ei frukt før trening.

Under observasjon åt dei eple gjennom heile dagen. Det vart det ikkje registrert om det var alle som åt, eller om det var nokon som åt to eple. Observasjon viste at det var lite aktivitet i pausane, med unntak av nokre gutar på fotballbana.

### 6.3.2 Verkemiddel for betre læring

#### *Skule 1*

Då elevane vart spurde om kva dei trudde var målsetjinga med gratis frukt og grønt, var det ein elev som sa det slik:

*”Veit ikkje heilt korleis eg skal forklare det, men det er vel det at skulen faktisk tar initiativ og gir oss frukt gratis sånn at vi klare å følgje med betre og det hjelper jo vitaminane med å gjere. Det er jo noko som hjelper oss å lære, eit virkemiddel, som faktisk virkar og. Det gir oss ein betre dag på skulen”. (1.5.G)*

Denne eleven var tydeleg på at dette var ei god investering i høve til å få ein betre skuledag. Han fortalde at han åt frukt kvar dag og at det hadde vorte ein vane for han. Dei andre elevane hadde og tankar om at det var innført fordi det kunne påverke dei til å bli meir konsentrert. Det vart av fleire sett i samanheng med at det var energi og vitaminar som bidrog til at det verka inn på læring og konsentrasjon. Elevane gav uttrykk for at dei var usikre på korleis samanhengen mellom kosthald og læring eigentleg var, men ein elev fortalde at det handla om å få opp blodsukkeret:

*”Det handlar vel om, kva det heite...få opp blodsukkeret og på den måten blir vi litt meir med, trur det. Betre resultat på prøvar, ja det å lære meir”. (1.6.G)*

Ein annan elev var meir usikker og sa:

*”Ja det aukar jo konsentrasjonen din, altså det gjør jo det, men eg veit ikkje heilt kor det funkar på folk. Det er jo mange dokumentarar og sånn og der står det jo at frukta er godt for konsentrasjonen og alt det er”. (1.2.G)*

Funna i denne kategorien viste at gutane hadde sterkare synspunkt enn jentene på at frukta var viktig for læring.

### ***Skule 2***

Elevane vart spurde om kva dei tenkte om at dei som ungdomsskuleelevar fekk gratis frukt? Dei fleste elevane meinte dette måtte ha noko med konsentrasjon å gjere og dei snakka om karakterar i denne samanhengen. Dei trekte fram at det var viktig å gjere det godt på prøvar og meinte at frukta kunne medverke til å yte meir. To sa dette som er representativt for fleire:

*”Eg trur kanskje frukta kan påverke dei til å bli meir konsentrerte og få folk til å følgje med og få ein liten pause frå all teorien. Og for at det skal vera eit lite løft for nokon, for å kome seg vidare”. (2.1.J)*

*”Dei er vel, det har vel noko med at i ungdomsskulen får du karakterar og det er endå meir viktig at me gjer det betre på skulen for å koma inn på vidaregåande. Det at du skal konsentrere deg betre så lærer du meir”. (2.3.G)*

I den tida intervjuva vart gjennomførte, hadde elevane ein periode med mykje tentamenar. Det kunne ha noko å sei for korleis dei svara i denne kategorien. To av elevane viste at dei hadde kjennskap til at dette er ei politisk satsing og den eine sa dette:

*”Nokon i regjeringa er jo for gratis skulemat og gratis skulefrukt er jo eit steg på veg til å få gratis skulemat. Eg trur det er fordi dei faktisk skjønar det at frukt påverkar oss til å bli meir konsentrerte og at vi får noko energitilskot”.(2.1.J)*

### **6.3.3 Sunnare kosthald**

#### ***Skule 1***

På same tid som elevane snakka om at frukta var viktig for konsentrasjon og læring, sa dei og at eit betre kosthald måtte vera ei av målsetjingane med tiltaket. Alle elevane brukte ”sunt” i ein eller annan samanheng då det var spørsmål om kvifor dei fekk frukt og ein elev sa; *”Alle veit jo det, det lærte vi i barnehagen at frukt er sunt” (1.4.J).*

Enkelte elevar såg desse to målsetjingane; ernæring og læring i samanheng og ein av dei sa dette:

*”Det må jo være at vi skal bli litt sunnare, at vi skal bli meir fokusert og konsentrert i timane.”(1.1.J)*

Funna viste at jentene var meir fokusert på sunnheit og kosthald. Dei mente at mykje overvekt og usunt kosthald blant ungdom var viktige grunnar for at gratis frukt og grønnsaker var innført. To av dei sa at det var mange som gjekk til ein nærliggjande kiosk utanfor skuleområdet. Det vart kjøpt mykje brus, bollar og andre varer som dei karakteriserte som usunn mat. Etter at dei fekk frukt i første pausen, var det ikkje så mange som gjekk til kiosken og inntaket av usunne matvarer vart mindre:

*”Det hjelper jo då, så ikkje så mange går bort på kiosken og kjøper bollar og brus i staden for. Nokon går der jo, men dei kjøper kanskje ikkje så mykje som før”. (1.3.J)*

Enkelte elevar trudde og at ungdom sine frukostvanar kunne vera ei årsak til at ordninga var innført. Tidlegare i skuleåret hadde dei hatt handsopprekking i klassen på kor mange som åt frukost. Ein av desse elevane sa det slik:

*”Det er vel mange som ikkje et frukost, så det kan vel vera difor dei innførte denne ordninga. Før var det sånn at folk gjekk rundt og spurte etter mat, men no er det sjeldnare det skjer. No går dei berre og tar frukt, og det er jo kanskje litt positivt det og”.(1.2.G)*

Nokre av elevane meinte at dei åt meir frukt no og at det hadde resultert i eit sunnare kosthald for dei. Fylgjande sitat viser det fleire gav uttrykk for:

*”Blir jo litt påverka av dei andre til å ta når ein ser dei et. Det gir jo berre ungdom meir lyst på når ein blir vant med det. Det kan påverke deg ganske masse i forhold til å ete frukt heime og”. (1.5.G)*

## **Skule 2**

Elevane var opptekne av at frukta gav dei eit sunnare kosthald og at det var ei av årsakene til denne gratisordninga. Fleire elevar meinte at ungdom hadde eit usunt kosthald og at mange vart overvektige. Dei meinte at skulen, med å gje frukt, skulle hjelpe dei til å bli sunnare. Fylgjande sitat illustrerer dette:

*”Men har jo eit betre kosthold no i og med at me et frukt på skulen. Det er berre positivt, for då er det godt å ha noko å ete på når me sit og skriv. Det er vel eigentleg det dei vil prøve, å få skulane til å vera litt meir sunne”. (2.3.G)*

*”Det er fordi at ungdomen vert meir og meir usunn. Me kjøper kanskje fastfood, sånn usunn mat. Og at dei vil at ungdomen skal bli meir sunn og ikkje ete sånn godteri og sånn big-bite og hamburgar og sånn. Då gir dei frukt for å vise at det er godt og sunt”. (2.5.J)*

To elevar viste at dei hadde kjennskap til ”5 om dagen” og sa at så mykje åt dei ikkje, men at frukta på skulen bidrog til å nærme seg målet. Det var ikkje vanleg at elevane handla andre stader enn i skulen si kantine. I kantina selde dei ulike TINE-produkt, samt pizzabollar ein dag i veka. Dei kunne gå til ei anna kantine som selde mellom anna is og brus, men det vart lite nytta. Dei var ikkje heilt sikre på om det var lov heller. Dei sa at dei fleste hadde med seg matpakke, men at dei ofte kjøpte drikke. To elevar sa at frukta kunne erstatte noko av det dei tidlegare kjøpte i kantina. Slik sa ei av jentene det:

*”Då treng du ikkje kjøpe så mykje i kantina heller, youghurt eller Litago, for du får jo den frukta. Det er jo mykje betre for kroppen og”. (2.2.J)*

Alle elevane sa at dei nesten alltid åt frukost før dei gjekk på skulen. Ein elev fortalde at viss han ikkje hadde ete frukost var det ekstra godt å få den frukta. Han tenkte og på andre elevar som ikkje åt frukost og sa:

*”Dei fleste har som regel ete frokost, og for dei som ikkje har ete frokost så er dei sikkert veldig svoltne og vil ha den frukta. Det er kanskje difor nokon tek to og”. (2.5.J)*

Ein elev såg på samanhengen mellom frukta og den ekstra fysiske aktiviteten dei hadde kvar dag. Eleven tykte at fysisk aktivitet med frukt, enten før eller etter, var godt for å halde aktiviteten oppe resten av dagen. Han kjende til at dette var eit satsingsområde frå styresmaktene:

*”Det er vel det at me skal halde oss med energi og få energi til å fullføre skuledagen betre. Eg vil sei at den fysiken me får, den går inn i frukta. Det er vel ein satsing regjeringa gjer med det med skulefrukt og aktivitet”. (2.6.G)*

Ein annan elev trudde at lite aktivitet blant ungdom og dårleg kosthald kunne vera ein grunn til at dette var innført. Ein elev fortalde at det, særleg blant jentene, var vorte meir fokus på eit sunt kosthald dei siste to åra:

*”Med gratis frukt på skulen, så påverkar det meg til å ete meir frukt heime og. Blant jenter så snakkar vi om det å bli meir sunn når vi et frukt”. (2.1.J)*

Det var lite tilgang til usunne matvarer i skuletida. Då elevane snakka om usunne matvanar blant ungdom, tenkte dei på generelt grunnlag, ikkje spesielt i skuletida.

### **6.3.4 Målsetjinga med tilbodet, oppsummering**

#### ***Skule 1***

Funna viste at elevane hadde mykje same tankar om kvifor dei fekk gratis frukt. Dei var svært positive til at det var vorte gratis og at alle som ynskte det no kunne få frukt. Dri la vekt på at det no var eit tilbod til alle, uavhengig av foreldra sin økonomi eller prioritering. Ein elev uttrykte spesielt at den tidlegare abonnementsordninga var svært urettferdig. Elevane hadde ulike oppfatningar om det var alle som nytta seg av tilbodet. Medan gutane trudde at alle åt, meinte jentene at det var flest gutar som åt frukt.

Elevane meinte at frukta skulle gjere dei sunnare og meir konsentrerte. Dei hadde ulike tankar om kva som låg til grunn for å betre kosthaldet. Det at mange ikkje åt frukost, at mange kjøpte mykje usunt i løpet av dagen og at mange var overvektige var faktorar dei trudde låg til grunn. Alle meinte at frukt gjorde dei sunnare og at det kunne erstatte usunne varer dei kjøpte i løpet av skuledagen. Eit auka inntak av frukt heime var det og fleire elevar som såg på som ein positiv effekt. Medan gutane hadde størst fokus på betre konsentrasjon som ein effekt av frukta, var jentene i større grad opptekne av sunnheit og helse.

#### ***Skule 2***

Alle dei seks elevane var glad for å få gratis frukt. Dei sa at dei åt frukta si stort sett kvar dag. Dei la vekt på at gratisordninga gav alle same mogelegheit og samanlikna



med då dei måtte betale. Tre av elevane sa at dei hadde opplevd det som urettferdig overfor enkelte elevar.

Då det var frukt til overs på grunn av sjukdom eller at nokon ikkje hadde lyst på, var det gjerne nokon, oftast gutar, som åt to frukter. Dette var akseptert og dei tykte det var betre enn at den skulle bli liggjande.

Dei fleste elevane trudde at dei fekk frukta for at det skulle bli eit betre resultat i skulen. Dei snakka om egne erfaringar og at det var viktig å få gode resultat på prøvane. Eit sunnare kosthald eller det å bli sunnare vart trekt fram av alle elevane. Dei meinte at det var viktigaste årsaka til at gratisordninga var innført. Jentene hadde eit litt sterkare fokus på dette og trekte fram ulike sider kring det å vera sunn.

## 7. DRØFTING

I dette kapitlet vert funna drøfta opp mot empiri og teori frå kapitel 2 og 3. Det vert og trekt inn noko ny teori og forskning i høve til enkelte funn. Drøftinga vert gjort innanfor dei same kategoriane som i kapittel 6. Det viste seg at enkelte funn kunne gå inn under to eller fleire kategoriar, og dei vert difor omtala i fleire samanhengar. Innan kvar kategori vert det og gjort ei samanlikning av funn frå dei to skulane.

### 7.1 Kvaliteten på tilbodet

#### *Organisering*

Funna viste at elevane ved Skule 1 gjerne ville ha oppdelt frukt, men var negative til at elevane sjølve skulle dele opp frukta. Det kan sjå ut til at der var to grunnar for denne misnøyen. Den eine grunnen var det hygieniske kring organiseringa. Dette vert nærare omtala under avsnittet om hygiene. Ei anna årsak kan vera at elevane følte at dei hadde fått ei oppgåve utan å verta tekne med på råd i forkant. Det kunne tyde på at implementeringa og organiseringa frå hausten av ikkje var tydeleg nok. Aktiv deltaking i planlegginga kunne ha vore ein faktor som påverka i positiv retning. Organiseringa på Skule 2 med heil frukt er den mest vanlege måten å organisere frukttilbodet på i ungdomsskulen (Skolefrukt, 2008). Den krev mindre organisering og elevane deltek berre i utdeling av frukta. Ei undersøking blant skulane i Sogn og Fjordane viste at elevane er aktivt med i ordninga ved dei fleste skulane (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2008).

Erfaringar frå HEFRES-skulane viser til at det var viktig å involvere både lærarar, elevar og andre tilsette i nye tiltak som skal implementerast i skulen. Aktiv elevinvolvering både i planleggings- og gjennomføringsfasen var ein føresetnad for eit vellukka prosjekt (Tones & Tilford, 2001). I ”Skolefrukt” sine tips til ei vellukka ordning vart aktiv elevinvolvering mellom anna ved utdeling trekt fram. ”Evalueringsrapport fysisk aktivitet og måltider” (Samdal et al., 2006) viste til at elevane var lite involvert i avgjerder omkring organiseringa. Det kan tyde på at ein ved

mange skular bør bli flinkare til å involvere elevane i planleggingsfasen av nye tiltak som skal iverksetjast.

”Skolefrukt” si undersøking viste at der ein hadde oppdelt frukt var det fleire som var fornøgd. Dette vart forklart med at det gav ei større involvering i fruktordninga. Resultata kjem frå barneskular, då det er svært få ungdomsskular som har oppskoren frukt (Skolefrukt, 2008).

Frukta var lett tilgjengeleg på begge skulane. Fleire studiar har vist at dette er ein av dei viktigaste faktorane for å auke inntaket av frukt og grønnsaker (Bere & Klepp, 2004a; Kamphuis et al; 2006;, Kvaavik et al., 2007). Ungdomane sa at når frukt og grønnsaker var vanskeleg å få tak i, valde dei heller noko anna (Neumark-Sztainer et al., 1999). Rapporten *Ungdoms skolematvaner* (Bugge, 2007) viste og at ungdom ynskte betre tilgang på frukt og grønnsaker i skulen. Undersøkinga til ”Skolefrukt” viste at dei fleste skulane (63%) med ungdomstrinn deler ut frukta til elevane. Det kan vera positivt for elevar som kanskje ikkje forsyner seg av frukta fordi dei må gå for å hente den. Samtidig kan enkelte elevar oppleve at den ikkje var tilgjengeleg i same grad. Då kunne dei ikkje forsyne seg når dei sjølv ville.

Ei forankring i skulen sine planar er viktig for at eit nytt tiltak skal bli ein naturleg del av skulen sin aktivitet (Tones & Tilford, 2001). ”Fysisk aktivitet og måltid i skulen” kravde at deltakarskulane skulle forankre tiltaka i skulen sine verksemd- og handlingsplanar (Samdal et al., 2006). Når det no er lovfesta at elevane skal få frukt og grønnsaker kvar skuledag, vil det naturleg kome inn i skulen sine verksemdplanar på lik linje med andre lovfesta oppgåver skulen har.

### ***Hygiene***

Funna i studien viste at det kan vera ei utfordring å få til gode løysingar med oppdelt frukt. *Retningslinjer for skulemåltidet i grunnskule og vidaregåande skule* (Sh-dir., 2003) er forankra i *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mm*. Under spesielle vedtak står det at tillaging og servering av mat skal vera i samsvar med næringsmiddelova. Kunnskapsdepartementet (2006a) viste til at skulemåltidsmodellen

med mjølk og frukt i tillegg til matpakka ikkje stiller krav til å fylgje dei hygieniske retningslinjene. Det er ikkje spesifisert strengare krav i høve til å ha oppdelt frukt, men oppdelt frukt vil likevel utløyse fleire omsyn i høve til hygien. Arbeidsgruppa foreslo at kvar elev skulle få ei heil frukt/grønsak kvar dag. Dei viste til at elevane åt meir om dei fekk det oppdelt, men ville likevel ikkje påleggje skulane dette av ressursmessige, organisatoriske og hygieniske utfordringar (Kunnskapsdepartementet, 2006a). I rapporten frå "Fysisk aktivitet og måltid i skulen" vert det vist til at elevane ser på hygiene som ei utfordring. Der kjem det fram at mange ikkje vil kjøpe mat i kantina fordi andre elevar har laga maten og "teke på den" (Samdal et al, 2006). Ein studie av faktorar som kan påverke inntaket av frukt og grønnsaker viste at særleg blant norske barn var dei opptekne av hygiene i samband med tilbod på skulen (Perez-Rodrigo et al., 2005).

Servering av heil frukt førte ikkje til at elevane hadde fokus på hygiene. I "Skolefrukt" si sjekklister for intern planlegging vert det sagt at frukt med etande skal bør vaskast og at "skolefruktansvarleg eller andre" kan vera ansvarlege. Mattilsynet tilrår at all frukt vert vaska før konsumering. Det gjeld også frukt der ein ikkje et skalet (Mattilsynet, 2008). Funna tyder på at dette ikkje er gjort tilstrekkeleg klart i skulen.

I eit nasjonalt skolefrukt-program i England var det klare retningslinjer som viste til at frukta skulle vera vaska før konsumering (Department of Health, 2008). Det vart og laga retningslinjer for handvask før utdelinga av frukta. Erfaringar viste at det var vanskeleg å få til i praksis. Dette viser at det er ei stor utfordring å få til gode rutinar for å gjennomføre tilfredstillande hygiene. Problemet viser seg når elevane skal ete det andre har laga til. Dei stolar ikkje på at hygienen vert ivareteken, noko denne studien også viser.

Funna viste at begge skulane hadde gjort tiltak for å hindre forsøpling på skuleområdet. På skule 2 var det framleis ei utfordring i høve til oppdelt frukt som vart kasta. I "Skolefrukt" si undersøking hausten 2007 kom det fram at søppel etter frukta var ein av dei største utfordringane i samband med ordninga. Resultata viste og at dei opplevde det som eit større problem på reine ungdomsskular enn i barneskulen. På

skular der dei åt frukta inne, var dette eit mindre problem. Då gratis frukt og grønt vart innført hausten 2007, kom det fram sterke synspunkt frå Matforsk at det ville bli mykje søppel (Nasjonen 17.08.2007). Funna tyder på at ein, ved å setje inn tiltak tidleg, kan hindre at søppel frå frukta vert eit problem.

### ***Lærarmedverknad***

Det vil vera opp til den enkelte skule å avgjere kva slags rolle lærarane skal ha i samband med fruktordninga. Modellen som vert valt for organisering, samt skulen sine verksemdsplanar vil avgjere i kva grad læraren skal vera delaktig og kunne nytte frukta som ein pedagogisk ressurs. Funn frå denne studien viste at lærarane deltok i den praktiske organiseringa. På Skule 1 der litt av timen vart nytta til oppdeling og utdeling, var det moglegheiter for at lærar kunne nytte frukta i ein læringssituasjon, i høve til den generelle læreplan og i høve til fagspesifikke mål. I fylgje elevane vart dette ikkje gjort i særleg grad. Det kunne verke som at lærarane ikkje hadde noko eigarforhold til det nye tiltaket, og at det ikkje var nokon agenda for å dra nytte av tilbodet i undervisningssamanheng. Funna viste at enkelte lærarar av og til gjorde litt i høve til det sosiale, men det kunne synast som det mangla ein overordna og heilskapleg strategi.

I arbeidet med helsefremjande skular (HEFRES) har det vist seg at læraren spelar ein svært viktig rolle for at nye tiltak som vert sett i verk skal lukkast. Læraren er ein nøkkelperson i høve til mykje av det som skjer i klassen, både når det gjeld i undervisninga og andre aktivitetar (Tones & Tilford, 2001). Intervensjonsforsøk har vist at å dra frukta inn som ein del av den pedagogiske verksemda har gjeve positive resultat (Pederson et al., 2006). Det var vist til kor viktig det var å setje fokus på fleire sider ved fruktordninga og dra nytte av det i undervisninga. ”Skolefrukt” si undersøking (Skolefrukt, 2008) viste at lærarane på skular med gratis frukt og grønt var meir nøgde enn på skular med abonnementsordning. Dette vart grunngjeve med at det mellom anna vart lettare å få til eit opplegg kring frukta når alle deltok. I prosjektet ”Fysisk aktivitet og måltider i skolen” (Samdal et al., 2006) viste det seg at lærarane brukte lite tid på å leggje til rette for elevane sitt skulemåltid. Mange lærarar stilte spørsmål ved om det var skulen si oppgåve, og meinte det tok mykje tid frå undervisninga. Forsking viser at læraren er mest oppteken av rolla som pedagog, og ser på undervisning og læring i dei

einskilde faga som den viktigaste oppgåva (Nordahl, 2000). Det vart vist til at lærarane i liten grad har innsikt i og forståing for skulen som ein sosial arena. Læraren har ansvar for å gje elevane ei god allmenndanning. Elevane skal mellom anna få kunnskap til å møte praktiske, sosiale og personlege utfordringar. Dei skal ha tileigna seg verdiar som er viktige i samhandling med andre (L-97). Sunnare kosthald og auka læringsutbyte er hovudmåla for gratis frukt. Ved å trekkje det inn i læringssituasjonar der det kan medverke til sosial læring og auke trivselen, kan det gje fleire positive effektar.

På mange skular vert frukta servert i kantina i matfri, og då vil ikkje læraren vera delaktig i fruktordninga i det heile (Skolefrukt, 2008).

### ***Utval og kvalitet***

Neumark-Sztainer m.fl.(1999) gjennomførte fokusgruppe-intervju med 141 ungdomar for å finne ut kva som avgjorde deira matvanar og val av matvarer. Ei rekkje faktorar påverka valet. Den viktigaste grunnen for å velje ei matvare var svolt eller at ein hadde lyst på akkurat den matvara. Vidare viste det seg at smak og utsjånad var avgjerande faktorar for om ei matvare var attraktiv. Lukt og temperatur vart og diskutert som viktige faktorar. Konsistens ser og ut til å vera ein avgjerande faktor om ei matvare vert likt eller ikkje (Bødtker-Lund, 2007). Kvaliteten på frukt har samanheng med desse faktorane. Når elevane snakka om kvaliteten på frukta viste dei til nokre av desse faktorane som at frukta var *"frisk og kjølig"*, *"frukta har flotte fargar"*, *"heilt rein"*, eller at *"epla er mjuke"* og *"epla blir brune"*. Bugge (2007) viste til at kvaliteten på frukta måtte vera god om ungdom skulle velje den framfor andre næringsmidlar.

Studiar har vist at eit større utval av frukt medverkar til å utvide ungdomane sine preferansar på frukt (Schneider et al., 2006). Det vil og ha ein positiv effekt i høve til ernæring, då ein variasjon i inntaket vil gje ulike næringsstoff. Eit større utval og fleire sortar kvar dag var ein viktig faktor for at elevar på Skule 1 var meir tilfreds med ordninga etter at den vart gratis. Ved å ha mange ulike sortar fekk elevane fleire preferansar enn det som er vanleg i eit tradisjonelt skulefrukt-tilbod. Det er positivt med tanke på at elevane ikkje går lei av frukta, dei erfarar nye smakar, og det kan påverke haldningar i høve til frukta. Studie har vist at mange unge seier dei ikkje likar frukt

(Bugge, 2007). Ved å variere og ha stort utval kan det truleg medverke til at fleire vil ete. Dette kom og tydeleg fram under intervjuet, då nokre elevar sa at dei gjerne åt fleire sortar no. Variasjon var og, i fylgje Neumark-Sztainer et al. (1999), ein faktor som kunne påverke val av matvarer. Våren 2008 gjennomførte "Skolefrukt" ei ny undersøking som viste at utvalet hadde vorte dårlegare i høve til starten på skuleåret. På enkelte skular fekk dei kun to sortar frukt. Eit lite utval vil påverke tilbudet negativt. Elevane kan gå lei og det kan redusere inntaket. Sosial og helsedirektoratet (2004b) har laga ein oversikt over kvalitetskrava til den frukta som vert levert til skulane. I desse retningslinjene vert det vist til at vareutvalet skal vera variert og ingen elev skal ha same frukt eller grønnsak meir enn ein gong i veka (Vedlegg 1). Skule 2 tinga frukta gjennom ordresystemet til "Skolefrukt", og funna viste at retningslinjene ikkje vart fylgde. I den perioden undersøkinga føregjekk, hadde Skule 2 kun fire ulike sortar frukt på ei veke.

Undersøkinga til "Skolefrukt" viste at kvalitet er den viktigaste årsaka til at skulane er nøgde med ordninga. På begge skulane var elevane nøgd med kvaliteten på frukta, men på Skule 2 var det fleire som gav uttrykk for at dei hadde erfart noko dårleg frukt av og til. Skule 1 fekk levert frukta frå lokal grossist. Det kan ha innverknad på fruktkvaliteten, då den hadde vesentleg kortare transportveg enn frukta på Skule 2.

## **7.2 Innverknad på det sosiale miljøet**

### ***Måltid eller fruktpause***

I ei undersøking om ungdom og måltid (Bugge, 2000) vart det gjort eit skilje mellom individuelle og sosiale måltid. Individuelle måltid bestod av lettvinnt mat, med lite struktur i tid og rom. Det sosiale måltidet vart karakterisert som eit meir strukturert måltid i fellesskap, medan maten kunne vera lettvinnt eller ordentleg. Snacks vart og karakteristikkene på ein type måltid som ei individuell og lite strukturert hending. Fruktmåltidet kan karakteriserast som eit individuelt måltid. Sjølv om dette kan karakteriserast som eit individuelt måltid, er det og ei handling som for dei fleste føregår i fellesskap (Bugge & Døving, 2000). På den måten kan ein karakterisere fruktmåltidet som ei sosial handling. Det bind saman og skapar ein sosial situasjon. I

retningslinjer for skulemåltidet (Sh-dir, 2003) vert det lagt vekt på at måltidet sin sosiale funksjon skal ivaretakast. Etter at frukta er vorte ein del av skulematen, enten som sjølvstendig ”måltid” eller som ein del av brødmåltidet, er det viktig å ivareta den sosiale funksjon. Når skulemåltidet vert omtala, er det det tradisjonelle brødmåltidet i matpausen ein tenkjer på. Om lag 60 prosent av skulane som deltok i ”Skolefrukt” si undersøking serverte frukta i matpausen (Skolefrukt, 2008). Skulane i denne studien hadde valt å servere frukta i tida kring første pause, og det skapte ein ny situasjon for elevane og lærarar. Tida kring første pausen var omgjort frå å vera eit vanleg friminutt til å gje moglegheit for eit større fellesskap. Frukta vil ikkje vera eit fullverdig måltid ernæringsmessig, men kan medverke til å ha i seg det sosiale eit måltid inneber.

Med bakgrunn i at frukt og grønnsaker kan medverke til å skape sosiale situasjonar kunne det vera interessant å finne ut om det var på grunn av måltidssituasjonen. Når elevane snakka om måltidet var det; mengde mat, type mat, arenaen og tida som hadde noko å sei for kor vidt dei karakteriserte det som eit måltid. I Tolkdorf sin modell (Ropeid, 1985) over verdiar knytt til måltidet finn ein att mykje av det same. Tolkdorf kallar desse faktorane for terminale konstituentar og seier at det ein et og situasjonen (rom og tid) er hovudkonstituentane i måltidet. På Skule 2 karakteriserte dei fruktpausen meir som eit måltid enn på Skule 1. Det kan gjerne vera fordi dei åt eit heilt eple, medan dei andre berre tok ein bit. Når elevane opplevde fruktpausen som eit måltid, kan det kanskje vera fordi dei tenkte på det sosiale og kva frukta bringa med seg. Dette vert nærare omtal i neste kapittel.

### ***Sosial samhandling***

Ved begge skulane gav elevane uttrykk for at frukta til ein viss grad påverka det sosiale miljøet. Det sosiale miljøet var, i fylgje elevane, det å vera i lag og prate eller gjere ting i lag.

Funna viste at det var gutane på Skule 1 som i størst grad opplevde at frukta medverka til sosiale situasjonar. Gutar har tradisjonelt andre arenaer for sosial samhandling enn jentene (Frønes, 2006), og her opplevde dei ein ny arena der dei kunne prate utan å gjere anna.



I arbeidet med å utvikle sosial kompetanse blant elevane er det viktig å fokusere på det sosiale miljøet ved skulen (Nordahl, 2000). Den sosiale kompetansen til eleven er ein viktig faktor for at eleven skal trivast på skulen og for å kunne vera ein del av fellesskapet. Det var fleire elevar som sa at dei gjerne åt frukt fordi andre gjorde det. Det kan vera at ein får lyst på frukt når ein ser at andre et, eller det kan vera at ein et for å vera lik dei andre. Dette støttar fleire studie som viser til at det sosiale miljøet har mykje å sei for inntaket av frukt (Brug & van Lente, 2005 i Sandvik et al., 2007; Sandvik et al., 2005). Fruktpausen kan såleis vera ein ny arena for sosial læring. Dette vart og omtala under *Lærarmedverknad*.

Når elevane vert meir opplagde i timane vil det truleg og ha innverknad på det sosiale miljøet i klassen. Elevane jobbar ofte saman i grupper og er avhengige av kvarandre for å oppnå resultat. Ein opplagd og konsentrert elev vil kunne tilføre meir til gruppa. Det kan medføre mindre irritasjon og gje eit betre samarbeidsklima og sosialt miljø i klassen. ”Skolefrukt” si undersøking viste at frukta auka konsentrasjon blant elevane og det medverka til å skape eit betre sosialt miljø i undervisningssamanheng (Skolefrukt, 2008). Dette viste også funn frå Skule 1. Elevane følte at det vart rolegare og dei fekk eit betre arbeidsmiljø i timen etter fruktpausen.

Forsøk har vist at det i organiseringa av frukta bør leggjast vekt på både sosiale og trivselsmessige faktorar (Pederson et al., 2006). Undersøkinga til ”Skolefrukt” viste og at på skular der dei åt frukta inne var det fleire som var fornøgd. Funna tyder på at Skule 1 til ein viss grad hadde oppnådd det. Samtidig viste funna at utfordringane med hygiene øydelagde potensialet i å ha oppdelt frukt som skulle etast inne i klasserommet. Den sosiale kompetansen og relasjonane mellom elevane har mykje å sei for samhandlinga mellom elevane og trivselen i skulen (Nordahl, 2000).

Gutar og jenter har tradisjonelt hatt ulike arenaer for sosial samhandling. Medan gutane har hatt sin arena i samband med leik og aktivitet, har jentene i større grad vore opptekne av nære relasjonar og det å prate i lag (Frønes, 2006). Sjølv om jentene etter kvart kjem meir og meir inn på gutane sin arena, er det lite som tyder på at gutane går andre vegen. Funna viste at det var gutane på Skule 1 som i størst grad opplevde at frukta medverka til å skape sosiale situasjonar. Ei forklaring kan vera at jenter er meir

sosiale enn gutar og på den måten ikkje opplevde at frukta i særleg grad gjorde nokon skilnad.

### ***Personleg innverknad***

På begge skulane gav elevane uttrykk for at frukta var eit positivt innslag i kvardagen. Det i seg sjølv kan vera nok til å auke motivasjon for skulearbeidet og gjere skuledagen trivelegare for den einskilde elev.

Det kan vera mange ulike årsaker til mistrivsel i skulen. Ei forklaring kan vera at elevane ikkje føler at dei er på høgde sosialt og føler seg usikre i veneflokken. Evna til å ta kontakt og vise initiativ er viktige faktorar når dei unge skal etablere og behalde venskap. I denne samanheng var det ein elev som trekte fram frukta si rolle i høve til å ha noko til felles med dei andre og at det då vart lettare å oppsøkje andre. Kanskje kan det samanliknast med å kjøpe seg noko som andre i klassen har? Då vil ein føle seg meir lik og føle seg tryggare. Jenter og gutar opplever dette ulikt. Dette er gjerne meir eit jentefenomen, at ein skal vera lik for å kunne føle seg akseptert. Gutane har ikkje same behov for å vera lik dei andre i same grad som jentene. Dette handlar om den einskilde si sjølvkjensle. Skaalvik (2000) viser til forskning som seier at gutar har høgare sjølvkjensle enn jenter. Skilnadane viser seg ikkje nødvendigvis i læringssituasjonar i undervisningsamanheng, men meir i allmenne kulturelle forhold, som til dømes i pausane. Då er elevane kun seg sjølv og ingen lærar som ”passar på”. Elevar som ikkje alltid har nokon å vera saman med, vil føle at det er vanskeleg å gå inn i ei gruppe som dei ikkje er ein del av. Då kan gjerne fellesskapet i dette måltidet, det at alle et frukt, vera nok til at enkelte elevar får ”styrke” til å gå inn i gruppa. Dersom frukta fører til at enkelte elevar føler at dei meistrar den sosiale arenaen betre vil det styrke sjølvkjensla deira. Nordahl (2000) viser til at ei styrka sjølvkjensle påverkar elevane sine prestasjonar i skulen.

### 7.3 Målsetjinga med tilbodet

#### *Likt tilbod til alle*

Funna viste at elevane på begge skulane var godt nøgd med at det var gratis frukt og at det ikkje lenger var økonomi og prioriteringa til foreldra som avgjorde kven som skulle få. Det kom tydeleg fram at elevane var opptekne av at det skulle vera rettferdig.

Undersøkinga til "Skolefrukt" viste at skular med gratisordning var meir nøgde enn skular med abonnementsordning. Ein av faktorane som påverka dette var at det vart eit felles prosjekt for skulen og at lærarane syntes det var bra at alle fekk, ikkje berre dei som hadde abonnement (Skolefrukt, 2008). Eit felles prosjekt for skulen kan innan helsefremjande arbeid sjåast på som ein mulegheit til å ta tilbodet inn i skulen sine aktivitetar, og å gjere noko meir ut av det. Dette vart nærare omtala i kapittel 7.1 under *Lærarmedverknad*. Det kan takast inn i sjølve undervisninga som eit læremiddel. I Danmark vart dette gjennomført i samband med at elevane fekk gratis frukt og grønnsaker. Det vart utarbeida oppgåver i høve til ulike fag, til alle klassetrinn (Pederson et al., 2006).

Innføring av gratis frukt og grønt i skulen var eit av tiltaka i *Handlingsplan for et bedre kosthold* (Departementene, 2007) som skulle medverke til å utjamne sosiale skilnader. Gratis frukt og grønnsaker til alle vil og ha eit potensiale i høve til å skape sosiale arenaer der alle er likeverdige. Det vart vist til at abonnementsordninga medverka til å skape større skilje, og at ein nådde ikkje dei som trengte det mest. Tiltaket var ei oppfylgging av St.meld.nr. 16 (2006-2007)..og *ingen stod igjen. Fleire gode leveår for alle*. Fleire studiar har vist at det er ein klar samanheng mellom familien sin sosioøkonomiske status og inntak av frukt og grønnsaker (Kamphuis et al., 2006; Torsheim et al., 2004).

Funna viste at gutane kanskje åt meir frukt enn jentene, i motsetning til all anna teori og forskning i høve til ungdom sine matvanar (Bere, Brug & Klepp, 2007a). Tidlegare undersøkingar har vist at jenter har eit høgare inntak av frukt og grønnsaker enn gutar (Bugge, 2007, Øverby & Andersen, 2002). Ein amerikansk studie viste at kvinner sine kunnskapar om ernæring og om å halde vekta var viktige faktorar for at kvinner åt meir

frukt og grønnsaker enn menn (Baker & Wardle, 2003). Undersøkinga viste og at jentene ofte har rollemodellar som har eit sunt kosthald. Undersøkingar har vist at jenter opplever slankepress i tidleg ungdomsalder og at dette har utvikla seg i negativ retning dei seinare åra (Torsheim et al., 2004). Det kan og vera ein av grunnane til at jenter har større fokus på det sunne og et meir frukt enn gutane. Ei anna forklaring er at gutane ikkje likar frukt og grønt i same grad som jenter (Bere et al., 2007a). Målsetjinga i eit intervensjonsforsøk i USA var mellom anna å gje elevane fleire preferansar på frukt og grønnsaker. Elevane lærte seg å like nye sortar og vart meir fortrulege med å ete frukt og grønnsaker. Det vart ikkje sagt noko om skilnad på kjønn, men det kan tyde på at ved å gje gratis frukt og grønnsaker til elevane vil også gutane få fleire preferansar og ete meir etter kvart (Schneider et al., 2006).

Når det i denne studien kunne sjå ut til at gutane åt meir enn jentene, har det truleg ulike forklaringar ved kvar av skulane. Lite omsyn til hygiene medverka til at jentene hadde eit lågare inntak enn gutane ved Skule1. Det er ikkje noko som skulle tilsei at gutar ikkje er opptekne av hygiene, men ei forklaring kan vera at gutane ofte ikkje "bryr seg" så mykje som jentene. Dei var ikkje opptekne av kven som åt frukt og trudde at alle forsynte seg. Gutar er ofte meir aktive i pausane enn jentene, dei har eit større energiforbruk enn jentene, både på grunn av meir aktivitet og eit større basalforbruk. Det kan forklare at dei i større grad enn jentene såg nytten av å ete ei ekstra frukt på slutten av dagen. Då der ikkje var anna å ete, så vart frukta eit lite påfyll.

### ***Verkemiddel***

Dei fleste elevane på begge skulane hadde ei formeining om at gratis frukt skulle hjelpe dei til å bli meir konsentrert. På Skule 2 var dei spesielt opptekne av at dei skulle få gode karakterar for å kunne kome seg inn på vidaregåande skule. Dette kunne ha samanheng med at dei var inne i ein periode med tentamenar og at dei nettopp hadde søkt opptak til vidaregåande opplæring. På Skule 1 var ikkje dette fokusert på i same grad, der snakka elevane meir generelt om å bli konsentrert. Funna viste at gutane i større grad enn jentene var opptekne av at frukta var viktig for konsentrasjon. Gutar har ofte større sjølvoppfatning og større forventningar om meistring (Imsen, 2003). Jenter er ofte meir tilbaketrekte og viser mindre forventningar om å meistre. Ei empirisk

undersøking etter L-97, viser systematiske skilnader mellom kjønna i høve til eiga meistringforventning (Imsen, 2003).

Ei av grunngevingane for å innføre gratis frukt og grønnsaker, var at elevane skulle få eit betre læringsutbyte ved at dei fekk eit betre kosthald (Kunnskapsdepartementet, 2007). I den seinare tid har fleire forskingsresultat vist at ernæring og læring heng saman, og at tilgang på sunn mat i skuletida er viktig for å lære og for god helse i framtida (Florence et al.,2008). Erfaringar frå praksisfeltet viser òg tydelege samanhengar (Kunnskapsdepartementet, 2006). Det har vore mykje fokus på dårlege resultat i norsk skule. Norske skuleelevar scorar dårlegare enn elevar i våre naboland i mange fag. I skuledebatten har gratis skulemåltid vore diskutert som eit av tiltaka som kanskje kan gje betre resultat (Kunnskapsdepartementet, 2006a, St.meld.nr.30, 2005-2006). PISA-undersøkingar<sup>10</sup> viser til at Noreg er eit av OECD-landa som har størst problem med umotiverte elevar og uro i timane. I *Kunnskapsløftet* (2006) vart det utarbeida eit rammeverk for kvalitet; Læringsplakaten. Eit av punkta i denne er at skulen skal sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet skal fremje helse, trivsel og læring. Fysisk aktivitet, mat og drikke medverkar til å skape eit godt læringsmiljø og til at elevane får eit best mogeleg utbyte av opplæringa. Det er heimen som har ansvar for maten som vert teken med på skulen, men skulen har ansvar for å skape gode rammer for måltida (Sh-dir, 2003). Skulen kan og tilby mat og drikke, spesielt med tanke på dei som ikkje har med seg mat, men og som eit supplement, som til dømes frukt og grønnsaker (St.meld.nr 30, 2003-2004).

### ***Sunnare kosthald***

På bakgrunn av frukt og grønt sin førebyggjande effekt av livsstilsjukdomar, er det tilrådd å auke inntaket i alle aldersgrupper, men særleg i barne- og ungdomsalder. Det er den aldersgruppa som et minst frukt og grønnsaker. Samtidig som ein aukar inntaket av frukt og grønnsaker, vil inntaket av vitaminar, mineralar og fiber stige, medan inntaket av sukker og feitt vil gå ned (Andersen et al., 2004). Ungdomane som et meir frukt på

---

<sup>10</sup> PISA-undersøkinga: Programme for International Student Assessment

Eit internasjonalt prosjekt i regi av OECD som måler 15-åringar sin kompetanse i lesing, matematikk og naturfag.

skulen vil dermed få eit sunnare kosthald, slik samtlege av dei intervjuja elevane sa noko om. Dei trekte og fram at det kanskje vart mindre snoping, mindre brusdriking og mindre kjøp av fast-food etter at dei no hadde fått gratis frukt på skulen. Dette understøttar undersøkingar som er gjennomført om ungdom sitt kosthald (Andersen et al., 2004). Gratis frukt og grønnsaker vil såleis kunne karakteriserast som eit helsefremjande tiltak i skulen. Det er opp til kvar enkelt elev om han vil ete frukta, men tilrettelegginga frå det offentlege i høve til alle elevar gjer det lettare for elevane å gjere sunne val. På den måten er den enkelte elev med på å påverke faktorar i høve til eiga helse. Schneider et al.(2006) viste til at det var mest dei eldste elevane som såg samanhangen mellom helse og kosthald, og at dette hadde noko å sei for inntaket på skulen. Funna i denne studien tyder òg på at sunnheit og helse var ein av motivasjonsfaktorane for å ete frukta, då samtlege elevar sa noko om det å vera sunn. Det kan vera at elevane ved den skulen som hadde ein kiosk i nærleiken fekk ein større effekt av frukta i høve til kva dei elles ville ha ete i løpet av dagen. Andre studiar har vist at fokuset på helse ikkje åleine er nok til å få eit auka inntak. Det må sjåast i samanheng med andre faktorar som kan påverke inntaket (Bere et al., 2004b). Funna i denne studientyder på sosial læring har hatt innverknad på fruktinntaket,

Funna kan tyde på at elevane ved Skule 2 hadde betre frokostvanar enn elevane ved Skule 1. Ved Skule 1 var det mange fleire elevar som var tidleg oppe og hadde lenger reiseveg til skulen. Når ein må tidleg opp, vert det gjerne ikkje avsett tid til å ete frokost. Ved begge skulane var det elevar som sa at dårlege frokostvanar var ein grunn til at dei fekk frukt i første pausen. Undersøking om helsevanar blant barn og unge viser at ungdomsskuleelevar har mykje dårlegare frokostvanar enn barneskuleelevar (Torsheim et al., 2004). Det kom ikkje fram nokon tydelege skilnader i høve til medbrakt matpakke.

Fysisk aktivitet og måltid hadde vore eit satsingsområde ved Skule 2 i fleire år. Ein elev meinte at dei to tiltaka med frukt og fysisk aktivitet høyrde saman. Det kan tyde på at skulen har ei overordna målsetjing i høve til det helsefremjande arbeidet som når fram til elevane. Den daglege halvtimen med fysiske aktivitet vart nemnt av fleire når dei snakka om tid for å ete frukt. Ved Skule 1 hadde dei og ”fysisk aktivitet og måltid” som

satsingsområde, men dei hadde ikkje den daglege fysiske aktiviteten. Undersøkingar har vist at tiltak som har fleire ulike intervensjonar (Schneider et al., 2006; Pederson et al., 2006), gjev god effekt. I det helsefremjande arbeidet vert det og lagt vekt på at fleire aktørar må ”spele på lag” for å oppnå resultat. Som den eine eleven sa, kan det vera at elevane ser den helsemessige fordelten med frukt når det vert kopla saman med fysisk aktivitet. Mange i denne aldersgruppa deltek i idrett eller er fysisk aktive på andre måtar, og det vil og i den samanheng ofte verta fokusert på kosthald i samband med å kunne prestere.

## **8. SLUTTDISKUSJON OG KONKLUSJON**

I dette kapitlet vert det gjort ei oppsummering og ein konklusjon i høve til dei viktigaste funna i studien. Oppsummeringa vert gjort i samband med ei samanlikning av funn frå observasjon og intervju. Viktige funn vert og klargjort i høve til kjønnskilnader. Vidare følgjer kritiske refleksjonar til metodebruken. Til slutt vert det føreslege tema for vidare forskning

### **8.1 Samanlikning av funn frå observasjon og intervju**

Funna frå observasjon og intervju kan samanliknast på deler av studien. Det gjeld hovudsakleg innan organisering og presentasjon, men det er og gjort ei samanlikning i høve til sosial samhandling og sosial læring. Metodetriangulering i studien inneber at observasjon og intervju har fanga opp ulike sider ved desse fenomena. Det har gjeve betre grunnlag for å sei at funna er gyldige.

Samanfallande funn frå observasjon og intervju tyder på at organiseringa kring modellen med oppdelt frukt mangla struktur. Eit anna sentralt funn i samband med organiseringa var skulane sin manglande fokus på hygiene. Dette viste seg tydeleg både frå observasjon og intervju. Begge modellane kravde at elevane hadde ansvar for å ivareta hygien. I modellen med heil frukt fekk det ikkje synlege konsekvensar, då det var den enkelte elev som skulle ta ansvar for eigen hygiene. Der ein elev hadde ansvar i høve til alle dei andre, viste både observasjon og intervju at det hadde noko å sei for kor nøgd elevane var med tilbodet. Dersom ikkje overordna retningslinjer set tydelege krav til å ivareta hygien, vil det vera vanskeleg å gjennomføre det i klassen.

Konsekvensane av den mangelfulle hygiene kunne vera at frukta ikkje vart eten og ein oppnår ikkje den helsegevinsten for den einskilde elev, slik dette tilbodet er tenkt. Lite fokus på hygiene i retningslinjene vil og vera eit negativt signal i høve til at dette skal vera eit helsefremjande tiltak. Når Mattilsynet (2008) tilrår at all frukt skal vaskast, er det spesielt med tanke på mikroorganismar og fare for smittsame sjukdomar. Skulane må ta dette på alvor for å sikre eit trygt tilbod som elevane vil nytte.



Samanfallande funn frå observasjon og intervju viste at elevane stiller krav til kvaliteten. Frukta skal vera rein og frisk. Dette viste seg ved at frukta som låg att ikkje hadde den beste kvaliteten ved levering, eller den hadde tapt kvalitet på skulen. Grønsaker var stort sett fråverande i begge modellane. Dette viste seg under observasjon og i utsegner frå elevane. Det er påpeika i fleire studie at det ligg større utfordringar i få til eit auka inntak av grønnsaker. Modellen som hadde oppdelt frukt, har større mogelegheiter til å nytte grønnsaker. Fleire sortar grønnsaker kan delast opp og serverast til elevane, men utvalet vert avgrensa når frukt og grønnsaker vert servert heile. Grønsaker kan medverke til å gjere utvalet større og meir variert, både i høve til smak og ernæring.

Funna frå observasjon viste at det var stor skilnad i lærardeltakinga ved dei to modellane. Modellen med oppdelt frukt kravde at lærar deltok aktivt for at ordninga skulle fungere. Når frukta vart servert heil, fungerte ordninga utan at lærar var delaktig. Funn frå intervju viste liten skilnad mellom modellane. Det kan vera ulike årsaker til at det ikkje var samanfallande funn. Observasjon ein dag er eit lite grunnlag å trekkje konklusjon ut frå, medan elevane viser til det som er mest vanleg. Forskar til stades i klasserommet kan og vera ein faktor som påverkar læraren til å delta meir eller mindre enn andre dagar. Det vil og vera ulikt mellom lærarane, når det ikkje er konkrete retningslinjer for ansvar og frukta ikkje skal inngå i ein pedagogisk samanheng. Funn frå intervju viste at enkelte lærarar var meir delaktige enn andre og dette er ikkje mogeleg å observere på ein dag.

Ved den eine skulen var dagleg fysisk aktivitet forankra i skulen sine planar som ein del av den pedagogiske verksemda. Kompetanse er eit viktig for at nye satsingsområde innan skulen skal bli tekne på alvor. *Evalueringssrapport for fysisk aktivitet og måltider* (Samdal et al, 2006) viser til at deltakande skular har gjennomført kompetanseheving i mykje større grad innan fysisk aktivitet enn i høve til måltidet. I samband med dagens utfordringar i høve til barn, unge og overvekt vil skulen i framtida verta ein viktig arena for å fremje eit sunt kosthald. Kompetanse hjå nøkkelgrupper er ein av strategiane i *Handlingsplan for et bedre kosthold i befolkningen (2007-2011)* (Departementene, 2007). I den samanheng er lærarane ei viktig nøkkelgruppe i høve til helsefremjande

ernæringsarbeid i skulen. Studien har tidlegare vist til at lærarane og er viktige nøkkelpersonar når nye tiltak skal setjast i gang.

*Retningslinjer for skulemåltidet* (Sh-dir., 2003) peikar på at måltidet skal ivareta sosiale funksjonar. Gratis frukt og grønnsaker har eit potensiale til å fremje sosial læring. Funna viste at elevane åt frukt mellom anna fordi andre gjorde det, dei etterlikna andre. Dette er ei viktig drivkraft i prosessane i sosial læring. Motivasjon til å ete frukt kan vera at ein inngår i eit fellesskap. Motivasjon kan og vera at ein innfrir forventningar til eiga meistring, til dømes at enkelte hadde lært seg å like nye sortar eller at dei nærma seg nærma seg målet med "5 om dagen". Då læraren i stor grad er ein rollemodell, vil hans haldningar og handlingar vera førebilete for elevane. Elevane vil og vera rollemodellar for kvarandre. Det er særleg nokon ein identifiserer seg med og som ein oppfatar som truverdig. Dette er sentrale trekk i det Bandura kallar modell-læring (Befring, 1994). Funn frå modellen med oppdelt frukt viste at lærar kunne medverke til læring som fremjar god sosial samhandling. Døme på dette er når læraren seier "*ingen får forsyne seg før frukta er klar*" og "*det skal seiast værsågod*". I motsetning til slik sosial læring som er helsefremjande, vil til dømes manglande hygiene ved oppdeling av frukta vera meir hemmande enn fremjande for elevane si helse.

## **8.2 Skilnader mellom kjønna**

Før oppstart av studien var eg kjent med at det har vore ein skilnad mellom kjønns i høve til inntak av frukt (Andersen et al, 2004, Bugge, 2007). Det vart difor vurdert som interessant å sjå korleis skilnaden mellom kjønna kunne arte seg i høve til gratisordninga i skulen.

Fleire jenter enn gutar ynskte å delta på intervju. Det kan vera eit uttrykk for at jentene er meir opptekne av tilbodet. Det kan og vera at jentene generelt er meir interesserte i å delta i ein samtale. Det viste seg under intervjuet at jentene hadde lettare for å snakke om eit tema, utan at konkrete spørsmål vart stilt. Gutane trengde i større grad oppfylging på spørsmål.

Studien har vist at i modellen som hadde oppdelt frukt var jentene kritiske til organiseringa av frukta. Det har sitt utspring i at det ikkje vart teke nok omsyn til personleg hygiene og vasking av frukta. Observasjon viste at det var flest gutar som åt av frukta der den var oppdelt, medan funn frå intervjua kan tyde på at det ved begge skulane var flest gutar som åt.

Vidare viser studien at det er fleire faktorar som ligg til grunn for skilnader mellom kjønna. Funn frå intervjua kan tyde på at jentene legg større vekt på at frukta er viktig for å skape ein sunn livsstil. Vekt, kropp, vitaminar, slanking og ”5 om dagen” er stikkord frå intervjua som ligg til grunn for dette funnet. Gutane var i større grad opptekne av frukta si rolle i høve til konsentrasjon og læring.

Eit interessant funn i studien er at gutane i sterkare grad opplevde at fruktpausen vart ein ny sosial arena. Både intervju og observasjon ligg til grunn for å meine dette. Dette funnet gjeld modellen med oppdelt frukt, det kom ikkje fram der dei hadde heil frukt.

### **8.3 Metodekritikk**

Respondentane var elevar der foreldra hadde gjeve informert samtykkje. Dette kan innebere at det var elevar som kom frå heimar som var opptekne av helse og frukta si rolle i kosthaldet. Det kan og vera elevar som i hovudsak ynskte å delta fordi dei var opptekne av tilbodet og hadde nyanserte meiningar om fruktordninga som dei ville få fram. På den måten var det mindre sjanse for å få fram breidda på det elevane meinte. For å motverke eit mogeleg einseitig utval, vart utvalet sett saman av tilfeldig utvalde elevar. Ved å velje ut tilfeldige elevar kunne ein og unngå at lærarar kunne påverke kven som skulle vera med. Dei ville gjerne ynskje å ha med elevar som var positive til tilbodet. I intervjuundersøkingar vil det alltid vera vanskeleg å få til eit utval der alle elevgrupper er representert.

Observasjon over fleire dagar ville gjeve eit meir nyansert innblikk i korleis ordninga vart organisert og korleis den enkelte elev mottok tilbodet. Det ville gjeve mogelegheiter for å gjere eit grundigare studie av den sosiale samhandlinga mellom

elevane. Observasjon skulle hovudsakleg danne ein bakgrunn for å sjå korleis frukt og grøntordninga vart organisert og presentert for elevane. Den skulle gje betre føresetnad for å forstå det elevane snakka om i intervjuet og kunne stille gode oppfylgningsspørsmål. Observasjon hadde ikkje som målsetjing å studere dei nære relasjonar. Ut frå dette vart det vurdert som tilstrekkeleg med ein dag observasjon.

Det var stor skilnad mellom skulane, i høve til antal elevar som ynskte å delta på intervju. Ei mogeleg forklaring kan vera at dei ved ein av skulane hadde eit sterkt fokus på helsefremjande arbeid gjennom den daglege fysiske aktiviteten. Det kan medverke til at elevane hadde større fokus på kosthald. Ei anna årsak kan vera at det var forholdsvis fleire jenter i den klassen som viste størst interesse for å delta, og at dette gav grunnlag for fleire respondentar. Det er tidlegare vist til skilnadar mellom kjønna i høve til frukt/grøntinntak, kosthald og helse.

Atmosfæren og stemninga kring intervjuet vil ha noko å sei for kva slags kunnskap som kom fram. Eg fekk inntrykk av at elevane var avslappa i rolla som respondent. Det varierte mellom elevane kor mykje dei sa om dei enkelte tema i intervjuet, men eg fekk eit inntrykk av at dei meddelte sine sanne meiningar. Det er eit viktig moment som gjer studien meir påliteleg.

Elevane sine utsegner viste at dei på mange område var samstemte i høve til korleis dei opplevde fruktordninga. Deira utsegner er òg på fleire område støtta av funn som vart gjort under observasjon. Dette styrkar studien sin indre validitet. Den ytre validiteten vert styrka av at resultat er samanfallande med funn frå andre undersøkingar og kan relaterast til annan teori. Det er grunn til å stille spørsmål ved funn som avvik frå andre forskingsresultat. Dette gjeld især funna kring skilnadar i fruktinntaket hjå gutar og jenter.

I kvalitative studie er det ikkje grunnlag for å generalisere dei funna ein kjem fram til. Derimot er det grunnlag for å sjå på om funna kan overførast til å gjelde til andre samanhengar enn der studien er gjennomført (Malterud, 2003). I fyrste rekkje vil funna ha ein verdi for dei skulane som deltok i studien. Overføringsverdien kan liggje i at

andre skular kan kjenne seg att i utfordringar som organiseringa av dette tilbodet har. Studien kan medverke til å vise kva slags problem som kan oppstå og som skulane må finne løysingar på. Ei av målsetjingane ved studien var å medverke til ei styrking av tilbodet. Elevane sin bodskap kan synleggjere ulike sider ved organiseringa frukt- og grøntordninga som kan vera nyttige innspel i høve til retningslinjer for ordninga.

## 8.4 Konklusjon

I oppgåva sin undertittel har eg stilt spørsmålet:

*Gratis frukt og grønnsaker i skulen. Eit tilbod som fremjar helse og sosial samhandling?*

Dette spørsmålet var ikkje stilt då studien starta. Gjennom prosessen frå innhenting av data til framstilling av resultatata, har det vist seg som eit overordna spørsmål i høve til:

Problemstilling 1:

*Korleis vert gratis frukt og grønnsaker organisert og presentert for elevane i skulen?*

Problemstilling 2:

